



Styring og engasjement

Følgjeevaluering av lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK), statusrapport

OLA K. BERGE, BENT ASLAK BRANDTZÆG OG SOLVEIG SVARDAL

TF-rapport nr. 286

2011

TF-rapport

| | |
|------------------------|---|
| Tittel: | Styring og engasjement. Følgjeevaluering av lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK), statusrapport. |
| TF-rapport nr: | 286 |
| Forfatar(ar): | Ola K. Berge, Bent Aslak Brandtzæg og Solveig Svardal |
| År: | 2011 |
| Gradering: | Open |
| Talet på sider: | 182 |
| Framsidedfoto: | Mannen fra havet, Killi Olsen. Skulpturlandskap Nordland. |
| ISBN: | 978-82-7401-433-6 |
| ISSN: | 1501-9918 |
| Pris: | Kr 340,- Kan lastast ned gratis som pdf frå telemarksforskning.no |

| | |
|---------------------------|---|
| Prosjekt: | Følgjeevaluering av Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) |
| Prosjektnr.: | 20100270 |
| Prosjektleder: | Solveig Svardal |
| Oppdragsgivar(ar): | KRD |

Resymé:

Rapporten gir ein oversikt over korleis fylkeskommunane arbeider for å støtte kommunane sitt utviklingsarbeid og korleis dei arbeider for å utvikle attraktive lokalsamfunn. Vi har også sett på korleis dei vurderar seg sjølve som støttespelarar og samordnarar av slikt arbeid, og korleis kommunane vurderar fylkeskommunane sin innsats. Den tydelegaste konklusjonen er at dei fylka som får den regionale partnerskapen til å fungere også fungerer best når det gjeld å få til utviklingsarbeid i kommunane.

Telemarksforskning, Boks 4, 3833 Bø i Telemark. Org. nr. 948 639 238 MVA

Føreord

Denne rapporten formidlar resultat frå ei statuskartlegging av lokal samfunnsutvikling i kommunane. Arbeidet er gjennomført på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet, som ein del av følgjeevalueringa av den 5-årige stasinga LUK (Lokal samfunnsutvikling i kommunane).

Følgjeevalueringa av LUK omfattar tre delar; denne statuskartlegginga ved oppstart av satsinga, ei prosessevaluering med læringsarenaer retta mot fylkeskommunane, i heile LUK-perioden, og til slutt ei sluttkartlegging, der planen er å kunne vurdere resultat av satsinga. Oppdragsgjevar har valt å gi oppdraget med å gjennomføre desse tre delane til eitt konsortium, som omfattar Telemarksforsking og Arbeidsforskningsinstituttet.

For oss har det vore viktig å bruke ulike medarbeidarar på dei ulike delane, for å redusere mulige problem som kan oppstå ved at vi kan kome til å evaluere eigen innsats, ettersom resultata av LUK vil vere avhengige av kor god læring vi har fått til i prosessevalueringa undervegs i satsinga. Bent A. Brandtzæg har hatt ansvar for utforminga av spørsmål og intervjuguidar, medan Ola K. Berge har gjennomført alle intervju og hatt hovudtyngda av arbeidet med å analysere og presentere funna i denne rapporten.

Vi har hatt eit konstruktivt og godt samarbeid med oppdragsgjevar, ved Tore Vabø, og referansegruppa for prosjektet, både ved utforminga av spørsmål til telefonintervju og kommunesurvey, og i drøftinga av resultata. Takk til alle for det.

Vi takkar også informantane i fylkeskommunane som har stilt opp og gitt arbeidet vårt uvurderleg informasjon. Tilsvarende takk går til alle i kommunane som har svara på tilsendt spørjeskjema.

Bø, 15.03.2011

Solveig Svardal

Prosjektleder

Innhold

| | |
|--|----|
| Føreord | 3 |
| Samandrag | 12 |
| Statuskartlegginga av Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) | 12 |
| Korleis vurderer fylkeskommunen eige arbeid? | 14 |
| Korleis vurderer fylkeskommunane kommunane sitt arbeid? | 14 |
| Korleis vurderer kommunane eige arbeid? | 15 |
| Korleis vurderer kommunane fylkeskommunane sitt arbeid? | 18 |
| 1. Innleiing | 20 |
| 1.1 Formålet med statuskartlegginga..... | 21 |
| 1.2 Sentrale forskingsspørsmål | 22 |
| 1.3 Mål og resultatindikatorar | 23 |
| 2. Metode | 26 |
| 2.1 Intervju med informantar i fylkeskommunen..... | 26 |
| 2.2 Spørjeundersøkinga - ”kommunesurveyen” | 28 |
| 3. Fylkesvis presentasjon og analyse av data | 30 |
| 3.1 Rettleiing til lesing av tabellane | 30 |
| 3.2 Akershus | 31 |
| 3.2.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 31 |
| 3.2.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 32 |
| 3.2.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 36 |
| 3.2.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 38 |

| | | |
|-------|--|----|
| 3.3 | Aust-Agder | 41 |
| 3.3.1 | Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 41 |
| 3.3.2 | Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 42 |
| 3.3.3 | Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 44 |
| 3.3.4 | Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 48 |
| 3.4 | Buskerud | 49 |
| 3.4.1 | Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 49 |
| 3.4.2 | Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 51 |
| 3.4.3 | Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 53 |
| 3.4.4 | Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 56 |
| 3.5 | Finnmark..... | 58 |
| 3.5.1 | Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 58 |
| 3.5.2 | Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 60 |
| 3.5.3 | Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 61 |
| 3.5.4 | Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 63 |
| 3.6 | Hedmark..... | 64 |
| 3.6.1 | Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 64 |
| 3.6.2 | Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 66 |
| 3.6.3 | Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 68 |
| 3.6.4 | Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 70 |
| 3.7 | Hordaland..... | 72 |
| 3.7.1 | Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 72 |
| 3.7.2 | Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 73 |

| | | |
|--------|--|-----|
| 3.7.3 | Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 75 |
| 3.7.4 | Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 77 |
| 3.8 | Møre og Romsdal..... | 78 |
| 3.8.1 | Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 78 |
| 3.8.2 | Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 79 |
| 3.8.3 | Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 81 |
| 3.8.4 | Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 84 |
| 3.9 | Nordland..... | 85 |
| 3.9.1 | Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 85 |
| 3.9.2 | Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 87 |
| 3.9.3 | Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 89 |
| 3.9.4 | Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 91 |
| 3.10 | Nord-Trøndelag | 92 |
| 3.10.1 | Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 92 |
| 3.10.2 | Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 93 |
| 3.10.3 | Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 95 |
| 3.10.4 | Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 98 |
| 3.11 | Oppland | 99 |
| 3.11.1 | Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 99 |
| 3.11.2 | Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 101 |
| 3.11.3 | Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 102 |
| 3.11.4 | Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 105 |
| 3.12 | Rogaland..... | 107 |

| | |
|---|-----|
| 3.12.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 107 |
| 3.12.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 108 |
| 3.12.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 110 |
| 3.12.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 112 |
| 3.13 Sogn og Fjordane..... | 114 |
| 3.13.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 114 |
| 3.13.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 115 |
| 3.13.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 117 |
| 3.13.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 120 |
| 3.14 Sør-Trøndelag | 121 |
| 3.14.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 121 |
| 3.14.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 122 |
| 3.14.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 124 |
| 3.14.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 127 |
| 3.15 Telemark | 128 |
| 3.15.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 128 |
| 3.15.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 130 |
| 3.15.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 132 |
| 3.15.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 135 |
| 3.16 Troms..... | 136 |
| 3.16.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 136 |
| 3.16.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 138 |
| 3.16.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 139 |

| | |
|---|------------|
| 3.16.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 141 |
| 3.17 Vest-Agder | 142 |
| 3.17.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 142 |
| 3.17.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 143 |
| 3.17.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 146 |
| 3.17.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 149 |
| 3.18 Vestfold..... | 150 |
| 3.18.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 150 |
| 3.18.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 151 |
| 3.18.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 153 |
| 3.18.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 155 |
| 3.19 Østfold..... | 156 |
| 3.19.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse..... | 156 |
| 3.19.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse | 157 |
| 3.19.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør | 159 |
| 3.19.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør | 161 |
| 4. Overordna drøfting og konklusjonar | 164 |
| 4.1 Det fylkeskommunale perspektivet på lokal og regional samfunnsutvikling | 164 |
| 4.2 Det kommunale perspektivet på lokal og regional samfunnsutvikling | 167 |
| Litteratur | 174 |
| Vedlegg 1 | 176 |
| Vedlegg 2 | 180 |

Samandrag

I St. meld. nr 25 (2008-2009) Lokal vekstkraft og framtidstru er aktivt lokalt utviklingsarbeid og utvikling av attraktive lokalsamfunn i kommunane løfta fram som viktig for å nå hovudmålet i distrikts- og regionalpolitikken. Kommunane har ei nøkkelrolle i å utvikle attraktive lokalsamfunn, anten det gjeld arbeidsplassar, infrastruktur, tenestetilbod, gode bu- og sentrumsområde, fritidstilbod, inkludering av tilflyttarar, eller å bringe fram ressursar i innbyggjarane.

For å nå dette målet, etablerte KRD i 2009 satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK). Satsinga er planlagt å gå over 5 år frå 2010, og skal styrke fylkeskommunane si rolle som rettleiar, koordinator og støttespelar i kommunane sitt arbeid med å byggje attraktive lokalsamfunn. LUK skal sette kommunane i enda betre stand til å planlegge, mobilisere, samarbeide om og gjennomføre utviklingstiltak.

For å bidra til å utvikle LUK og gjere effekten av satsinga best mogleg er det sett i gang ei følgjeeevaluering av LUK. Hovudtyngda av denne evalueringa er prosess- og læringsarenaer retta mot fylkeskommunane. I tillegg omfattar den ei oppstartkartlegging av lokal samfunnsutvikling i kommunane, og ei planlagt sluttkartlegging for å måle effekten av satsinga.

Statuskartlegginga av Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)

Føremålet med statuskartlegginga er både:

- å gi kunnskapsgrunnlag som kan inspirere til å vidareutvikle eller utforme nye arbeidsformer i satsinga, og
- å danne eit referansepunkt for ei resultatevaluering av satsinga på eit seinare tidspunkt

Kommunal- og regionaldepartementet, som er oppdragsgjevar for følgjeeevalueringa av LUK, har bede om ei kartlegging av

- fylkeskommunane sitt arbeid med å støtte, gi råd og samordne i forhold til kommunene sitt arbeid med å utvikle attraktive lokalsamfunn.
- korleis kommunane arbeider med planlegging, mobilisering, samarbeid om og gjennomføring av utviklingstiltak for å utvikle attraktive lokalsamfunn.
- behov for og vurdering av fylkeskommunane si støtte, rådgjeving og samordning sett frå kommunane sin ståstad.

Oppdraget inneber dermed to perspektiv og fire forskingsspørsmål:

Fylkeskommuneperspektivet:

- Fylkeskommunane si vurdering av korleis dei arbeider med å støtte, gi råd og samordne i forhold til kommunane sitt arbeid med å utvikle attraktive lokalsamfunn
- Korleis fylkeskommunane vurderer at kommunane arbeider med planlegging, mobilisering, samarbeid om og gjennomføring av utviklingstiltak for å utvikle attraktive lokalsamfunn

Kommuneperspektivet:

- Kommunane si vurdering av korleis dei sjølve arbeider med planlegging, mobilisering, samarbeid om og gjennomføring av utviklingstiltak for å utvikle attraktive lokalsamfunn
- Kommunane si vurdering av kva for behov dei har for støtte, rådgjeving og samordning og korleis dei vurderer fylkeskommunen si støtte, rådgjeving og samordning

Undersøkinga har vore todelt; eit elektronisk spørjeskjema til alle landets kommunar, ved rådmannen, samt telefonintervju med samtlige LUK-ansvarlege i 18 fylke (Oslo har sjølv meldt frå om at dei ikkje vil delta i satsinga). 225 kommunar har svart på det elektroniske spørjeskjemaet, noko som tilsvarar ein svarprosent på 52,4. Mellom fylka varierer svarprosenten frå 36,0 % i Troms til 64,3 % i Vest-Agder.

Korleis vurderer fylkeskommunen eige arbeid?

Fleire av fylkeskommunane peikar på at mest alt arbeidet fylkeskommunen driv med handlar om å utvikle attraktive lokalsamfunn. Dei har difor vanskar med å spesifisere både kor mykje ressursar dei brukar på, og kor mange avdelingar eller team som er involvert i, arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Utfordringa kan ofte vere knytt til å samordne aktivitetane som er retta mot kommunane, og slik også unngå å konkurrere om kommunane sine avgrensa ressursar. Fylkeskommunane har mange ulike aktivitetar og prosjekt dei meiner skal kunne bidra til at kommunane blir betre til å drive lokalt utviklingsarbeid, frå støtte til gjennomføring og finansiering av enkeltprosjekt til bidrag i tyngre planprosessar.

Gjennom den regionale partnerskapen blir det skapt arenaer for samordning av økonomisk og fagleg støtte til kommunane, og fylkeskommunane legg i aukande grad vekt på å skape ulike interkommunale eller tverrsektorielle fora. Dei fylka som har drive slike prosessar over tid synest også å ha kommunar som er mest nøgde med fylkeskommunes arbeid.

Fylkeskommunane er generelt fornøgd med eigen kompetanse. Kapasitetsmessig er dei fylkesvise skilnadane noko større, fleire melder at dei i mindre grad enn dei ynskjer t.d. har kapasitet til å reise ut i kommunane for å bistå utviklingsarbeidet der. Mange er dessutan svært opptekne av og medvetne ulike formar for samordning og samhandling: På tvers av forvaltningsnivå (mellom fylkeskommune og kommune, innan den regionale partnerskapen osv.) og internt, på tvers av avdelings-, fag-, og sektorgrenser. I det heile er tverrfagleg kunnskap og transparens viktig for mange av informantane. Fylkeskommunar der dette ikkje har hatt like høgt fokus, ser i stadig aukande grad behovet for dette. Med tanke på LUK-satsinga sitt hovudfokus, må slik regional og lokal, intern og ekstern samordning vere av aller høgste prioritet. Utan dette kjem ikkje korkje utviklingskapasiteten eller utviklingskompetansen opp på eit tilfredsstillande nivå.

Korleis vurderer fylkeskommunane kommunane sitt arbeid?

Fylkeskommunane si vurdering av korleis kommunane arbeider heng nært saman med den innsatsen dei rettar mot kommunane. Fleire fylke har gjennomført eigne

kartleggingar og undersøkingar av kommunane sine behov, og prøver å innrette tilbodet sitt til kommunane etter denne etterspurnaden. Dei peikar særleg på at mange kommunar slit med å få gjennomført pålagde planoppgåver, og at dette problemet vil forsterkast når dei nye krava om kommunale og regionale planstrategiar skal settast ut i livet. Utfordringane knytt til å utarbeide, delvis lovpålagde, planar heng ofte saman med problem med å skaffe kompetente fagfolk. Fylkeskommunen oppfattar mange små kommunar som mindre attraktive arbeidsplassar, fordi dei har små og sårbare fagmiljø. Samarbeid på tvers av kommunar kan bidra til løysing på dette feltet. Fylkeskommunane prøver å bidra gjennom planfora, styrings- og referansegrupper, samt prosjekt som støttar opp under lokale og regionale strategiar.

Fylkeskommunane peikar også på økonomiske utfordringar, problem knytt til å følgje opp pressområde med tilstrekkelege investeringar i offentlege tenester og krav om å løyse stadig fleire statlege oppgåver som årsak til at utviklingsarbeid og kompetanse til slikt arbeid blir nedprioritert.

Korleis vurderer kommunane eige arbeid?

Kommunane vurderer sin eigen kompetanse i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn som god, særleg innafor planlegging og etablering av nettverk/samarbeid. Dei gjer ei noko svakare vurdering av kompetansen knytt til gjennomføring av planar og til mobilisering. Kapasiteten vurderer dei å vere middels.

Tre av fire kommunar meiner dei har klare strategiar og mål knytt til utvikling av attraktive lokalsamfunn, og at desse til ein viss grad er forankra i kommunale planar. I den grad dei er forankra i slike planar, er det særleg i kommuneplanens arealdel og samfunnsdel og i kommunedelplanar.

Kommunane er i stor grad medvitne om at dei har særskilte natur- og kulturressursar som dei utnyttar som eit fortrinn i arbeidet med attraktive lokalsamfunn. Ein analyse av kva for typar ressursar dette er, tyder likevel på at det særleg dei trekker fram likevel ikkje er så spesielt, og dermed mindre eigna til å skape interesse for eller skilje den eine kommunen frå den andre. Dei fleste kommunane i landet trekker fram flott natur. Dei har heller ingen klar oppfatning av kva som skal til for å

få til eit best mogleg samspel mellom miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping.

Kommunane meiner dei i stor grad greier å trekke med næringsliv (særleg reiseliv), ”folk flest”, skular og barnehagar, eldsjeler og frivillige organisasjonar med i utviklingsarbeidet. Hytteeigarar, innflyttarar og grunderar i mindre grad, og i aller minst grad innvandrarar. Dei ulike aktørane blir involvert på ulike måtar. Folkemøte og høyringar er særleg viktig arena for eldsjeler, frivillige organisasjonar, innflyttarar og folk flest. Barnehagar og skular blir særleg trekt inn i ulike typar prosjektarbeid. Det same gjeld for grunderar og næringsliv, der også nettverk og faste møteplassar spelar ei viktig rolle. Kommunane ønskjer seg jamt over større engasjement og grad av deltaking frå dei ulike aktørane. Berre 1 av 3 deltar i nasjonale program eller prosjekt, som er tilsvarande omfang som for internasjonale prosjekt.

Tabell 1: Kommunane si eigenvurdering. Gjennomsnitt fordelt på fylke, regionar, små, mellomstore og store kommunar og landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Akershus | Aust-Agder | Buskerud | Finnmark | Hedmark | Hordaland | Møre og R. | Nord-Tr. | Nordland | Oppland | Rogaland | Sør-Tr. | Sogn og Fi. | Telemark | Troms | Vest-Agder | Vestfold | Østfold | Sør | Vest | Aust | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|---|----------|------------|----------|----------|---------|-----------|------------|----------|----------|---------|----------|---------|-------------|----------|-------|------------|----------|---------|------|------|------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 5,0 | 4,0 | 4,9 | 3,3 | 4,5 | 4,5 | 3,9 | 4,7 | 4,1 | 4,7 | 4,5 | 4,5 | 3,8 | 4,6 | 3,9 | 4,5 | 4,7 | 5,3 | 4,4 | 4,2 | 4,9 | 4,1 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 5,5 | 5,9 | 4,5 | 3,4 | 4,5 | 4,8 | 4,3 | 3,7 | 4,0 | 4,5 | 4,3 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 4,8 | 4,3 | 4,3 | 5,0 | 4,8 | 4,4 | 4,8 | 4,1 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,3 | 3,9 | 3,6 | 3,8 | 4,4 | 4,1 | 3,7 | 3,5 | 3,6 | 3,8 | 4,4 | 3,7 | 4,1 | 4,1 | 4,3 | 3,8 | 4,2 | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 3,8 | 4,3 | 3,3 | 4,2 | 4,1 | 3,9 | 4,0 | 3,9 | 3,9 | 4,2 | 3,9 | 3,8 | 4,2 | 4,0 | 4,9 | 4,4 | 4,5 | 4,3 | 4,0 | 4,3 | 3,8 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,0 | 4,5 | 4,0 | 3,8 | 4,1 | 3,8 | 3,4 | 3,9 | 3,9 | 4,1 | 4,3 | 4,5 | 4,0 | 4,2 | 4,0 | 4,3 | 4,4 | 4,1 | 4,1 | 4,2 | 4,0 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 3,0 | 3,6 | 3,1 | 3,2 | 3,8 | 2,6 | 2,8 | 3,3 | 3,3 | 2,8 | 3,7 | 3,1 | 2,6 | 2,9 | 3,7 | 2,7 | 3,4 | 3,0 | 3,1 | 3,5 | 3,2 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,7 | 4,1 | 4,5 | 4,1 | 3,8 | 4,4 | 4,0 | 4,1 | 3,7 | 4,3 | 4,0 | 4,3 | 4,2 | 3,6 | 3,7 | 4,2 | 3,9 | 4,5 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 5,3 | 4,1 | 5,4 | 4,0 | 3,8 | 4,8 | 4,6 | 4,7 | 3,9 | 4,6 | 4,8 | 4,9 | 4,7 | 4,9 | 3,8 | 4,6 | 3,9 | 4,6 | 4,4 | 4,7 | 4,7 | 4,2 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 5,4 | 4,6 | 5,1 | 3,9 | 4,5 | 4,7 | 3,9 | 4,2 | 4,3 | 4,6 | 4,2 | 4,6 | 4,4 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 4,6 | 5,0 | 4,3 | 4,3 | 4,9 | 4,2 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 63,6 | 50,0 | 90,9 | 50,0 | 83,3 | 81,3 | 60,0 | 84,6 | 68,2 | 71,4 | 91,7 | 85,7 | 63,6 | 70,0 | 88,9 | 44,4 | 85,7 | 100 | 62,5 | 74,1 | 82 | 75,5 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 20,0 | 25,0 | 44,4 | 37,5 | 50,0 | 35,7 | 15,0 | 50,0 | 31,8 | 35,7 | 33,3 | 42,9 | 36,4 | 40,0 | 33,3 | 33,3 | 50,0 | 50,0 | 37,1 | 30,1 | 40,0 | 39,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 50,0 | 25,0 | 33,3 | 50,0 | 50,0 | 21,4 | 10,0 | 35,7 | 30,0 | 21,4 | 25,0 | 7,1 | 20,0 | 45,5 | 22,2 | 33,3 | 28,6 | 40,0 | 33,1 | 19,1 | 39,0 | 29,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,2 | 5,1 | 4,6 | 3,7 | 4,0 | 5,0 | 4,0 | 4,6 | 3,9 | 4,1 | 3,6 | 4,4 | 3,8 | 3,2 | 4,0 | 4,4 | 4,7 | 4,4 | 4,4 | 4,1 | 4,3 | 4,1 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinsti-tusjonar og frivillige lag er involvert? | 66,7 | 37,5 | 60,0 | 50,0 | 41,7 | 73,3 | 52,9 | 76,9 | 50,0 | 69,2 | 50,0 | 64,3 | 27,3 | 45,5 | 44,4 | 62,5 | 71,4 | 60,0 | 54,2 | 50,9 | 59,5 | 57,1 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |
| Snitt av alle verdier | 4,7 | 4,3 | 4,5 | 3,6 | 4,0 | 4,5 | 3,9 | 4,0 | 3,8 | 4,2 | 4,0 | 4,4 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 4,3 | 4,1 | 4,5 | 4,2 | 4,1 | 4,4 | 4,0 | 4,2 | 4,7 | 4,2 | |

Korleis vurderer kommunane fylkeskommunane sitt arbeid?

Kommunane meiner det er stort behov for meir sektorovergripande verkemiddel som ser ulike former for utvikling og verdiskaping i samanheng, heile 48 % meiner dette i stor grad eller i svært stor grad.

Ser me på landet under eitt er kommunane middels fornøgde med fylkeskommunane sitt arbeid med og rolle i å styrke arbeidet med lokal samfunnsutvikling i kommunane. Heile 51 % meiner at samarbeidet mellom kommunane og fylkeskommunen har eit stort forbettringspotensial. 14 av 18 fylke er einige i påstanden.

På ein skala frå 1 til 6 gir kommunane fylkeskommunen middels score på følgjande påstandar:

- Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar (3,7)
- Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglege og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte (3,4)
- Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema (3,3)
- Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene (3,5)
- Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn (3,7)

Kommunane meiner likevel at fylkeskommunen er ein viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn, sjølv om dei også hevdar at dei delvis manglar kapasitet og kompetanse til å kunne støtte opp kommunane på ein god måte, og at dei i liten grad bidrar med kompetanse som er av nytte for kommunane sitt utviklingsarbeid. Unntaket her er når det gjeld oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt. Når det kjem til den praktiske deltakinga i internasjonale program scorar fylkeskommunen dårleg. Ser me på landet under eitt er kommunane mest misfornøgde med at fylkeskommunen i liten grad tek rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane. er kommunane mest misfornøgde med at fylkeskommunen i liten grad tek rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane.

Det er store skilnader mellom fylka. Akershus, Sør-Trøndelag og Vestfold er minst fornøgde med fylkeskommunen. Hedmark, Nord-Trøndelag og Østfold er mest nøgde. Me ser også tydelege skilnader mellom folketalsmessig små og store kommunar. Dei store kommunane er meir misfornøgde med fylkeskommunen.

Tabell 2: Kommunane si vurdering av fylkeskommunen. Gjennomsnittstal fordelt på fylke, regionar, små, mellomstore og store kommunar og landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Akershus | Aust-Agder | Buskertud | Finnmark | Hedmark | Hordaland | Møre og R. | Nordland | Nord-Tr. | Oppland | Rogaland | Sogn og Fi. | Sør-Tr. | Telemark | Vest-Agder | Trons | Vestfold | Østfold | Sør | Vest | Aust | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------------|-----------|----------|---------|-----------|------------|----------|----------|---------|----------|-------------|---------|----------|------------|-------|----------|---------|-----|------|------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 3,1 | 4,6 | 4,2 | 3,7 | 4,6 | 4,4 | 4,2 | 4,0 | 4,4 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 3,4 | 4,4 | 4,1 | 4,3 | 3,0 | 3,9 | 4,0 | 4,2 | 4,0 | 3,9 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,1 | 3,5 | 3,1 | 2,7 | 3,3 | 3,3 | 3,5 | 3,5 | 3,1 | 3,3 | 3,1 | 3,4 | 3,2 | 3,7 | 4,0 | 2,4 | 2,5 | 2,8 | 3,0 | 3,3 | 3,1 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 2,8 | 4,3 | 3,5 | 3,9 | 3,9 | 4,1 | 3,9 | 3,7 | 4,4 | 3,4 | 3,3 | 3,5 | 3,3 | 4,0 | 3,7 | 4,0 | 2,9 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 3,5 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,4 | 3,5 | 4,1 | 4,1 | 2,5 | 3,2 | 3,5 | 3,3 | 2,6 | 2,9 | 3,9 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 4,3 | 3,3 | 4,0 | 2,9 | 3,5 | 3,5 | 3,2 | 3,6 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 4,5 | 2,6 | 3,1 | 2,2 | 2,1 | 2,8 | 2,5 | 2,6 | 2,2 | 2,4 | 2,8 | 3,8 | 2,5 | 1,8 | 2,7 | 3,0 | 3,0 | 2,0 | 2,6 | 3,0 | 2,8 | 2,4 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 2,4 | 4,1 | 3,7 | 3,7 | 4,3 | 3,4 | 3,5 | 3,1 | 3,9 | 3,4 | 2,9 | 3,6 | 2,9 | 3,8 | 3,1 | 3,8 | 2,3 | 3,8 | 3,5 | 3,4 | 3,5 | 3,3 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 3,0 | 3,6 | 3,8 | 3,4 | 3,5 | 4,2 | 2,5 | 2,7 | 4,4 | 2,9 | 2,3 | 3,2 | 3,0 | 3,5 | 2,9 | 4,1 | 3,9 | 4,4 | 3,8 | 3,1 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 2,6 | 3,9 | 4,0 | 3,3 | 4,4 | 4,0 | 3,8 | 3,2 | 4,2 | 3,4 | 2,9 | 3,9 | 2,9 | 3,6 | 2,8 | 3,2 | 2,7 | 3,9 | 3,3 | 3,7 | 3,6 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 4,9 | 4,0 | 4,2 | 3,7 | 2,9 | 3,7 | 3,7 | 4,3 | 2,8 | 3,5 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 4,0 | 4,6 | 3,5 | 4,0 | 2,9 | 3,9 | 3,7 | 3,7 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 3,4 | 4,3 | 4,7 | 3,3 | 4,1 | 3,6 | 4,2 | 2,9 | 4,0 | 3,6 | 3,2 | 3,6 | 3,6 | 4,3 | 3,8 | 4,0 | 2,9 | 4,0 | 3,9 | 3,7 | 4,0 | 3,5 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 1,5 | 2,7 | 3,3 | 3,3 | 3,7 | 3,5 | 2,0 | 2,9 | 3,8 | 2,7 | 1,8 | 3,0 | 2,3 | 3,7 | 3,1 | 2,0 | 2,8 | 3,4 | 2,8 | 2,6 | 2,9 | 3,1 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,9 | 4,9 | 4,5 | 4,8 | 3,9 | 4,8 | 4,6 | 5,3 | 3,9 | 3,9 | 4,5 | 4,4 | 4,6 | 4,1 | 4,6 | 4,3 | 5,1 | 3,8 | 4,6 | 4,6 | 4,2 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |
| Gjennomsnitt, positive påstandar | 2,7 | 3,9 | 3,9 | 3,5 | 4,1 | 3,9 | 3,5 | 3,2 | 4,2 | 3,4 | 2,9 | 3,6 | 3,1 | 3,9 | 3,4 | 3,6 | 2,9 | 3,9 | 3,6 | 3,5 | 3,6 | 3,5 | 3,6 | 3,4 | 3,5 | 3,5 |
| Gjennomsnitt, kritiske påstandar | 4,2 | 3,7 | 3,8 | 3,5 | 2,9 | 3,6 | 3,6 | 3,8 | 2,9 | 3,2 | 3,6 | 3,7 | 3,6 | 3,4 | 4,0 | 3,3 | 3,7 | 2,9 | 3,5 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 | 3,4 | 3,8 | 3,5 |

1. Innleiing


I St. meld. nr. 25 (2008-2009) Lokal vekstkraft og framtidstru er aktivt lokalt utviklingsarbeid og utvikling av attraktive lokalsamfunn i kommunane løfta fram som viktig for å nå hovudmålet i distrikts- og regionalpolitikken. Kommunane har ei nøkkelrolle i å utvikle attraktive lokalsamfunn, anten det gjeld arbeidsplassar, infrastruktur, tenestetilbod, gode bu- og sentrumsområde, fritidstilbod, inkludering av tilflyttarar, eller å bringe fram ressursar i innbyggjarane.

For å nå dette målet, etablerte KRD i 2009 satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK). Satsinga er planlagt å gå over 5 år frå 2010, og skal styrke fylkeskommunane si rolle som rettleiar, koordinator og støttespelar i kommunane sitt arbeid med å byggje attraktive lokalsamfunn. LUK skal sette kommunane i enda betre stand til å planlegge, mobilisere, samarbeide om og gjennomføre utviklingstiltak.

Parallelt med LUK-satsinga er det sett i gang ei følgjeevaluering, med følgjande tre hovudleveransar:

- A. Kartlegging av status
- B. Følgjeevaluering og prosessrettleiing
- C. Resultatevaluering

Korleis dei ulike delane av prosjektet heng saman er illustrert i følgjande figur:



Figur 1 : Prosjektdesign for følgeevalueringa av LUK.

1.1 Formålet med statuskartlegginga

Formålet med statuskartleggina er å gi ei oversikt over korleis fylkeskommunane arbeider for å støtte kommunane sitt utviklingsarbeid, korleis dei arbeider for å utvikle attraktive lokalsamfunn, og korleis dei vurderer seg sjølve som støttespelarar og samordnarar av slikt arbeid. Statuskartlegginga skal:

- Gi eit kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet med LUK.
- Fungere som eit grunnlag for arbeidet med følgeevaluering og prosessrettleiing
- Fungere som eit referansepunkt for sluttevalueringa av LUK-satsinga (seinast andre halvår 2014).

LUK-satsinga har ei lang rekke formål – blant anna knytte til:

- Korleis fylkeskommunen opptrer og agerar som en vegvisar i, tilretteleggar for og kompetanseutviklar for lokalt/kommunalt utviklingsarbeid
- Korleis kommunane kan styrke sitt utviklingsarbeid, med hjelp frå dei respektive fylkeskommunane.

Statuskartlegginga har hatt tre viktige komponentar: a) utforming av opplegget og definisjonar av indikatorar og kriterium, b) datainnsamling og c) analyse og rapportering. Telemarksforsking har hatt hovudansvaret for heile kartlegginga.

1.2 Sentrale forskingsspørsmål

Dei sentrale forskingsspørsmåla knytte til statuskartlegginga kan sjåast i to hovudperspektiv: 1) Eit fylkeskommunalt perspektiv, og 2) eit kommunalt perspektiv. Me antar med dette at fylkeskommunane og kommunane kan ha ulike syn på korleis status er (me seier ikkje at det er slik, men at det kan vere slik). Om det er slik, vil auka kommunikasjon og samordning kring utfordringar og problemstillingar vere interessant. Om det skulle vise seg at kommune og Fylkeskommune svarar likt, så er det også interessant. Då vil ein dels ha eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet, og kanskje nokre interessante læringsmodellar for andre fylke og kommunar (i den grad ei slik semje er resultatet av medvetne strategiar og samordning).

Fylkeskommuneperspektivet syner til korleis fylkeskommunane dels oppfattar si eiga rolle som utviklingsaktør og korleis dei meiner dei utøver denne rolla, dels kva dei meiner om kommunane si evne å utøve slikt arbeid og evne til å løyse utfordringane knytt til det. Kommuneperspektivet syner for sin del til korleis kommunane meiner dei utøver lokalt samfunnsutviklingsarbeid, og dessutan korleis dei oppfattar fylkeskommunen som utviklingsaktør. Som ein ser handlar dei to perspektiva parallelt om korleis dei to styrings- og forvaltingsnivåa ser på både seg sjølve og kvarandre med tanke på samfunnsutviklingsarbeid.

Med utgangspunkt i dei to perspektiva har me i statuskartlegginga studert følgjande forskingsspørsmål:

1. I følge fylkeskommunane sjølve:
 - a. Korleis støttar dei, gjev dei råd til og samordnar dei kommunane i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn?
 - b. Korleis arbeider kommunane med planlegging, mobilisering, samarbeid om og gjennomføring av utviklingstiltak for å utvikle attraktive lokalsamfunn?

Spørsmålet om korleis fylkeskommunen støttar, gjev råd og samordnar kommunane i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn, byggjer på fylkeskommunen si

oppleving av kva som er kommunane sine hovudutfordringar og deira respons på dei. Når det gjeld korleis fylkeskommunen oppfattar at kommunane arbeider med planlegging, mobilisering, samarbeid om og gjennomføring av utviklingstiltak for å utvikle attraktive lokalsamfunn, går det på korleis fylkeskommunen oppfattar både kommunane sine føresetnadar for og evne til å drive slikt arbeid.

På den andre sida:

2. I følge kommunane sjølve:

- a. Korleis arbeider dei med planlegging, mobilisering og samarbeid om og gjennomføring av utviklingstiltak for å utvikle attraktive lokalsamfunn?
- b. Korleis vurderer dei fylkeskommunen si støtte, rådgjeving og samordning i dag? Og, kva behov har dei for slik støtte, rådgjeving og samordning?

Me har freista å hente inn informasjon både om kva målsetningar, visjonar og planar kommunen har, men og korleis dei arbeider med dette i praksis, kva ressursar dei nyttar i arbeidet, kven som har ansvaret osv.

Spørsmålet om kva behov kommunane har for støtte, rådgjeving og samordning og korleis dei vurderer denne støtta, rådgjevinga og samordninga i dag, er vidare meint å spegle korleis dei sjølv vurderer dette behovet, sett frå sin ståstad, og om dei meiner at eventuelt behov blir dekt, både frå fylkeskommunen og frå andre aktørar (stat, fylkesmannembete, IN, KS m. fl.).

For å sikre statuskartlegginga sin relevans i høve den øvrige LUK-satsinga, har me heile tida arbeidd med utgangspunkt i dei målsetjingane KRD har for satsinga. Det er også etter desse målsetjingane LUK-satsinga kjem til å bli evaluert og bedømt i 2015.

1.3 Mål og resultatindikatorar

Resultatmål for LUK-satsinga er at:

1. Fleire kommunar er sterke utviklingsaktørar og arbeider kontinuerlig med å bygge opp attraktive lokalsamfunn.

Me tar her utgangspunkt i ein teori om at kommunane si tilnærming til utviklingsarbeid varierer betydelig ved LUK sitt oppstartstidspunkt. Målsetjinga, som me vi-

dare oppfatar som både vid og overbyggjande, er tredelt: 1) *Fleire*, må forståast som fleire kommunar enn i dag. 2) *Sterke*, må forståast som eit presist (helst målbart) mål på korleis kommunen oppfyller krav til å vere utviklingsaktør (planlegging, mobilisering, samarbeid om og gjennomføring). Her bør kommunen altså vere sterkare i 2015 enn i 2010. Det kunne stått ”sterkare”, noko som ville ein ha indikert ei enda breiare styrking. KRD har ikkje vurdert dette som hensiktsmessig. 3) *Kontinuerleg*, må forståast som ei endring i mentalitet, der samfunnsutvikling gjeng frå å vere prosjektbasert til å bli fast/gjennomgripande. Kvantitative, konkrete indikatorar på dette kan vere at fleire i 2015 enn i 2010 har mål, visjonar etc. nedfelt i planverk osv.

Relevante målindikatorar i arbeidet er ein kombinasjon av kvantitative data og sjølvrapportering. I praksis vil dette vere data om tal på stillingar, stillingsstorleikar, deltaking i ulike utviklingsprosjekt, initierte prosjekt, nettverk osv., samt data om kommunane og fylkeskommunen sin oppfatning og oppleving av kommunanes styrke som utviklingsaktørar.

2. Initiativ frå innbyggjarar, bedrifter, entreprenørar, eldsjeler og frivillige organisasjonar er godt integrerte i utviklingsarbeidet.

Denne målsetjinga er på mange måtar eit demokratimål, der ein skal sikre initiativ nedanfrå og opp. LUK skal bidra til at alle relevante aktørar og grupperingar i større grad har tilgang til og er godt integrerte i det lokale utviklingsarbeidet. For fylkeskommunen sin del dreier dette seg om å leggje til rette for og følgje opp kommunane sitt arbeid med slik medverking og forankring.

Relevante målindikatorar i arbeidet byggjer på innhenta data, både om strategisk arbeid, mål og visjonar på feltet, samt konkrete tal på arenaer og nettverk som inkluderar denne breie tilnærminga til deltaking. For fylkeskommunen sin del vil det også bli lagt vekt på i kva grad ein har kultur og praksis for lokal forankring og medverking i arbeidet som regional utviklingsaktør.

3. Utnyttinga av verkemiddel til lokale utviklingstiltak er meir effektiv.

Målsetjinga peikar mot ei betre samordning av kompetanse og tiltaksmiddel, både hjå fylkeskommunane, kommunane og i ulike typar samarbeid over fylkes-, region- og kommunegrenser. Ein må her tru at slik effektivisering vil kunne gje høgare kvalitet på tilbodet, med mindre ressursbruk.

Relevante målindikatorar i arbeidet vil vere både kvantitative data og eigenmeldingar knytt til både intern og ekstern samordning, både på fylkeskommunalt, kommunalt, interkommunalt og regionrådsnivå.

Dei siste to målsetjingane er direkte knytte til fylkeskommunen som regional utviklingsaktør:

4. Fylkeskommunen har betre kapasitet og kompetanse til å styrke arbeidet med lokal samfunnsutvikling i kommunane.

Denne målsetjinga dreiar seg, slik me ser det, i høg grad om intern samordning, kommunikasjons- og kompetanseflyt i fylkeskommunen. Me går ut ifrå at fylkeskommunen i dag representerer ein kvalitativt brei og høg kompetanse, men at ein kan ha eit relativt stort forklaringspotensial med tanke på intern samordning, meir tverrfagleg arbeid og betre internkommunikasjon. Me veit at fylkeskommunane sjølv legg svært stor vekt på at ein i tillegg til økonomiske verkemidlar, også kan tilby rådgivingskompetanse.

Relevante målindikatorar i arbeidet vil dermed vere å undersøke i kva grad fylkeskommunalt tilsette meiner slikt tverrfagleg arbeid og intern kommunikasjonsflyt eksisterer og eventuelt betrar seg som følgje av LUK-satsinga.

5. Fylkeskommunen har oversikt over aktuelle utviklingsprogram og kan samordne faglig og økonomisk støtte til kommunane.

Den siste målsetjinga dreier seg om at fylkeskommunane sin innsats i større grad skal oppfattast som målretta, relevant, treffsikker og koordinert ved satsingas avslutning, enn ved oppstart. Også her er samordning stikkordet.

Relevante målindikatorar i arbeidet blir svar/kommentarar knytt til denne problemstillingen i ”rådmann-surveyen” og intervjurunden med alle fylkeskommuneinformantar, samt ”re-test” etter fem år. Måloppnåing målast som ein definert prosentvis forbetring oppnådd gjennom satsinga.

2. Metode

Del A) av følgjeevalueringa av lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK), statuskartlegginga, omfattar to metodiske hovudverktøy: 1) kvalitative intervju med informantar i dei 18 deltakarfylka og 2) ei kvantitativ spørjeundersøking retta mot kommunenivået (alle landets rådmenn). I rapporten har me valt å presentere eit utval av dette siste datamaterialet, avgrensa til dei delane me meiner på best måte kastar lys over og fyller ut fylkeskommuneperspektivet i statusrapporten. Det er både ein praktisk og ein fagleg grunn til dette: 1) Omfanget av å analysere og presentere heile det kvantitative materialet ville blitt svært stort, utan nødvendigvis å tilføre empirisk og analytisk meirverdi. 2) LUK-satsinga set dessutan fokus på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør. Det er dette forvaltingsnivået satsinga skal verke direkte på, medan kommunane meir indirekte skal nyte godt av fylkeskommunen sin auka kompetanse og kapasitet, som følgje av satsinga. Konsekvensen av dette blir då at det er fylkeskommunen sitt perspektiv på utviklingspotensial, utfordringar og rammevilkår som primært står i fokus i statuskartleggingsarbeidet, og som også styrer kva data frå kommunenivået me legg empirisk og analytisk vekt på.

2.1 Intervju med informantar i fylkeskommunen

Det kvalitative datamaterialet som statusrapporten byggjer på, er utskrift av djubdeintervju med informantar i alle deltakarfylkeskommunane i LUK-satsinga. Slike intervju eignar seg særst godt for å skaffe informert og informativ kunnskap/empiri om eit tema eller eit sakskompleks (Ryen 2002). Ein har gjennom målretta val av informantar såleis visse om at dei kan noko om dei problemområda eller spørsmåla ein ynskjer å belyse. Gjennom å setje av god tid, får ein dessutan god djupne i datamaterialet; ein kan gå grundig inn i einskilde tema, forfølgje interessante resonnement eller påstandar og (ikkje minst viktig) umiddelbart oppklare mistydingar eller feilslutningar. Særleg godt egna er face-to-face-intervju, der ein får med seg mimikk og kroppsspråk.

I dette prosjektet vart telefonintervju nytta. Ulempa med denne metoden, er som nemnt at ein ikkje får tilgang til mimikk og kroppsspråk. Ein får dermed ikkje på same måte ein ”gefühl” for ulike former humor, ironi, overdrivingar eller anna paradoksal kommunikasjon. Fordelen er til gjengjeld at metoden er langt mindre ressurskrevjande. Dermed får ein rom for t.d. fleire intervju og meir data.

I dette prosjektet blei det gjennomført telefonintervju med 19 informantar frå dei ulike fylkeskommunane som er med i LUK-satsinga. Det vil i alle tilfelle der ein nyttar kvalitative (intervju)data bli spørsmål om ulike former og metodar for anonymisering av kjeldene. Det er vanleg å operere både med full anonymisering og semi-anonymisering. I dette prosjektet, der det empiriske materialet i liten grad er av sensitiv karakter, har me vald å semi-anonymisere kjeldene. Dvs. informantane står ikkje oppgitt med namn eller tittel, men vil kunne vere mogleg å spore dersom ein har førstehands kjennskap til prosjektet og metodadesign. Alle informantar har fått tilsendt fullstendig intervjuutskrift. Dei har så kunne gjere sine merknadar, endringar eller rettingar, som me utan unntak har tatt til følgje. Av dette materialet har me så henta data som me har brukt både indirekte og direkte (sitat) i teksten.

Alle sitat er gitt att i den målforma informanten har ynskt. Det tyder at intervjuutskriftene har blitt normert til anten nynorsk eller bokmål. I tilfelle der dialektord eller -uttrykk på særskilt vis skildrar forhold eller fenomen, har me nytta dette, elles ikkje.

Til slutt eit par ord om det kvalitative materialets relevans: Det vil alltid kunne diskuteras i kva grad ei kjelde kan representere noko utover seg sjølv. Er denne eine kjelda i fylkeskommunen i stand til å gje eit fullgodt bilde på korleis ein slik kompleks og mangfaldig organisasjon fungerer? Korleis han vurderer, prioriterer og utfører regionalt utviklingsarbeid? Svaret er at me gjerne skulle hatt endå fleire stemmer i koret. Dette er likevel eit ressurs spørsmål, der omsynet til kva som er teoretisk hensiktsmessig må vike for kva som er praktisk mogleg. Det er dessutan slik at gjennom dei 19 informantane får ein eit unikt innblikk i korleis fylkeskommunane opererer på dette området. Også intervjuar vil såleis etter kvart bli i betre stand til å vurdere verdien av informasjonen, og dessutan i stand til å navigere mot interessant og relevant informasjon undervegs i intervjuet.

2.2 Spørjeundersøkinga - ”kommunesurveyen”

Som grunnlag for å kartleggje status og utfordringar i høve til kommunane sitt arbeid med lokal samfunnsutvikling i kommunane, og deira opplevingar fylkeskommunens rolle i høve til å styrkje arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn i kommunane, har me gjennomført ei spørjegransking retta mot rådmennene i alle landets kommunar. Hovudføremålet med statuskartlegginga var i utgangspunktet å få eit referansepunkt som grunnlag for å kartleggje effektar etter at det femårige LUK-prosjektet er avslutta. Etter at spørjegranskinga var sett i gang, kom det også eit ynskje om at spørjegranskinga skulle bidra med informasjon om status og utfordringar i kommunane ned på fylkesnivå, for såleis å vere av betre nytte for det arbeide som LUK-kontaktane i kvart fylke skal gjennomføre. For å få å få eit nokolunde inntrykk av ulike utfordringar blant ulike kommunar i ulike fylke, vart det då satt eit mål om ein svarprosent på minst 50 % frå kommunane i alle fylker.

Spørjegranskinga har vore internettbasert og vart gjennomført i løpet hausten 2010. Datainnsamlinga vart avslutta i byrjinga av desember. Det vart sendt ut e-post med link til eit elektronisk spørjeskjema til i alt 429 kommunar¹. Etter tre purringar via e-post, og ei purring via telefon til kommunar i einskilde fylke med få svar, fekk me til slutt ein samla svarprosent på 52,7. Dette må karakteriserast som ein bra svarprosent i høve til det som er vanleg i slike undersøkingar, også sett i høve til at spørjeskjemaet omfattar mange spørsmål.

Tabell 3 syner svarprosent fordelt på fylke. Me ser at målet om ein svarprosent på minimum 50 % vart nådd i 15 av 18 fylke. I Telemark, som har den høgaste svarprosenten, har 61,1 av kommunane svara. Troms skil seg ut med lågaste svarprosenten. Her har berre 36 % av kommunane svara på undersøkinga. I tillegg til Troms, har også Finnmark og Sogn og Fjordane ein svarprosent som ligg under 50. I det store og heile må den geografiske fordelinga karakteriserast som relativt jamn. Det er også ei relativt jamn fordeling i svar dersom ein fordelar desse på små, mellomstore og store kommunar. Svarprosenten i høve til desse kategoriane varierer mellom 50 og 55 %.

¹ Oslo er ikkje med i prosjektet

Svara på fylkesnivå er i fyrste rekkje egna til å gi ein peikepinn på kva som er status og utfordringar i kvart fylke, og kva for oppgåver som det kan vere viktig å prioritere for LUK-kontaktane. På fylkesnivå er datagrunnlaget for spinkelt som grunnlag for å seie noko sikkert om utviklinga over tid. Her er dataa meir egna for å seie noko om utviklinga på landsbasis og på regionnivå.

Tabell 3: Svarprosent fordelt på fylke.

| Fylke | Svarprosent |
|------------------|-------------|
| Telemark | 61,1 |
| Vest-Agder | 60,0 |
| Hedmark | 59,1 |
| Nord-Trøndelag | 58,3 |
| Møre og Romsdal | 58,3 |
| Vestfold | 57,1 |
| Sør-Trøndelag | 56,0 |
| Østfold | 55,6 |
| Oppland | 53,8 |
| Aust-Agder | 53,3 |
| Buskerud | 52,4 |
| Nordland | 52,3 |
| Hordaland | 51,5 |
| Rogaland | 50,0 |
| Akershus | 50,0 |
| Finnmark | 47,4 |
| Sogn og Fjordane | 42,3 |
| Troms | 36,0 |

3. Fylkesvis presentasjon og analyse av data

3.1 Rettleiing til lesing av tabellane

I dette kapitlet nyttar me ei rad tabellar for å presentere resultatane av spørjeundersøkinga. Litt rettleiing er på sin plass for at desse skal vere forståelege:

Vurderingsskalaen som er nytta i undersøkinga er, litt avhengig av spørsmålsordlyden, definert slik:

For eit spørsmål som t.d. ”I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling?”, frå 1 - ikkje i det heile til 6 - i særst stor grad.

For eit spørsmål som t.d. ”Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn?”, frå 1 - særst dårleg til 6 - særst god.

Respondenten kunne dessutan svare 7 - Inga formeining. Denne verdien er ikkje med i snittverdiene i tabellane. I dei tilfella der mange av respondentane svarar ”inga formeining”, slik at snittverdien i liten grad er representativ, vil dette bli drøfta i analysen. For fullstendige tabellar over svar fordelt på score, sjå vedlegg 1.

I tabellane er gjennomsnittsscore merkt i ulike fargar. Lys gul farge tyder at scoren ligg mellom 3 og 4, dvs. kva me definerer som ei ”nøytral” vurdering. Negative vurderingar (< 3,0) er merkt i rosa og positive (> 4,1) i lysblått. Gjennomsnittsverdien av skalaen er 3,5.

Tre av spørsmåla har svarkategori ja/nei. Her er spørsmålsteksten merkt i lysegrønt. Tabellane syner prosentvise ja-svar. Her er ja-prosent < 33% merkt i rosa, 33 - 66 % i lys gul og > 66 % i lyseblått, ut i frå ein hypotese om at deltaking i slike program m.a. speglar kompetanse, kapasitet og ikkje minst vilje til å drive lokalt samfunnsutviklingsarbeid.

Spørjeundersøkinga legg dessutan vekt på korleis kommunane vurderer fylkeskommunen si støtte, rådgjeving og samordning av lokalt og regionalt utviklingsar-

beid. Undersøkinga omfattar difor eit sett av spørsmål knytt til slike vurderingar. Her skal respondenten, den einskilde kommunen², gje score på ei rad område knytt til fylkeskommunen sitt arbeid med lokal samfunnsutvikling, sentrale for LUK-satsinga. Scoreskalaen frå 1 - 6 er her definert frå 1 - heilt usamd til 6 - heilt samd. Respondenten kunne dessutan svare 7 - Inga meining. Denne verdien tel heller ikkje her med i snittverdiane. I dei tilfella der mange av respondentane svarar ”inga meining”, slik at snittverdien i liten grad er representativ, blir det opplyst om dette. For ein fullstendig tabell over kommuneinndelt score, sjå vedlegg 2.

Spørsmåla i denne delen av spørjeundersøkinga tek utgangspunkt i både kritiske og rosande påstandar om fylkeskommunen sitt arbeid. På spørsmål av kritisk karakter vil låg score (1 til og med 3,0) tyde at fylkeskommunen blir positivt vurdert, kommunen er usamd i den kritiske påstanden. Omvendt, på spørsmål av rosande karakter vil høg score (4,1 til 6) tyde at kommunen er samd i den positive vurderinga av fylkeskommunen. For at rapportlesaren lettare skal kunne skilje dei to spørsmålstypene, er dei positive påstandane merkt med grøn og dei kritiske i lysegrøn bakgrunnsfarge i tabellane. For både kritiske og rosande påstandar er gjennomsnittsscoren, på same måte som for fylkeskommunen sin eigenvurdering, gitt farge: Lys gul farge tyder nøytral vurdering. Negative vurderingar er merkt i rosa og positive i lysblått.

3.2 Akershus

3.2.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Organiseringa av lokalsamfunnsutviklingsarbeid i Akershus fylkeskommunen er i følgje vår informant kompleks og delvis uoversiktleg. Til no har det meste av arbeidet føregått i regi av regionalavdelinga: overordna planteam (regional planstrategi, lovpålagte planarbeid, samordning av delregionråd), kommuneplantemet (aktivt arbeid mot kommunane), næringsteam, idrett, fysisk aktivitet og friluftsteam, samferdselsteam (delt i kollektiv og veg), strategisk folkehelsesteam, kulturminneteam og internasjonalt team. Regionaldirektør og tre assisterande direktørar har

² Ved rådmann eller ein person rådmann delegerer oppgåva til

det overordna leiaransvaret for verksemda. Informanten anslår at om lag 11 stillingar i fylkeskommunen arbeider aktivt med samfunnsutvikling i kommunane.

Grunnlaget for fylkeskommunen sitt arbeid med samfunnsutvikling er regional planstrategi. Dette byggjer på tidlegare arbeid med fylkesplan, men er no breiare lokalt forankra, m.a. gjennom ei rad scenarioprosessar og oppfølgjande dialogmøte med alle kommunestyra i fylket. I denne prosessen har dessutan både staten ved Miljøverndepartementet og Oslo kommune vore inne, for m.a. å kvalitetssikre samferdselsdelen av planane. På grunnlag av dei diskusjonane som har vore i dialogmøta om regional planstrategi, valde politikarane ut nokre utfordringar som er viktige å følgje opp i vidare planlegging. Dette dreier seg i følgje informanten om utdanning og kompetanse/entreprenørskap, klima og energi, bumiljø og mangfald og inkludering.

Planstrategiarbeidet har vore handsama av dei fleste av dei fire regionråda i fylket. Slik meiner informanten at planarbeidet er godt forankra også i kommunane. Areal og transport er det vanskelegaste (og her er departementet altså inne), men kommunane er svært engasjert og meiner sjølv dei har kome godt med i samarbeidet. Dette er, slik informanten ser det, heilt avgjerande for at ein på eit seinare tidspunkt i prosessen skal kunne akseptere, eller vere nokså samde om dei planane som kjem på bordet.

Informanten opplever sjølv at den tverrfaglege kunnskapen om utviklingsarbeid er god innan fylkeskommunen. Dei ulike tema og avdelingane står fram nokså samla i møtet med kommunane.

3.2.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Akershus fylke består av 22 kommunar. Av desse er 1 liten (< 5000), 12 mellomstore (5001 - 20 000) og 9 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 11 (50 %) av desse kommunane. Av desse var ingen små, 6 mellomstore og 5 store. Me ser m.a.o. at utvalet er ganske representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare methodediskusjon.

For å gje eit bilde av kva kommunane sjølv meiner om utviklingskapasitet og -kompetanse i eigen kommune, var delar av spørjeundersøkinga retta direkte inn

mot nettopp slike forhold. I dette kapitlet syner me resultatet av kva dei ulike kommunane i Akershus svarte, sett imot landsgjennomsnittet, her vist i *Tabell 4*.

Tabell 4: Oversikt over Akershus-kommunane si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region aust, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.


| | Akershus | Aust | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 5,0 | 4,9 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 5,5 | 4,8 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,2 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 3,5 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,7 | 4,4 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 5,3 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 5,4 | 4,9 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 63,6 | 81,9 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 20,0 | 40,0 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 50,0 | 39,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,2 | 4,3 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 66,7 | 59,5 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Fyrste spørsmål spør i kva grad det er samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Me veit frå fylkeskommunedelen av prosjektet at samarbeid og kommunikasjon over etats- og avdelingsgrenser blir sett på som viktig for å oppnå god og effektiv samhandling i utviklingsspørsmål. Me ser at snittet av kommunane i Akershus i stor grad vurderer at eit slikt samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar finn stad (5 på skalaen frå 1 til 6). Regions- og landsgjennomsnittet for dette spørsmålet er høvesvis 4,9 og

4,5. Kommunane i Akershus meiner dermed i høgare grad enn landet sett under eitt, at eit slikt samarbeid finn stad. Dette stemmer godt overeins med det inntrykket vår informant gav av fylkeskommunen.

Figur 2 syner korleis dei ulike kommunane som har svart, har nytta skalaen frå 1 til 6 (m.a.o. kva gjennomsnittet er rekna ut i frå). Me ser at det i Akershus er 4, 5 og 6 som er gitt, noko som kan tyde på at kommunane her sjølv meiner at samarbeidet på tvers er godt. Denne konsistente scoringa tyder også på at det er god semje mellom kommunane om at dette er tilfellet. For oversikt over liknande fordeling på skalaen på resten av spørsmåla referert i Figur 2, sjå Vedlegg 1.



Figur 2: Fordeling på skalaen frå 1 - 6, på spm.: I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling?

Dei neste spørsmåla dreiar seg kring korleis kommunane karakteriserer eigen kompetanse i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn innanfor planlegging, mobilisering, etablering av nettverk/samarbeid og gjennomføring (frå plan til handling). Me ser at Akershus gjennomgåande scorar høgt på eigen vurdering av kompetansen i kommunane. Særleg gjeld dette på planlegging, der scoren er 5,5, m.a.

o. midt mellom mykje og sær god. Det er også verdt å merke seg at kommunane i Akershus gjennomgåande vurderer eigen kompetanse høgare enn både regions- og landsgjennomsnittet. Informanten i fylkeskommunen fortel at mangel på planfagleg kompetanse ute i kommunane ofte kan vere ei utfordring for kommunen, og at dei der må kjøpe inn tenester frå private konsulentar for å sikre eit planverk etter gjeldande krav. Denne skilnaden i synet på plankompetanse kan botne i at kommunane

ne gjennom å kjøpe slike tenester meiner dei har ”sikra seg”, utan at kompetansen (slik fylkeskommunen vurderer det) er breitt forankra i kommunen. Det kan også vere eit resultat av at fylkeskommunen har andre vurderingar enn kommunen av kva som er kvalitativt god plankompetanse.

Surveyundersøkinga spør også etter korleis kommunane karakteriserer eigen kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn. Også her ligg Akershus over regions- og landsgjennomsnittet. 3,8 syner at kommunane meiner dei har god kapasitet til slikt utviklingsarbeid (regions- og landsgjennomsnittet er høvesvis 3,5 og 3,3).

Vidare vart det spurd om kommunane har klare strategiar og mål knytt til lokalt utviklingsarbeid, og vidare i kva grad slike er forankra i kommuneplanen (samfunns- og arealdel). Trenden med at kommunane i Akershus scorar høgare enn regions- og landsgjennomsnittet held seg: Ein score på 4,7 (regionen 4,4, landet 4,2) syner at ein i stor grad vurderer å slike klare strategiar og mål. Slike mål og strategiar er i stor grad del av kommunanes formelle planverk.

I spørjeundersøkinga spurde me dessutan om kommunane var deltakarar i regionale, nasjonale eller internasjonale utviklingsprogram. Ein kan tenkje seg at deltaking i nettopp slike program seier noko om den faktiske kompetanse og kapasitet til å drive lokal samfunnsutvikling. *Tabell 4* syner at kommunane i Akershus er meir aktive i regionale og internasjonale program enn nasjonale utviklingsprogram. For regionale program sin del er dei litt mindre aktive enn landsgjennomsnittet, medan dei er langt meir aktive enn landsgjennomsnittet for internasjonale program. Dette er ikkje overraskande sett i høve dei demografiske forholda. Fleire av kommunane i Akershus er store i norsk samanheng, og orienterer seg nok naturleg mot kompetanse og prosjekt internasjonalt. Nasjonale program har i hovudsak vore retta inn som eit distriktspolitisk verkemiddel, noko som i mindre grad er aktuelt for Akershus med få kommunar innanfor det distriktspolitiske verkemiddelområdet.

Eit anna av måla med surveyundersøkinga var å kartleggje i kva grad kommunane opererer med eit breitt verdiskapingsperspektiv. Eit mål på eit slikt perspektiv er i kva grad ein involverer ulike samfunnsaktørar i utviklingsarbeidet. Mellom anna spurde me om i kva grad kommunen legg vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? Svarkommunane i Akershus meiner i snitt at dei i stor grad legg vekt på ei

slik målsetjing (4,2). På dette området ligg Akershus på landssnittet (4,2). Likeins vil etableringa av ulike arenaer for mobilisering av ”engasjerte innbyggjarar” kunne signalisere i kva grad ein kommune verkeleg ynskjer ei brei oppslutning om utviklingsarbeidet sitt. Me spurde difor om kommunane hadde etablert nettverk eller møteplassar med fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert. Som ein ser, rapporterer kommunane i Akershus i langt større grad enn landssnittet (67 mot 56 %) at slike nettverk og/eller møteplassar er etablert.

3.2.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

I Akershus består den kommunale hovudutfordringa i å ta i mot den befolkningsveksten som er venta. Dette går på arealutvikling (som følgje av press på areal), vekst og vern (Markagrense, strandsone osv.) og tenesteyting. Fleire kommunar har svært stram økonomi (m.a. har Akershus fleire Robekliste-kommunar), noko som påverkar kapasiteten til å fokusere på utviklingsoppgåver. Dette har medverka til fleire utgreiingar om kommunesamanslåing. Einskilde kommunar har mangel på planfagleg kompetanse og har måtte kjøpe dette frå konsulentselskap. Informanten meiner det med bakgrunn i dette er store utfordringar knytt til å starte opp arbeidet med kommunale planstrategiar. Det er her fylkeskommunen ynskjer å utgjere ein forskjell. Her kan ein likevel peike på at kommunane sjølv meiner slik (strategisk) kompetanse og kapasitet er god, og at desse utfordringane, frå deira synspunkt, ikkje nødvendigvis er så store.

Vår informant fortel vidare at fylkeskommunen støttar kommunane på ei rad område og med ulik kompetanse. I hovudsak er dette regulert gjennom regionale planstrategiar, med differensiering av hjelp og arbeidsmetodar tilpassa individuelle behov. Eit døme er rådgjeving knytt til areal og transport, bistand til handelsanalysar, varehandelsplassering, innfartsparkering og grøntstruktur. Også i forhold til samordning meiner vår informant at fylkeskommunen gjer eit viktig arbeid og understrekar kor viktig denne rolla er i lokalt samfunnsutviklingsarbeid:

Det handler om å bruke de kommunikasjonsveiene som finns. Kommunene har ikke tid til å løpe på seminarer og møter for ethvert tema, sånn at for oss i fylkeskommunen så er det nok viktig å opptre samla og ryddig ovenfor kommunene, sånn at de føler at de kan delta på det vi har å tilby. For det er ikke

det at de ikke har behov for det, men det er klart at hvis alle våre team og fagavdelinger skal begynne å invitere den og den... så blir det for stort og vanskelig og... hva skal man si: samordningsgrepet, eller å være en samordner, er nok noe av den viktigste rolla vi kan ta på oss. Å bruke den vettugt i forhold til de foraene vi har.

Ein har, m.a. med utgangspunkt i statistikkavdelinga, ein posisjon der ein har eit overblikk som kommunane ikkje sjølv kan ha. Likeverdige innsats frå fleire partar i ulike partnerskap fører i følgje informanten til ein viktig meirverdi. Fylkeskommunen kan bistå til slik samordning både gjennom å tilføre økonomiske midlar og kompetanse/nettverk. Eit døme som blir trekt fram, er kulturminnevern, som er noko kommunane ikkje sjølv prioriterer eller har kompetanse på. Her kan fylkeskommunen vere ein viktig partnar. Andre slike døme er folkehelse og friluftsliv. I og med at kommunane gir både kompetanse, nettverk og samordningsarenaer relativt høg score i spørjeundersøkinga, kan det tyde på at dette arbeidet har vore vellykka. Det undersøkinga ikkje seier noko om, er det kontrafaktiske; Me veit ingen ting om korleis dette hadde vore *utan* den fylkeskommunale satsinga.

Akershus fylkeskommune arbeider aktivt med ulike mobiliseringsstrategiar. Informanten fortel:

Og det er jo selvfølgelig vi som jobber med overordna planlegging... jeg holdt på å si, vi skal jo virkelig dra med oss kommunene. Og det føler vi at vi har gode prosesser på også i forhold til den øvelsen vi har gått igjennom nå i forbindelse med regional planstrategi... ja... ha gode rutiner på medvirkningsprosesser og involvering fra kommunen for å få oppslutning og engasjement rundt de planene vi starter opp.

Informanten framhevar likevel at det er svært viktig å ikkje instruere eller trække innover kommunane sin eigen råderett. Samstundes skal ein ivareta plan- og bygningslova. Dette er ikkje alltid like lett, noko også fleire andre fylkeskommunar og våre informantar der legg vekt på. Fleire av informantane peikar på det dilemmaet som ligg i at fylkeskommunen ofte ballanserar mellom å skulle mobilisere samstundes som ein ikkje skal bli oppfatta som eigenrådig, eller som ein nemner det, ein "overkommune".

Informanten fortel at fylkeskommunen er aktive i fleire regionale utviklingsprogram og -prosjekt. Døme på dette er Regionalt innovasjonsprogram (som omfattar

næringsliv, kunnskapsinstitusjonar og fylkeskommunen), VRI, fleire klyngeprosjekt og Byforum (eigeninitiert program med Oslo og dei største kommunane i Akershus) med fokus på tettstadutvikling og levande lokalsamfunn. Av nasjonale prosjekt nemner informanten særskilt Bolyst, Omdømmeskolen og Fremtidens byer. Fylkeskommunen er ifølgje same informant aktive i internasjonale utviklingsprogram, utan at ho kjenner særleg godt til dette feltet.

Informasjon om kompetanse, tiltak og utviklingsprogram retta mot kommunane, formidlast gjennom fleire ulike kanalar. Aktiv informasjon og dialog skjer gjennom kontakt mot regionråd (både politisk og administrativt (topp)nivå) og tett dagleg kontakt på administrativt nivå. I tillegg formidlar ein informasjon gjennom e-post og telefon. Kommunane brukar også fylkeskommunen sine nettsider ein del, for å halde seg informert.

Fylkesordførar og -rådmann har halvårlege kontaktmøte med alle ordførarar og rådmenn i fylket. Dette oppfattast som viktig for både ordførar og rådmann. Ein ser det dessutan som heilt avgjerande at sakshandsamarnivået byggjer nettverk til kommunane. Dette skjer særleg i samband med kommuneplanhandsaming (der ein i oppstartsmøte involverar aktørar frå det regionale partnerskapet: Statens vegvesen, Jernbaneverket og Fylkesmannen i tillegg til fylkeskommunen. Dessutan møtest fylkeskommunen og politiske og administrative representantar for kommunane i fleire andre fora og partnerskap.

3.2.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Som nemnt innleiingsvis, legg statuskartlegginga vekt på korleis kommunane vurderer fylkeskommunen si støtte, rådgjeving og samordning av lokalt og regionalt utviklingsarbeid. Undersøkinga omfattar difor eit sett av spørsmål knytt til slike vurderingar. Her skal respondenten, den einskilde kommunen³, gje score på ei rad område knytt til fylkeskommunen sitt arbeid med lokal samfunnsutvikling, sentrale for LUK-satsinga. Scoreskalaen frå 1 - 6 er definert frå 1 - heilt usamd til 6 - heilt samd. Scoren er merkt med farge: Lys gul farge tyder at scoren ligg mellom 3 - 4,

³ Ved rådmann eller ein person rådmann delegerer oppgåva til

dvs. kva ein kan kalle ei nøytral vurdering. Negative vurderingar er alltid merkt i rosa og positive alltid i lysblått.

Tabell 5: Kommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittstal for Akershus, Region aust, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Akershus | Aust | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 3,1 | 4,0 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,1 | 3,1 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 2,8 | 3,5 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,4 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 4,5 | 2,8 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 2,4 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 3,0 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 2,6 | 3,6 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 4,9 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 3,4 | 4,0 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 1,5 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,9 | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering

 Nøytral vurdering

 Positiv vurdering

Som ein ser er kommunane i Akershus relativt kritiske til det arbeidet fylkeskommunen gjer med tanke på viktige sider ved lokal samfunnsutvikling. Deira vurdering er dessutan gjennomgåande meir kritiske enn landssnittet. Ikkje på noko punkt er dei spesielt positive til arbeidet fylkeskommunen driv, dvs. score utover 3 - 4. Medan landssnittet t.d. er positivt (4,1) til ein generell vurdering av fylkeskommunen si rolle (fylkeskommunen er ein viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn), er svarkommunane i Akershus nøytrale mot kritiske (3,1). Dei er dessutan langt meir kritiske (eller mindre positive om ein vil) enn regionen dei er del av (4). Det er kanskje verdt å merke seg at dei ikkje avviker så mykje frå gjennomsnittet av store kommunar (3,4) i heile landet på denne påstanden. Særleg kritiske er kommunane tilsynelatande til korleis fylkeskommunen arbeider med internasjonale prosjekt kommunane kunne dra nytte av (her meiner dei at fylkeskommunen både har dårleg oversikt over slike prosjekt og i liten grad klarar

å sikre deltaking i dei). På dette punktet er landsnittet positive til fylkeskommunen si rolle, altså stikk motsett av Akershus. Her har mange av respondentane svart ”inga meining”, noko som tyder at scoren kanskje har liten verdi. Det same er tilfellet på spørsmålet om fylkeskommunen har dårlig oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt, der 7 av 9 kommunar svarar ”inga meining”.⁴ Me ser samstundes av *Tabell 4* (deltaking i internasjonale utviklingsprogram) at Akershus-kommunane sjølv ser seg som sterke på internasjonalisering. Kvifor dei så har så vidt lite formeining om fylkeskommunen sitt arbeid med internasjonale prosjekt er uvisst.

Svarkommunane frå Akershus er også kritiske til om fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på en god måte. Her gir dei fylkeskommunen ein score på 2,4 mot landsnittets (nøytrale) 3,4. Dei er også langt under gjennomsnittet for region aust (3,5). Vidare vurderer kommunane fylkeskommunen til å vere relativt svake på å koordinere utviklingstiltak på tvers av kommunegrensene. Her scorar Akershus 2,6 mot regionen med (nøytrale) 3,6 og landsnittet med (nøytrale) 3,5. Dei tre siste snittverdiane er dessutan basert på score frå nær alle respondentane (Jf. Vedlegg 2).

Det er dessutan verdt å merke seg at Akershus meiner samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har et stort utviklingspotensial (4,9). Her er dei derimot på linje med resten av landet som i snitt scorar 4,5 på dette spørsmålet.

Kommunane i Akershus har høg sjølvtilitt når det gjeld lokalt utviklingsarbeid. Samstundes, og dette heng truleg saman, er dei generelt kritiske til fylkeskommunen på dette området. LUK-kontakten meiner på si side at det finst forbettringspotensial på fleire av dei områda der kommunane gjev inntrykk av at alt er bra. Ikkje minst gjeld dette på kompetanseområdet. Akershus si geografiske og demografiske plassering og posisjon er eit viktig utgangspunkt for å forstå den dynamikken som dette må seiast å utgjere. Det er truleg slik at fleire av kommunane i fylket fullt kan måle seg med fylkeskommunen med omsyn til ressursar, profesjonalitet og kompetanse. Det vil påverke kva ambisjonsnivå kommunane legg seg på i utviklingsspørsmål. Dette tyder likevel ikkje at ikkje fylkeskommunen kan ha atskillig å bi-

⁴ For oversyn over kommunevis svarfordeling på skalaen frå 1 - 6, sjå Vedlegg 2.

dra med i samordning og koordinering av kommunale og regionale prosjekt - sjølv i møte med kravstore og ambisiøse kommunar. Det verkar sentralt å bli samd om kva utfordringar, mål og virkemiddel er eller bør vere, og deretter korleis rollefordelinga bør vere mellom kommune og fylkeskommune.

3.3 Aust-Agder

3.3.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Stadutviklingsprosjekt har tradisjonelt ligge hjå næringsavdelinga i Aust-Agder fylkeskommune, men planavdelinga har kome meir inn i det siste. Vår informant seier som mange andre at det er vanskeleg å talfeste kor mange som arbeider med lokal samfunnsutvikling, men skriv i ein utfyllande e-post i etterkant av intervjuet at:

... jeg forhørt meg litt og man kan kanskje si at det dreier seg om ett til to årsverk. Dette er fordelt på fem til seks personer, kanskje flere avhengig av hvordan man definerer "lokal samfunnsutvikling".

Fylkeskommunen sitt arbeid med lokal samfunnsutvikling er organisert i ein regional- og ein planavdeling. Informanten fortel at:

De fleste på planavdelinga har faste saksbehandlingsoppgaver knytta til reguleringsplaner, dispensasjoner osv. Men nå får man også være mer med på utviklingsbiten... tidligere var stillingen fordelt sånn at folk jobba enten med det ene eller det andre. Men ... etter hvert som mange har slutta så har man fordelt arbeidsoppgaver på de personene som er her, så alle får være litt ute og litt på kontoret.

Informanten meiner det av og til kan vere mangel på informasjons og/eller kompetanseflyt mellom avdelingane. Plan føler at dei skulle visst meir om kva næring "driver på med", men dette har blitt betre i det siste, ettersom mange nye medarbeidarar har kome til og dessutan fått nye "tverrfaglege" arbeidsoppgåver. Det har dessutan vokse fram eit medvete haldning til at både plan og region bør "ut".

3.3.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Aust-Agder fylke består av 15 kommunar. Av desse er 9 små (< 5000), 4 mellomstore (5001 - 20 000) og 2 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 8 (53,3 %) av desse kommunane. Av desse var 5 små, 2 mellomstore og 1 store. Me ser m.a.o. at utvalet er ganske representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

Tabell 6 syner kva kommunane sjølv meiner om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse:

Tabell 6. Oversikt over kommunane i Aust-Agder si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region sør, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Aust-Agder | Sør | Små | Middels | Store | Landet |
|--|------------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,0 | 4,4 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 5,9 | 4,8 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,1 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,0 | 3,0 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,1 | 4,4 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,6 | 4,3 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 50,0 | 62,5 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 25,0 | 37,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 25,0 | 33,1 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 5,1 | 4,4 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 37,5 | 54,2 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Første spørsmål handlar om i kva grad det er samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Me ser at gjennomsnittet av svarkommunane i Aust-Agder i noko grad vurderer at eit slikt samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar finn stad (4 på skalaen frå 1 til 6). Regions- og landsgjennomsnittet for dette spørsmålet er høvesvis 4,4 og 4,5. Med tanke på at eit slikt tverrfagleg og -sektorielt samarbeid blir vurdert som ein suksessfaktor for vellykka samfunnsutvikling, er dette eit felt med forbettringspotensiale, også i følgje kommunane sjølv. Elles ser ein at mykje av vurderingane er nøytrale eller positive. Kommunane vurderer med andre ord seg sjølv til å ha nokså god eller god kompetanse på utviklingsarbeidet. Særleg gjeldt dette kommunane si vurdering av kompetanse på planlegging. Her scorar dei seg sjølv særst høgt (5,9). Gjennomsnittet for region Sør (i tillegg Telemark, Vest-Agder og Vestfold) er 4,8. Landsgjennomsnittet her er 4,4. Når det gjeld kapasitet, scorar kommunane 3 mot landsgjennomsnittet på 3,3. Det tyder at vurderinga av kapasitet ligg heilt i botn av kva me oppfattar som nøytral score, og dessutan under landsgjennomsnittet. Me ser likevel at heile regionen ligg lågt med tanke på dette punktet (2,8). Det at Aust-Agder scorar relativt svakt her, samsvarar vel godt med det inntrykket LUK-kontakten i fylket formidlar i intervjudelen.

Det er verdt å merke seg at kommunane har positive vurderingar av eigne planar og strategiar og i kva grad desse er nedfelt i kommuneplanverket. Ein kan likevel hevde at det er mykje å gå på for å komme opp på særst godt - potensialet for LUK-satsinga er klart til stades.

Aust-Agder scorar relativt dårleg på deltaking i utviklingsprogram og -prosjekt. Særleg gjeld dette nasjonale og internasjonale prosjekt, der berre 1 av 4 kommunar svarar ja på spørsmålet om slik deltaking. Landssnittet er høvesvis 36 og 29 %, eit gjennomsnittstal som i seg sjølv ikkje er særleg høgt. Med tanke på det høge talet kommunar innanfor distriktpolitisk verkemiddelområde, er det litt underleg at ikkje fleir i alle fall meiner dei tek del i nasjonale prosjekt. For internasjonale program/prosjekt, er kanskje årsaka til låg deltaking å finne i (den relativt svake) scoren gitt for kommunal kapasitet.

Eit anna av måla med surveyundersøkinga var å kartleggje i kva grad kommunane opererer med eit breitt verdiskapingsperspektiv. Eit mål på eit slikt perspektiv er i kva grad ein involverer ulike samfunnsaktørar i utviklingsarbeidet. Mellom anna spurde me om i kva grad kommunen legg vekt på mobiliseringsarbeid for å få inn-

byggerar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn. Her ligg kommunane i Aust-Agder best an i landet, etter eigen vurdering. Dei gjev scoren 5,1, godt over både regions- og landsgjennomsnittet på 4,4 og 4,2. Likeins vil etableringa av ulike arenaer for mobilisering av "engasjerte innbyggjarar" kunne signalisere i kva grad ein kommune verkeleg ynskjer ei brei oppslutning om utviklingsarbeidet sitt. Me spurde difor om kommunane hadde etablert nettverk eller møteplassar med fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert. Talet kommunar som svarar ja til dette er 37,5 %, som er nest svakaste ja-svarprosenten i landet. Det er ikkje sikkert kommunane som har svart ser ein tydeleg samanheng mellom dei to siste spørsmåla, men ein kan undre på kvifor scoren er så vidt sprikande. Det kan ha samanheng med at ynskje om å involvere "folk flest" er stort, medan ein ikkje har kome ordentleg i gang med arbeidet.

3.3.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Aust-Agder er, i følgje vår informant, prega av variasjon også når det kjem til utfordringar kommunane står ovanfor. Men dei største utfordringane generelt er likevel innanfor kapasitet og kompetanse. Planstillingar ute i kommunane har blitt ståande ledige etter tidlegare tilsette. Dette har dels ført til at det manglar kompetanse i kommunen og dels at det er vanskeleg for fylkeskommunen å få kontinuitet i arbeidet med å støtte kommunen. Informanten legg vekt på problema med å få kvalifiserte søkarar når stillingar blir lyst ut: "Det er mange flinke folk rundt i kommunene, men de får veldig mye å gjøre. Som ei konsekvens av det, kanskje, så blir de ikke så lenge i den nye jobben...". Denne poengteringa av manglande fagmiljø, og dermed sårbare og personavhengige utviklingsmiljø, er noko mange av informantane nemner, og som også er kjend frå tidlegare forskning (Ringholm, Aarsæther, Nygaard og Selle 2009).

Fylkeskommunen sitt inntrykk, som bygger på innspel frå kommunane, er at det er vanskeleg å få til langsiktig planlegging og få politikarane med på å tenke lenger enn enkeltsaker. Planarbeidet og kvaliteten på det varierer frå kommune til kommune. Dei aller fleste brukar ekstern, innleidd kompetanse i planarbeidet, mykje pga. kompetanse/kapasitetsproblematikken som er skissert. Informanten meiner

dette gjev tilfredstillande og godt forankra planar, då kommunane likevel er svært sentralt med i prosessane.

Fylkeskommunen støttar kommunane på fleire måtar i utviklingsarbeidet. Mellom anna arrangerer ein planfagleg nettverk, to til tre seminar og samlingar i halvåret, der ein satsar på kompetanseheving og -utvikling.

Næringsutviklingsstøtte består av økonomiske utviklingsmidlar til stadutviklingsprosjekt til prosess og planlegging (ikkje til fysiske tiltak). I tillegg er fylkeskommunen deltakar i ulike prosjektgrupper ute i kommunane, der ein har fokus på erfaringsutveksling og samordning med andre kommunar.

Aust-Agder har lagt vekt på å støtte kommunane gjennom ulike kompetansehevingstiltak. I 2009 arrangerte fylkeskommunen kurs i prosessutvikling i samband med stadutvikling. Tidlegare har det blitt køyrt fleire kurs i kulturminnevern, PLP-organisering og kompetanseheving på etablerarrettleiing og entreprenørskap retta mot næringsmedarbeidarar i kommunane. Medarbeidarar i både plan- og næringsavdelinga sit i ulike styringsgrupper rundt i kommunane, der dei driv både utviklings- og samordningsarbeid.

Fylkeskommunen mobiliserer til og initierer prosjekt, men ikkje utan å vere i dialog med kommunane. Det må vere ein vilje, nokon som brenn for prosjektet ute i kommunane. Informanten fortel: ”Jeg vet det har vært folk ute for å få ting i gang i kommunene, men om man ser at det liksom stopper opp, etter de møtene, at man ikke kommer videre, så avventer fylkeskommunen”.

Av ulike verktøy fylkeskommunen tek i bruk, legg informanten vekt på kompetanseheving og nettverksutvikling. Kommunane er invitert til å kome med tema dei ynskjer å ha fokus på. Hausten 2010 går det ei kursrekke innan temaet estetikk og landskap. I tillegg arrangerer ein eit seminar om utbyggingsavtaler i planprosessar og gjennomføring av planlegging.

Aust-Agder har nettopp fått ny regionplan saman med Vest-Agder. Den er tatt i bruk, men kunne i følgje informanten sikkert blitt brukt endå meir. Planen er bygd på bakgrunn av fleire arbeidsgrupper med ansvar for ulike tema. Kristiansand og Arendal kommune har vore involvert saman med dei to fylkeskommunane. Sidan har det vore fleire høyringsrundar, der det har kome inn svar. Slike overordna plan og strategiprosessar er potensielle arenaer både for involvering og forankring, med andre ord ein slags prøvestein for lokaldemokrati og lokal medverking. Informan-

ten har ikkje opplevd kritikk korkje i media eller direkte frå kommunar om at prosessen har vore mangelfull eller for sentralstyrt, men seier og: ”Men jeg vet ikke i hvor stor grad kommunene har gjort noe utover å komme med de høringssvara”.

Informanten fortel at fylkeskommunen har utarbeidd regionalt utviklingsprogram (RUP), men at dette arbeidet hovudsakeleg drivast fram av næringsavdelinga. Av nasjonale program har ein vore aktivt med på program og prosjekt som Bolyst, Funk, Småsamfunnssatsinga og Blest. Av internasjonale prosjekt har ein delteke på Interreg-programmet LISA (Landsbyutvikling i Skandinavia), der fylkeskommunen også har bidrege økonomisk.

Fylkeskommunen er både aktive og passive i informasjonsarbeidet ut mot kommunane. I samband med utarbeidinga av RUP, blir alle kommunane aktivt bedne om å kome med innspel. Når det gjeld nasjonale satsingar, sender ein ut informasjon per e-post. Fylkeskommunen har nye nettsider/innbyggjarportal som dei har brukt mykje tid og ressursar på. Her er det også tenkt inn bruk av sosiale medium og nettverksfunksjonalitet.

Fylkeskommunen bidrar og til fleire arenaer der dei kan møte og informere kommunar om relevante saker, samt at kommunane treffast seg i mellom. Særleg gjeld det Planforum og Planfagleg nettverk. Planforum er kvar 14. dag. Her møter fylkeskommunen si planavdeling, samt andre relevante aktørar frå fylkeskommunen, som t.d. Folkehelse eller Kulturminnevern. Dette er samstundes arena for det regionale partnarskapet: fylkesmannen, fylkeskommunen og Vegvesenet. Før møtte ein alle kommunar som hadde planarbeid på gang eller under sakshandsaming, men dette fungerte ikkje optimalt, så no er det berre dei kommunane som melder inn planarbeid dei ynskjer diskutert, som blir invitert. Problemet med denne arenaen er at den blir lite dynamisk. Informanten opplever at alt blir ”i henhold til plan og bygningsloven”, og seier vidare: ”Det blir ikke så veldig utviklingsretta, det blir ikke det”. Næringsavdelinga opplever derimot kommuneplanmøta som både utviklingsorienterte og positive. Uavhengig av om denne arenaen er den rette, så er det eit sagn at ein ikkje kan møtast til meir utviklingsorientert samarbeid (ein håpar her på LUK).

Fylkeskommunen prioriterer å reise ut til kommunane, og på førespurnad er dei raske til å ta turen. Dette opplevast som viktig i forhold til det planfaglege rettleingsansvaret fylkeskommunen har, samt oppfølging i forhold til næringsutvikling.

Informanten seier: ”Vi drar ut hvis vi får forespørsler, enten på befaringer eller... veldig ofte i forhold til kommuneplanar”. Likeins er det viktig: ”Å vise at vi er litt interessert... at vi prioriterer det”. Det er derimot stor variasjon mellom dei ulike kommunane, om dei inviterer og kor mykje dei vil involvere fylkeskommunen.

Eit problem i forhold til bygging av nettverk, utveksling av kompetanse osv., er at kommunane kan stå i eit konkurranseforhold seg i mellom. Dette er ei problemstilling som fleire av våre informantar frå fylkeskommunen fortel om. Dette er særleg ei utfordring med tanke på samordningsrolla som fylkeskommunen har, og som er svært viktig. Informanten meiner dette hang saman med: ”I og med at det er så små forhold her, eller i fylket da... det er jo gjerne de samme innbyggerne og bedriftene de konkurrerer om”. Næringsavdelinga fortel på si side at det gjennom nettverksarbeid, med kommunar med samanfallande utfordringar, har oppstått ein slags fellesskapsfølelse. Ein opplever dessutan at det har komme ynskje frå kommunane sjølv, at ein skal bli flinkare til å ”se større på ting”, at ein skal sjå utover eigen kommunes kortsiktige interesser.

3.3.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 7: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region sør, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Aust-Agder | Sør | Små | Middels | Store | Landet |
|--|------------|-----|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,6 | 4,0 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,5 | 3,0 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 4,3 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,6 | 2,6 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 4,1 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 3,6 | 3,8 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 3,9 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 4,0 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 4,3 | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 2,7 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,9 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som ein ser, er svarkommunane i Aust-Agder relativt nøgde med mykja av det arbeidet fylkeskommunen gjer og den rolla dei spelar i høve lokalt utviklingsarbeid. Det er verdt å merke seg at på spørsmålet om fylkeskommunen blir oppfatta som ein viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn, eit spørsmål av generell og overordna karakter, gir kommunane fylkeskommunen scoren 4,6. Dette er ein god score, faktisk høgast i landet, saman med Hedmark. Regionsgjennomsnittet er på 4, medan landsgjennomsnittet er på 4,1.

Vidare ser me at fylkeskommunen opplevast som ganske gode på å skape samhandlingsarenaer for utviklingsaktørar. Likeins opplever svarkommunane i god grad å ha samanfallande syn på mål og tiltak for å skape attraktive lokalsamfunn.

Tre av fire svarkommunar svara at dei ikkje var med i internasjonale utviklingsprogram eller -prosjekt. Kanskje ikkje så rart då at gjennomsnittsscoren på påstan-

den om at fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er pådrivar i forhold til EU-prosjekt, er på relativt svake 2,7. Her er Aust-Agder fylkeskommune i godt selskap: landsgjennomsnittet er på 2,9.

På spørsmål om å vurdere om det finst eit potensial for betre samhandling og samarbeid mellom kommune og fylkeskommune, scorar kommunane i gjennomsnitt 4,9. Dette er nokså høgt, men ikkje nødvendigvis negativt av den grunn. Ein kan like gjerne velje å sjå dette som eit uttrykk for ambisjonar hjå svarkommunane om at dette samarbeidet har potensial til å bli verkeleg godt.

3.4 Buskerud

3.4.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

På spørsmål om talet på årsverk som arbeider med lokal samfunnsutvikling i Buskerud fylkeskommunen, vurderer vår informant at meir eller mindre hele utviklingsavdelinga, nesten 60 medarbeidarar, i ei eller annan form arbeider med lokal samfunnsutvikling. Dette er eit svar og ei oppfatning av korleis fylkeskommunen arbeider med samfunnsutvikling som gjeng att i fleire av intervjuene me gjorde. Fleire syntes det var svært vanskeleg å skulle talfeste kor mange som jobba med dette ansvarsområde, dels fordi dei meinte det kunne vere vanskeleg å definere lokal samfunnsutvikling og dels fordi ein eventuell slik definisjon ikkje så lett utgjer ei naturleg ramme for spesifikke årsverk. Eit døme som ofte gjekk att, var medarbeidarar i planavdelinga som både arbeidde aktivt ut mot kommunenivået, gjerne via planforum eller liknande, men som samstundes nytta delar av arbeidstida til konkret sakshandsaming. Skulle ein så rekne alt dette arbeidet som relatert til lokal samfunnsutvikling, eller berre i dei høva der ein var direkte inne i utviklingsarbeid av strategisk karakter? Eit anna døme, som denne informanten nytta, er arbeidet med folkehelse. I ein vid definisjon av lokalt utviklingsarbeid, vil folkehelsearbeid av typen tilrettelegging/universell tilpassing, utvikling av friluftslivsområde osv. vere viktige element i utviklingsarbeidet i fylket. Vår informant understrekar m.a. at: ”de sosioøkonomiske aspekta er vel så viktige som de fysiske [ved lokalt samfunnsutviklingsarbeid]” Korleis folk har det der dei bur, i kva grad dei har eit godt kulturelt tilbod osv. er faktorar som spelar inn, kanskje i like stor grad som ar-

beidsmarknaden på staden - eller som informanten seier: ”Mange elementer spiller inn i forhold til om et sted utvikler seg positivt eller negativt”.

Dei ulike medarbeidarane som jobbar, i meir eller mindre vid forstand, med lokalt samfunnsutviklingsarbeid, er knytt til sju team: 1) by og regionalutvikling 2) kompetanse, innovasjon og næring 3) klima energi og miljø 4) reiseliv 5) kultur og kulturturnæringar 6) plan og 7) kulturminne. I tillegg har fylkeskommunen tilsett fem regionrådskontaktar som fungerer som bindeledd mellom kommunalt regionråd og fylkeskommunalt nivå.

Buskerud fylkeskommune har i følgje informanten god kompetanse på dei fleste samfunns spørsmål per i dag: Geografar, samfunnsøkonomar, samfunnsvitskap, kulturutdanning, reiseliv osv. Det som i nokon grad manglar er kompetanse på næringsarbeid. Mykje av denne kompetansen forsvann saman med Innovasjon Noreg i og med omlegginga av organisasjonen. Det er slik ikkje så mange som kjenner bedriftslivet lenger, og kva dei etterspør. Det er i dag liten mobilitet mellom privat og offentlig (fylkeskommunal) sektor, mykje pga. lønnsnivå, noko informanten er kritisk til. Det er god kommunikasjonsflyt mellom avdelingar og team, m.a. med teamleiar møte kvar 14. dag. Ein set også i saman tverrteamleg arbeidsgrupper ved behov, der ein hentar den beste kompetansen uansett kva team det er snakk om. Informanten legg m.a. vekt på at: ”Det er veldig farlig dersom du får for tette skott mellom team eller avdelingar, da mister du mye tverrfaglighet og ’nye’ måter å løse problemer på”.

Buskerud var det fyrste fylket med regional planstrategi (2009-2012), der eit av hovudsatsingsområda var kommunar med nedgang i folketal (11 av 13 distriktskommunar). Regional planstrategi er overordna plandokument for fylkeskommunen sitt arbeid, med årleg rullerande handlingsprogram for alle deler av arbeidet. Regionane har vidare eigne strategiar og kommunane utgjer botnen på alt dette med sine kommuneplanar (særleg samfunnsdelen, men og arealdelen). Retninga i dette plansystemet er i følgje informanten i stor grad nedanfrå og opp. Erfaringa er at: ”det hjelper ikke så mye om fylkeskommunen bestemmer det og det... at det skal legges vekt på, viss ikke kommunene er enige. Da kommer du ingen vei”. Informanten meiner, i likskap med svært mange av dei andre me har intervjuet i fylkeskommunane, at ny plan og bygningslov med kommunale planstrategiar vil gi eit heilt anna og betre verkty å jobbe med. Ikkje minst er det ei forventning til at dette

vil betre dialogen mellom kommune, region og fylkesnivå, samt i større grad å sikre forankring og medverking lokalt.

3.4.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Buskerud fylke består av 21 kommunar. Av desse er 11 små (< 5000), 5 mellomstore (5001 - 20 000) og 5 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 11 (52,4 %) av desse kommunane. Av desse var 6 små, 2 mellomstore og 3 store. Me ser m.a.o. at utvalet er nokså representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik, med et lite unnatak for dei mellomstore. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

For å gje eit bilde av kva kommunane sjølv meiner om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse, var delar av spørjeundersøkinga retta mot slike spørsmål. I dette kapitlet syner me resultatet av kva dei ulike kommunane i Buskerud svarte, sett imot regions- og landsgjennomsnittet. Dette går fram av *Tabell 8*.

Tabell 8: Oversikt over svarkommunane i Buskerud si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region aust, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Buskerud | Aust | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,9 | 4,9 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,8 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,9 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,2 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,6 | 3,5 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,4 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 5,4 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 5,1 | 4,9 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 90,9 | 82 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 44,4 | 40,0 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 33,3 | 39,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,6 | 4,3 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 60,0 | 59,5 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Kommunane i Buskerud er som ein ser relativt positive til samarbeidsklimaet på tvers av sektorar, etatar og avdelingar. Her scorar dei 4,9 noko som ligg på gjennomsnittet for regionen og litt over landsgjennomsnittet. Dei neste spørsmåla omhandlar svarkommunane sitt syn på ulik kompetanse på lokal samfunnsutvikling. Buskerud skil seg i liten grad frå regionen og landet på desse spørsmåla. Kommunane her er jamt over nøgde med innsatsen utan å gje toppkarakter. Forbetringspotensialet er til stades. Ein kan merke seg at Buskerud-kommunane er over snittet nøgde med eigen kompetanse på å gjennomføre utviklingsarbeid. Her scorar dei 4,5, medan regions- og landsgjennomsnitt er høvesvis 4,2 og 4,2.

I tråd med resten av landet er Buskerud nøytrale i forhold til eigen kapasitet (3,6), men likevel svakt meir positive enn landsgjennomsnittet (3,3). Svarkommunane er derimot relativt godt nøgde med eigen innsats i høve strategisk arbeid og forankring i kommunalt planverk. Særleg ser dei seg sterke på å knytte utviklingsarbeidet an i samfunnsdelen av kommuneplanen, der dei vurderer dei seg sjølve til 5,4. Dette er den høgaste scoren av alle fylke. Regions- og landsgjennomsnittet er dessutan 4,7 og 4,6. Som ein ser, er dette eit punkt der store kommunar gjennomsnittleg scorar høgt (5,4). Ein kan tenkje seg at store kommunar lettare kan skaffe ein type kompetanse og byggje sterke fagmiljø rundt plan- og strategiarbeid enn små. Ser ein på landsgjennomsnittet for store og små kommunar for spørsmålet om kapasitet til utviklingsarbeid, syner scoren at dette i nokon grad stemmer: store kommunar scorar 3,8 mot små kommunar 3,2. Mangel på kapasitet og strategisk kompetanse i dei minste kommunane er noko vår informant i Buskerud fylkeskommune også held fram. I lys av dette er det interessant at Buskerud fylke, med eit ganske stort innslag av småkommunar, scorar bra på dette punktet. (Små)kommunane ser kanskje ikkje like svart på kompetanse og kapasitetsproblematikken som ein kan få inntrykk av?

På spørsmål relatert til om kommunen vektlegg eit ”breitt” aktørperspektiv i utviklingsspørsmål, ligg Buskerud litt over og på linje med regions- og landsgjennomsnittet. På spørsmål om ein har freista å engasjere ”folk flest” i slikt arbeid, vurderer ein seg sjølv til 4,6 på skalaen frå 1 til 6 (der 6 er best). Dette er godt over regions- og landsgjennomsnittet på 4,3 og 4,2. På spørsmål om ein har utvikla konkrete arenaer for tverrfagleg utviklingsarbeid, svarar nøytrale og gjennomsnittlege 60 % ja til det.

3.4.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

I eit fylkeskommunalt perspektiv, handlar mykje av arbeidet med støtte, rådgjeving og samordning om kva utfordringar ein opplever kommunane står ovanfor. Buskerud er, i følgje vår informant, prega av til dels store forskjellar på kommunane både med omsyn til demografi (folketalsutvikling) og økonomi. Nedre del (Drammensområdet) er pressområde pga. nærheit til Oslo, medan den øvre delen er fråflyttingsområde. Presskommunane har ofte ”vekstmerter”, og klarar ikkje å følgje med i kommunale investeringar for å oppretthalde tenestetilbod. I dei øvre delane

slit mange med kompetanseproblematikk, og andre problem knytt til fråflytting og aldrande befolkning.

Også på plan/utviklingssida i kommunane er det i fråflyttingskommunane eit kompetanseproblem. Ein kommunen har ifølgje informanten:

... vært på vill jakt etter kommuneplanlegger, uten å få tak i noen. Mens hvis du lyser ut en sånn stilling her i Drammensregionen, så får du kanskje 50 søkere, ikke sant...

Fleire kommunar slit med å utarbeide strategiar og planar som kan demme opp for både fråflytting og problem som slik flytting fører med seg. Dette er bakgrunnen for det særskilte fokuset/satsinga på fråflyttingsproblematikk i Buskerud fylkeskommune sitt strategiske planarbeid. Fylkeskommunen skal slik bistå kommunane på arbeidsmetodar som er betre enn det dei har i dag. Sentralt i denne ambisjonen står strategiske planstrategi og både økonomisk og kompetanse/nettverksmessig støtte er aktuelt i dette arbeidet. Ein har dessutan gode døme på vellukka samarbeid via regionane, t.d. prosjektet "Lys i alle glas" som freistar å utnytte potensialet i tomme gardsbruk.

Fylkeskommunen deltar aktivt med *rådgjeving*, dels i styrings- og referansegrupper og dels gjennom direkte kontakt og rådgiving med prosjektleiarar (*vidaresendingskompetanse* er viktig i følgje informanten).

Fylkeskommunen utfører vidare ein god del *samordningsarbeid*, både nasjonalt og internasjonalt og dessutan over sektorgrenser. Informanten fortel at ein over fleire år har lagt vinn på å praktisere ein såkalla *triple helix* -modell som involverar samarbeid mellom tre likeverdige aktørar: næring, myndigheiter og akademia (Leydesdorff 1997).

Buskerud fylkeskommune både mobiliserar til og initierer prosjekt, særleg via strategiarbeid. Eit døme er ein ny reiselivsstrategi som har kome til gjennom eit tett samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane og reiselivsnæringa. Dette dømet er ikkje unikt, ein jobbar i følgje vår informant aktivt med slike prosjekt, knytt opp mot næringsdelen av den regionale planstrategien. Samstundes peikar informanten, som fleire andre av dei me har intervjuet, på dilemmaet som ligg i kryssingspunktet mellom å skulle mobilisere kommunenivået eller initiere egne prosjekt, og samstundes ikkje skulle "trenge" seg på kommunane:

Det kan være tungt å dra i gang ting, fordi vi skal ikke overkjøre kommunene på noen måte. Det er veldig viktig i vårt arbeid generelt, vi er ikke noen overkommune. Og hvis kommunen føler at vi går altfor langt inn på deres enemerker, så sier de veldig klart frå.

Informanten fortel at dette er ein problemstilling ein frå fylkeskommunen prøver å vere svært medvetne på, eller som han seier: ”vi har det i ryggmargen”.

Fire av fem regionar har utvikla strategiar for utviklinga av regionen. Fylkeskommunen har delteke tett i utviklinga av desse, og følgjer dei opp vidare. Liknande utviklingsplanar og -program finn ein innan kulturminnevern, kulturnæringar, reiseliv osb. Også dette er planar laga i saman med kommunane og som blir følgt opp. Mykje av fylkeskommunen sine midlar til lokalt samfunnsutviklingsarbeid går også ”direkte” (i praksis, formelt sett må dei innom fylkesutvalet) til regionale program. Av nasjonale program blir Hardangerviddaplanen, Bolyst (mange søknadar men få fekk løyving) og LUK nemnt. I tillegg får Buskerud omstillingsmidlar til ein kommune. Internasjonale program omfattar m.a. Padima (policies against depopulation in mountain areas), eit Interreg 4 c-prosjekt og Verdi (verdiskaping rundt verna områder), eit KASK, Interreg 4 a-prosjekt.

Ein viktig del av den faglege og økonomiske støtta til kommunane er informasjonsflyt mellom ulike forvaltingsnivå samt etablering og vedlikehald av velfungerande arenaer og møteplassar. Særleg viktig er det at slik informasjon og slike arenaer står fram som samordna, slik at kommunane slepp å takle svært mange, med til dels overlappende innhald og formål. I Buskerud freistar ein å sikre god samordning og informasjonsflyt gjennom den rolla regionkontaktane ved regionråda har som primærkontaktar. Dei deltek både i rådmannsforum og i regionrådsmøte. Likeins legg fagpersonar i fylkeskommunen vinn på å reise mykje rundt i fylket. Vår informant hevdar at: ”Vi får ikke gjort jobben vår hvis vi bare sitter i Drammen”.

Fylkeskommunen spelar ei aktiv rolle i ulike formar for nettverksbygging, der spesielt det regionale partnerskapet (Fylkesmannens landbruksavdeling, Innovasjon Noreg (IN) og fylkeskommunen) står sentralt i arbeidet med å oppnå målsetjinga om å utgjere ein tydeleg og samordna eining for kommunane. I dette ligg m.a. ei samordning av Fylkesmannen, fylkeskommunen og IN sine bygde/regionalutviklingsmidlar. Fylkeskommunen har partnerskapsavtaler (langsiktig samarbeidsavtale m/ årlege handlingsplanar) med Høgskolen i Buskerud, SIVA, IN

og fleire næringshagar, nettverk som er tilgjengelege også for det kommunale nivået.

Informanten trekkjer vidare fram nettverk som regionråd, regionalsjef- og næringsjefkollegium, og dei internasjonale nettverka Osloregionens Europakontor, Assembly of European regions (AER) og Baltic Sea States Subregional Co-operation (BSSSC) som viktige.

3.4.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 9: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region aust, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Buskerud | Aust | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,2 | 4,0 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,1 | 3,1 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,5 | 3,5 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 4,1 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 3,1 | 2,8 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,7 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 3,8 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 4,0 | 3,6 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 4,2 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 4,7 | 4,0 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 3,3 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,5 | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som det går fram av *Tabell 9*, meiner kommunane at Buskerud fylkeskommune heilt klart har eit forbetningspotensial med omsyn til desse spørsmåla. Generelt meiner dei likevel at fylkeskommunen er ein viktig bidragsytar i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn. Her er svarkommunane over både regions- og landsgjennomsnittet med 4,2. Forskjellane er likevel små (Aust 4, landet 4,1).

På eit par punkt skil fylket seg negativt ut. For det første scorar fylkeskommunen dårlegare enn gjennomsnittet både for regionen og landet på spørsmål om dei bidrar med nyttig kompetanse. Scoren 4,1 syner klart at mange er samde i at fylkeskommunen nettopp ikkje klarar å bidra med slik kompetanse. Regionen og landet vurderer dette mykje meir nøytralt med høvesvis 3,2 og 3,4. For det andre er fleire samde i at fylkeskommunen ikkje klarar å ha oversikt over relevante utviklingsprogram. Scoren på 3,1 er i ”nøytralt lende”, men likevel over både regions- og landsgjennomsnittet, som har høvesvis ”positive” 2,8 og 2,6. Det bør påpeikast at svarkommunane sjølv svarar at dei er med på ei rad slike program, jamvel fleire enn både regions- og landsgjennomsnittet (jf. *Tabell 8*). Dette kan skuldast at kommunane sjølv meiner dei har tatt initiativet til utviklingsprogram og prosjekt - at fylkeskommunen i liten grad har vore drivkraft her. Det kan også vere utslag av metodiske svakheiter i materialet, t.d. at svarkommunen har fått eit for uklart bilde av kva undersøkinga har lagt i omgrepet utviklingsprosjekt.

Det bør også understrekast at kommunane på fleire område er meir nøgd med fylkeskommunen sitt arbeid enn gjennomsnittet. Sjølv om scoren på spørsmåla om samordning og koordinering mellom fylkeskommunen og kommunar / koordinering på tvers av kommunegrenser / etablering av nettverk, alle er i nøytralt del av skalaen, er dei likevel positiv lesing for fylkeskommunen. Det er også positivt at fylkeskommunen og kommunane i stor grad ser ut til å ha samanfallande syn på mål og strategiar for å drive godt utviklingsarbeid. 4,7 tyder at svarkommunane er mykje samde i dette, og langt fleire enn i regionen og landet elles, der scoren er på 4 og 3,7. Fleire enn gjennomsnittet meiner også at Buskerud fylkeskommune jobbar godt internasjonalt, m.a. med EU-prosjekt.

På spørsmål om kommunen meiner det er utviklingspotensial i samhandlinga og samarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunane, svarar mange kommunar i Buskerud (som dei gjer andre stader) at dei er samde i det. Dette må likevel seiast å vere eit positivt utgangspunkt for vidare dialog og utvikling/forbetring, både innan LUK-satsinga og andre kanalar og program.

3.5 Finnmark

3.5.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Vår informant i Finnmark fylkeskommune meiner det er god tilgang til kompetanse i eigen fylkeskommune. utfordringa er å få samordna denne kompetansen og utnytte potensialet som ligg i tverrfagleg samarbeid. Lokalsamfunnsutviklingsarbeid i fylkeskommunen er organisert under ein utviklingssjef og i hovudsak knytt til dei fire avdelingane for næring, samferdsel, kultur og idrett og utdanning. Som ledd i forvaltingsreforma har særleg nærings- og samferdselsavdelinga blitt styrka med mange nye årsverk. Mange av desse skal også drive samfunnsutviklingsarbeid, slik at ein totalt kan snakke om rundt 35 stillingar som i større eller mindre grad er engasjert i slikt arbeid. Vår informant er oppteken av at samfunnsutvikling omfattar eit breitt spekter av utviklingsoppgåver og at desse må sjåast i samanheng på tvers av sektorar og avdelingar. Her opplever han at fylkeskommunen har eit uforløyst potensial. Mangel på kommunikasjonsflyt fører til sektorbasert tenking om utviklingsoppgåver, noko som snevrar inn forståinga til enkeltvis å gjelde næringsutvikling, plan- og strategiutvikling eller kulturell utvikling osv. Informanten seier det slik: ”Lokalt samfunnsutvikling dreier seg også om næringsutvikling. Men, lokal næringsutvikling dreier seg ikke i samme grad om samfunnsutvikling...”. Informanten fortel at til tross for at han har tolka LUK-satsinga som samfunnsutvikling og ikkje utelukkande næringsutvikling, har Finnmark fylkeskommune vald å fokusere på næringsutvikling. Det er ut frå dette grunn til å stille seg kritiske til i kva grad det er godt tverrfagleg arbeid og kommunikasjonsflyt mellom avdelingane i fylkeskommunen. Det er oppretta eit kommuneforum som skal fange opp ulike interesser knytt til dette arbeidet. Dette fungerer i følgje informanten ”for så vidt greitt”, men fortel vidare at i arbeidet med t.d. LUK-satsinga så har det vore tette skott mellom avdelingane og ”lite samhandling i denne prosessen”.

Informanten kjenner lite til korleis dei andre avdelingane tenker rundt arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Men han meiner kulturavdelinga verkar flinke til å synleggjere sitt eige arbeid i høve lokalsamfunnsutvikling. Dei har m.a. arrangert konferansar og seminar med dette som tema. Planavdelinga har også hatt ei liknande rolle, men utan å gripe heilt fatt i den. Plan- og bygningslova pålegg fylkeskommunen å følgje opp dette på ulikt vis, men dette har i følgje informanten sitt inntrykk

ikkje blitt gjort i stor nok grad. Det er viktig at fylkeskommunen er proaktiv ut mot kommunane, elles blir fylkeskommunen for statisk. Særleg gjeld dette i rolla som rettleiar: ”Kommunene skriker etter veiledning, og har stort behov for det”, hevdar vår informant.

Ein annan fare er at kvar avdeling ”kjører sitt eget løp”, i høve arbeid med lokal samfunnsutvikling:

Det er litt lite kobling mellom kultur og næring her. Og jeg syns... litt lite kobling mellom næringsavdelinga og planavdelinga, når det gjelder dette med utviklingsretta oppgaver. Så jeg har gitt uttrykk for det, at jeg savner større aktivitet og at vi bør være mer proaktive overfor kommunene. Men, jeg har ikke grunnlag for å si helt konkret at planavdelinga ikke er proaktiv, men jeg har en følelse av det.

Vår informant fortel vidare at fylket har eit behov for oppdaterte planverk, både på kommunalt og fylkeskommunalt nivå:

Mitt inntrykk er at fylkeskommunen har vært veldig akterutseilt når det gjelder ressurser til planarbeid. Det betyr at man har ikke vært i den situasjonen at man kunne sette premissene for hvordan kommunene skulle håndtere dette her med planarbeid for eksempel. Det betyr at kommunene har vært, og er også, veldig akterutseilt på plansida. Både samfunnsdelen og arealdelen. Slik at fylkeskommunen har ikke, slik jeg ser det, vært den store premissleverandøren når det gjelder å motivere og stimulere kommunene til planlegging. Det er mitt inntrykk. ... Det kan være mange årsaker til at kommunene ikke lager plan ... men jeg vet at det er veldig få kommuner som har oppdaterte planer; oppdaterte samfunnsplaner og oppdaterte arealplaner. Faktisk vet jeg at i Finnmark nå så er det bare en, kanskje to, kommuner som har oppdatert samfunnsdel. Og arealdelen har vel kanskje en tre-fire-fem kommuner, som er oppdatert. Og ingen har etter den nye plan- og bygningsloven. Men den er ganske ny da... Så mitt inntrykk er at fylkeskommunen har ikke påtatt seg den rolla som er hjemlet i plan- og bygningsloven om å være veileder og motivator for utvikling og planarbeid.

Regionalt partnerskap er etablert og fungerer bra. I Finnmark har ein dessutan tre regionråd (Vest-, Aust-, og Midt-Finnmark).

3.5.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Finnmark fylke består av 19 kommunar. Av desse er 15 små (< 5000), 4 mellomstore (5001 - 20 000) og ingen store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 9 (47,4 %) av desse kommunane. Av desse var 7 små og 2 mellomstore. Me ser m.a.o. at utvalet er nokså representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

Tabell 10: Oversikt over svarkommunane i Finnmark si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region nord, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Finnmark | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 3,3 | 4,1 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,4 | 4,1 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,6 | 3,9 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,3 | 3,8 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,1 | 3,2 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,0 | 4,2 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 3,9 | 4,2 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 50,0 | 75,5 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 37,5 | 39,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 50,0 | 29,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 3,7 | 4,1 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 50,0 | 57,1 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

I forhold til dei andre fylka, både i regionen og på landsbasis, er det ein mindre positiv vurdering kommunane i Finnmark gjev på eige arbeid med samfunnsutvikling. Sjølv om alle svara (med eitt positivt unntak) er i nøytral del av vurderingsskalaen (3-4) er dei gjennomgåande under gjennomsnittet. Dette tyder på at kommunane har eit meir sjølvkritisk og mindre optimistisk syn enn andre på eigen evne til å løse oppgåvene det her er snakk om. På den andre sida er fleire av vurderingane relativt tett på gjennomsnittet både for regionen og landet. Det er likevel verdt og merke seg, dessverre i negativ forstand, at kommunane opplever å ha dårleg innbyrdes (tverrfagleg) samarbeid. Dei scorar her 3,3 som er langt under gjennomsnittet for regionen (4,1) og landet (4,5). 3,3 er dessutan svakast i landet. Det er likevel grunn til å minne om dei metodiske svakheitene i datamaterialet på fylkesnivå. Dei forklarar likevel ikkje den gjennomgåande negative karakteren i Finnmarkskommunane sine svar. Dette gjentek seg også vidare i spørsmål om kommunane sin kompetanse på utviklingsarbeid. Både med omsyn til planlegging, mobilisering og etablering av nettverk/samarbeid ligg vurderinga lågt. 3,4, 3,6 og 3,3 er markant under regionen elles (4,1, 3,9 og 3,8) og landsgjennomsnittet (4,4, 4 og 4,2). På gjennomføring ligg derimot Finnmark på gjennomsnittet med 4. Kommunane meiner med andre ord at dei har handlekraft! Også for dei neste spørsmåla er det lite avvik mellom Finnmark og regionen/landet elles, med eit lite unntak for forankring av strategiar i lokalt planverk. Her ligg svarkommunane litt under både regionen og landet (4 og 3,9 mot regionen 4,2 og 4,2 og landet 4,6 og 4,5). For dei andre spørsmåla er det altså lite avvik frå landet og regionen elles.

3.5.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Det er mangel på kompetanse som, i følgje vår informant i Finnmark fylkeskommune, er det største hinderet for å skape brei utviklingsorientert verksemd, særleg i små kommunar. Dei har ikkje vore i stand til å gripe fatt i denne verksemda, som også handlar om kapasitet og ressursar. Små kommunar manglar både kunnskap og kompetanse for å løse komplekse og samansette planutfordringar. Fylkeskommunen har på si side ikkje evna å støtte kommunane i plan- og utviklingsarbeid, på tross av at dei nok har hatt ein intensjon om dette: ”Det har vært et forsømt kapittel” fortel informanten. Han meiner dette truleg har hatt årsak i gjensidig usikkerheit i høve kva kommunane og fylkeskommunen har ynskt og villa. Lite planaktivi-

tet i kommunane har blitt tolka som mangel på prioritering og dermed ikkje gitt incentiv til utstrakt fylkeskommunal planaktivitet. Særleg har dette vore tilfelle for samfunnsdelen av kommuneplanane.

Det fylkeskommunen har prioritert er næringsarbeid og -utvikling. Den store auka i fylkeskommunen si næringsavdeling er, slik vår informant ser det, ein indikasjon på denne prioriteringa. Fylkeskommunen har ambisjonar om å framover vere meir proaktiv mot kommunane, og i større grad klare å komme i dialog, for så å kunne gje råd og rettleiing, særleg i næringsutviklings saker. Informanten kjem likevel tilbake til at problemet er at lokalt samfunnsutviklingsarbeid dreier seg om meir enn næring, det dreier seg om samfunnsplanlegging i vid tyding. Det tyder at ein må ha eit sett av kompetanse for å kunne bistå kommunen. Informanten meiner det er for tette skott mellom avdelingane til å kunne frigjere ein slik heilskapleg kompetanse. Ein har i det siste fått på plass planar om meir utoverretta, dialogprega arbeid mot kommunane, men dette er førebels ikkje konkretisert. Ein ynskjer tettare dialog og ein meir proaktiv haldning i forhold til fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør, særleg med tanke på rolla som motivator og samordnar. Interkommunale samarbeid er ikkje så vanleg i Finnmark, og nettopp her kan ein tenkje seg eit potensial for ein forsterka utviklingsstrategi.

Finnmark fylkeskommune baserer mykje av arbeidet med samfunnsutvikling på modellen med regionale utviklingsprogram (RUP). Desse blir vedtatt av det regionale partnerskapet. Av nasjonale utviklingsprogram, har særleg kultur og idrettsavdelinga vore involvert i Bolyst, med eit særleg fokus på idrett og folkehelse. Informanten kjenner dessutan til at fylkeskommunen er med i ulike Interreg-prosjekt, men seier: ”uten den store pågangen av prosjekt”.

På spørsmål om korleis fylkeskommunen informerer kommunane om verkemiddel og utviklingsprogram, svarar informanten at mykje av denne informasjonen går via brev til kommunane, der ein, gjer dei merksame på t. d. næringsutviklingstiltak. Ein nyttar i liten grad ny teknologi, t.d. opne plattformer/sosiale medium, og ein har heller ikkje nokon overordna strategi for slik bruk til informasjons- og nettverksarbeid.

Fylkeskommunen si rolle som etablerar og vedlikehaldar av nettverk har, ifølgje informanten, blitt betre over dei seinare åra. Det har særleg kome ein del initiativ ovanfor regionråda som er bra. Av nettverk som er etablert, nemnar han særleg

næringsforum, planforum og partnerskapet med regionråda. Aktiviteten i og interesse for *næringsforum* går litt i bølger. Det blir arrangert saman med ein vertskommune, og kommunane skal vere med å setje premissane for korleis ein skal gjere dette. Her er det ikkje lovmessige føringar på arbeidet, det er kreativiteten og dei næringsmessige utfordringane som er interessante. Målet er at dette skal vere nyttig også kommunane i mellom og dermed gje ein tilleggsverdi i form av ein samordningsarena. *Planforum* er retta mot kommuneplanlegging og planmessige utfordringar, og blir arrangert i samarbeid med fylkesmann. Desse har vore svært populære. I motsetnad til næringsforum, blir ikkje desse arrangert ute i kommunane men av og hos fylkeskommunen/fylkesmann. Grunnen til dette er fyrst og fremst ei rad lovmessige føringar som styrer forma på arbeidet. Planavdelinga er, i følge informanten, for lite ute og i dialog med kommunane, og rettleiingssida på planavdelinga er som før nemnt noko ”forsømt”.

3.5.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 11: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittstal for Finnmark, Region nord, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Finnmark | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 3,7 | 3,9 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 2,7 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 4,1 | 3,6 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,2 | 2,4 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,7 | 3,3 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklings spørsmål er eit sentralt tema | 3,4 | 3,3 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 3,3 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 3,7 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 3,3 | 3,5 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 3,3 | 3,1 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,8 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Svarkommunane frå Finnmark ligg på mange måtar midt i løypa i sine vurderingar av fylkeskommunen. På eitt område skil dei seg derimot frå regions- og landsgjennomsnittet. Dei vurderer i mindre grad at fylkeskommunen manglar kapasitet til å følgje opp og støtte eget utviklingsarbeid. Dette heng truleg saman med at fylket opplevast som ressurssterkt i samanlikning med mange andre, og at kommunane i praksis opplever at desse ressursane kjem dei til gode. Fylket opplevast dessutan i noko større grad enn i gjennomsnitt å spele ei viktig samhandlingsrolle (3,9 mot 3,8 i regionen og 3,7 på landsbasis). Forskjellane må likevel seiast å vere små.

Det er verdt å merke seg at kommunane, trass i trua på fylkeskommunen som utviklingsaktør, meiner dette potensialet i for liten grad er tatt ut i høve kompetanseoverføring. Mange er samde i påstanden om at fylkeskommunen i liten grad bidrar med relevant kompetanse (4,1). Her er regions- og landsgjennomsnittet 3,6 og 3,4). Denne forskjellen er altså ikkje så liten. På den andre sida verkar kommunane å ha tillit til at fylkeskommunen har god oversikt (og dermed kan bistå med relevant informasjon?) over ulike utviklingsprogram. Dette kan ha samanheng med ein relativt omfattande bruk av slike program i Finnmark (jf.

Tabell 10).

Ein kan elles merke seg at Finnmarkskommunane i noko mindre grad enn regionen og landet, meiner å ha samanfallande syn med fylkeskommunen på mål og tiltak for å fremme utvikling. Scoren her er 3,3 mot 3,5 og 3,7 - ingen dramatik, altså. Det er på grunnlag av både intervjudata og data frå kommunesurveyen likevel vanskeleg å fri seg frå tanken om at Finnmark har nokre særskilte utfordringar både innan kommunalt og fylkeskommunalt arbeid med lokal samfunnsutvikling.

3.6 Hedmark

3.6.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Informanten i Hedmark fylkeskommune meiner det er vanskeleg å rekne stillingar og årsverk i høve eigen arbeidsplass sitt utviklingsarbeid mot kommunane - folk er nemleg: ”ut og inn av dette arbeidet etter behov”. Dei tilgjengelege personalressursane er prega av høg kompetanse og variasjon med omsyn til erfaring, alder og kjønn. Informanten fortel at ei rad fagdisiplinar er inne i arbeidet, m.a.: 3 sivilarki-

tektar (m/ m.a. fordjuping i landskapsarkitektur), ein pedagog, ein som forskar på kommunal service, spesialistar på reiseliv og marknadsføring, kultur (filmbakgrunn. Er ny inn no, pga. auka fokus på lokal kulturaktivitet, festivalar, ungdomsperspektivet osv.).

I Hedmark fylkeskommunen er samfunnsutviklingsarbeidet knytt tett opp til Regional ressursgruppe. Grappa, som no tel 10 representantar, har eksistert frå 1998 og er tverrfagleg samansett. Grappa liknar eit vanleg regionalt partnerskap, men er meir fokusert inn mot utviklingsarbeid i kommunane og med ein fast møte/arenastruktur. Aktørane i grappa er forutan næring, kulturminne og kommunal plan og rettleiing frå fylkeskommunen, Fylkesmannen, Vegvesenet og stiftinga Agora (som har teke i vare barn og unges behov). I tillegg har Høgskolen og Innovasjon Noreg (IN) vore både med og ikkje, men dei er begge med no. Informanten skildrar denne grappa som:

En lyttepost, samordner og veileder, som bidrar inn når kommuner etterspør hjelp, i forhold til å rykke ut og skreddersy det som trengs på dette konkrete stedet. Dette fungerer som et støtteapparat for kommunene, ikke minst i å koordinere ressurser når tiltak skal i gang.

”Kjernetroppane” frå fylkeskommunen i grappa er næring, kulturminnevern og plan. I tillegg til desse er Vegvesenet svært viktige å ha med. Dei andre er litt meir og mindre med, etter kva behovet er. IN og fylkesmannen si landbruksavdeling er døme på partnarar som er inne når dei trengs.

Frå fylket er ein person frå dei ulike avdelingane dedikert til dette arbeidet, dvs. har fast ansvar. I tillegg leiger ein inn spesialkompetanse etter behov. Arbeidet i og med grappa er regulert gjennom ein samarbeidsavtale. Dette er i følgje informanten ein viktig arena som dessutan har hatt høg status, slik at alle involverte har vore raus med å stille med høgt kompetente og engasjerte medarbeidarar, noko som i sin tur har gitt grappa legitimitet. Den regionale ressursgruppa har vore sentral i det meste av utviklingsarbeidet opp i gjennom, t.d. i Utkantprogrammet, Tettstadprogrammet (2001-2005), Småsamfunnsatsinga og no inn i LUK. Fylkeskommunen ynskjer å byggje vidare på det som fungerer, og det gjer dette.

Regionråda har ein fylkeskommunalt tilsett ”sekretær”, som er meir ein koordinator (kompetente fagfolk, seier informanten), og som fungerer som bindeledd mellom dei to institusjonane. Informanten meiner det er avgjerande at dei ulike aktør-

rane og avdelingane både i fylkeskommunen og i det regionale partnerskapet er koordinert nok, slik at dei står fram som samla, og seier vidare:

Det som er viktig da, er at vi er koordinert nok til å kikke oppi hverandres bed og bord, at vi klarer å vite nok, sånn at hvis jeg er ute eller noen andre er ute i kommunen, at vi vet nok om hverandre til at vi klarer å se dette i... bidra til å se dette i sammenheng da. Og det er ikke alltid like lett. Men vi prøver så godt vi kan, sånn at det er vi som kan spørre 'er dere koordinert nå?', i stedet for at de skal spørre oss om 'er fylkeskommunen koordinert nå?'. For ofte oppdager vi jo at selv i små kommuner der folk kan snakke med hverandre i gangen hele tida, så er ikke folk koordinert hos seg selv. Det oppdager vi ganske ofte. Men det kan være vanskelig å påpeke det hos dem, hvis vi ikke er noe gode på det sjøl.

Også fleire av dei andre informantane me har intervjuja, frå andre fylke, legg svært stor vekt på ein slik intern samordning som eit viktig suksesskriterium for fylkeskommunen si rolle som leiande regional utviklingsaktør.

I samband med regional planstrategi, har fylkeskommunen køyrt (og køyrer framleis) *foresight*-rundar med dei fire regionane i fylket. Det har vore køyrt medveringsverkstad i dei fire regionane, der ein har prøvd å få brei deltaking, noko som har vore ein medveten ambisjon, og kommunane har vore ivrige på å spele inn til denne prosessen. Informanten fortel at det ofte kan vere eit dilemma for både fylkeskommunen og kommunane i kva grad prosessar skal vere styrt nedanfrå eller ovanfrå. Ofte må dei to interessene møtast for så å løysast gjennom dialog. Eit interessant poeng informanten peiker på, er at ein har litt for lett for å idealisere nedanfrå og opp-prosessar. Det er viktig å hugse at lokale demokratiske prosessar ofte har ein ueinsarta karakter, dvs. at ulike interesser står mot einannan. Døme på slike motstridande interesser er naturvern kontra næringsutvikling, ein type næringsutvikling kontra ein annan (t.d. fiskeoppdrett mot hytteutbygging i same området) osv. I slike saker kan fylkeskommunen verke som ein "meklar".

3.6.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Hedmark fylke består av 22 kommunar. Av desse er 9 små (< 5000), 11 mellomstore (5001 - 20 000) og 2 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 13 (59,1 %) av desse kommunane. Av desse var 6 små, 6 mellomstore og 1 stor kommunar.

Me ser m.a.o. at utvalet er nokså representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

Mange av spørsmåla i spørjeundersøkinga var retta mot kva kommunane sjølv meiner om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse. I dette kapitlet syner me resultatet av kva dei ulike kommunane i Hedmark svarte, sett imot regions- og landsgjennomsnittet.

Tabell 12: Oversikt over svarkommunane i Hedmark si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region aust, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Hedmark | | Middels | | | Landet |
|--|---------|------|---------|--------|------|--------|
| | Aust | Små | Store | Landet | | |
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,5 | 4,9 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,8 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,2 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 4,2 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,2 | 3,5 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 4,4 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 3,8 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,5 | 4,9 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 83,3 | 82 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 50,0 | 40,0 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 50,0 | 39,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,3 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 41,7 | 59,5 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Me ser av *Tabell 12* at svarkommunane i Hedmark generelt (på dette utvalet av spørsmål) ligg om lag på landsgjennomsnittet. Med nokre få unntak ligg dei vidare litt under regionsgjennomsnittet for region Aust, som elles består av Akershus,

Buskerud, Oppland, og Østfold. Alle vurderingar ligg i den ”positive” eller ”nøytrale” delen av skalaen. Dette tyder igjen på at kommunane har ein relativt positiv oppfatning av eige arbeid og kompetanse. Særleg er ein positiv til tverrfagleg samarbeid (score 4,5), kompetanse på planlegging (score 4,5) og kompetanse på etablering av nettverk. Dette er eit område der ”alle” kommunar oppfattar seg som sterke, særleg i denne regionen. Scoren frå Hedmark er dermed på landsgjennomsnittet og litt under regionsgjennomsnittet.

På eit felt er kommunane meir sjølvkritiske enn andre; På spørsmål om kommunen har klare strategiar og mål knytt til lokal samfunnsutvikling, scorar dei 3,8 (n = 12). Landsgjennomsnittet her er 4,2, medan regionsgjennomsnittet er 4,4. Igjen er det på sin plass å minne om at tala på fylkesnivå er usikre.

3.6.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Hovudutfordring for kommunalt utviklingsarbeid i Hedmark er, i følgje vår informant, av kapasitetsmessig karakter. Kapasitet beskrivast som eit kjempeproblem, og veks dess lenger ein kjem frå dei større sentra. I tillegg er utviklingsarbeid svært personavhengig. Dersom rådmann og ordførar er utviklingsorienterte og jobbar i spenn, så pregar det heile dette arbeidet. Det er eit problem at særleg små kommunar blir for fokuserte på rein tenesteproduksjon. Men det er også fleire gode døme på distriktskommunar som har klart å tenkje utvikling og klart å halde på kompetanse og fagmiljø knytt til slikt arbeid, fortel ho.

Informanten fortel at fylkeskommunen støttar kommunane på fleire vis. Sentralt står prosessutviklingskompetanse og utviklingsleiing og -drift, noko som er svært etterspurt. To i ressursgruppa har tatt etterutdanning på prosessleiing og PLP-metode med fokus på organisering og rolleavklaring. Slik kompetanse karakteriserer informanten som ”suksessnøklar” i lokalt utviklingsarbeid. Vidare assisterar ein med kompetanseheving, forhandling/mekling, prosjektleiing og rolleavklaring mellom aktørar i dei ulike prosjekta. Informanten legg vekt på at fylkeskommunen skal støtte kommunane i svært brei forstand. Ein skal ”være alt fra gråtepute for frustrerte enkeltpersoner, til å gi millionstøtteinvesteringer”, som ho seier.

Sentralt i arbeidet står ulike formar for *rådgjeving*. Alt frå ein medarbeidar til heile den regionale ressursgruppa går inn i saker, med ulike typar metode. Dels skjer det-

te i samband med deltaking i ressurs- og styringsgrupper, dels i verkstader med gjennomgang av case, andre gonger gjennom enkel, personleg rettleiing. I arbeidet med plan nyttar ein planforum (som har eksistert i over 20 år), eller personleg rådgjeving og rettleiing.

På spørsmål om i kva grad fylkeskommunen mobiliserar til utviklingsarbeid i kommunane, eller assisterar slik at kommunane sjølv kan mobilisere, svarar vår informant at dette varierer. Av og til blir fylkeskommunen invitert inn, mest på enkeltkommunenivå: ”Kommunen skal i gang med ett eller annet og så ringer de og ber om hjelp. Så prøver vi å få til det...”. Når det gjeld å sjå fleire kommunar saman, så er det veldig ofte fylkeskommunen som tar initiativet, fordi, som informanten seier: ”vi har oversikten og ser hva som foregår rundt om kring og hva som trengs. Så tar vi initiativet og spør”.

Ein hovudfilosofi i Hedmark fylkeskommune er at dei skal komme ut, i staden for å kalle kommunane til Hamar. Ein legg dessutan vinn på å nytte eksisterande areal framfor å skape nye. Eksempelvis invitere seg sjølv til eit regionrådsmøte, framfor å kalle inn til eit liknande/parallelt møte. Nokre kommunar er svært aktive i å etterspørje bistand. Andre gjer det ikkje, noko som ikkje treng å vere positivt. Informanten forklarar: ”Det er jo noen som er små, der vi ikke etterspørres, der vi gjerne skulle ha vært. Men det skjer ingen ting, og det er ikke noe godt tegn”.

I tillegg til regionråda og den regionale ressursgruppa sitt arbeid med nettverksbygging, ser fylkeskommunen det som svært viktig å kople privat og offentleg sektor til kommunenivået. Særleg er dette viktig i dei tilfella der privat næringsliv tek initiativ til utviklingssaker, medan kommunane ikkje har apparat eller kompetanse til å følgje slike initiativ opp. Her kan fylkeskommunen i følgje informanten fungere som eit relevant og viktig bindeledd og prosessrettleiar. Fylkeskommunen i Hedmark har også sett det som viktig å tenkje inn frivillig sektor. Å få med dette nivået er heilt vesentleg, i følgje informanten, for å lykkast med lokalsamfunnsutvikling. Ein må jobbe for å kople dette inn mot offentleg aktivitet, samt å støtte/kommersialisere frivillige initiativ som festivalar eller likande.

3.6.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Svarkommunane i Hedmark verkar å vere ganske godt nøgde med fylkeskommunen si regionale utviklingsrolle. Faktisk er Hedmark det fylket i landet der kommunane er gjennomgåande mest nøgde. Sjølv om tala er usikre på fylkesnivå (jf. kap. 2.2), verkar trenden i alle fall å vere positiv, både samanlikna med regionen og landet (jf. *Tabell 13*).

Tabell 13: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittstal for Hedmark, Region aust, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Hedmark | Aust | Små | Middels | Store | Landet |
|--|---------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,6 | 4,0 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,3 | 3,1 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,9 | 3,5 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 2,5 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,1 | 2,8 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 4,3 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 4,4 | 3,6 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 2,9 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 4,1 | 4,0 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 3,7 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 3,9 | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Ser ein t.d. på spørsmålet om kommunane er samde i at fylkeskommunen er ein viktig bidragsytar i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn, som er av generell karakter, så er mange samde i det. Saman med Aust-Agder scorar Hedmark best i landet med 4,6. Dette er godt over regions- og landsgjennomsnittet på 4 og 4,1. I tillegg til å vere ein viktig bidragsytar, bidrar fylkeskommunen med relevant kompetanse, meiner svarkommunane. Her tyder den relativt låge scoren 2,5 at ein *ikkje* er samd i påstanden at fylkeskommunen ikkje bidrar med slik kompetanse. Både regionen og landet forøvrig er mykje meir nøytrale i si vurdering av spørsmå-

let (3,2 og 3,4). Hedmark fylkeskommune kjem vidare, i likskap med dei fleste andre, godt ut med omsyn til god oversikt over utviklingsprogram og -prosjekt.

Også med tanke på fylkeskommunen si samordningsrolle er kommunane positive. Her scorar dei 4,3. Gjennomsnittet for regionen er 3,5 og landet 3,4. Her scorar med andre ord Hedmark høgt, og dessutan på eit punkt der mange kommunar er nøytrale eller kritiske til fylkeskommunen si rolle. Det er viktig å peike på at så mange som fem kommunar (n = 11) ikkje hadde noko formeining om spørsmålet, noko som gjer at utslaget må tas med ei klype salt. Det kan dessutan vere ein grunn til at så mange svarar ingen formeining, som me ikkje kjenner til. Litt av det same mønsteret ser ein på spørsmålet om fylkeskommunen si koordineringsrolle i samband med interkommunalt samarbeid. Scoren er høg (4,4), godt over både regions- og landsgjennomsnitt, men relativt mange kommunar har ingen formeining (27 %). Det gjer at ein også her må ta atterhald med omsyn til validitet.

Det verkar klart at fylkeskommunen i Hedmark blir oppfatta som ein tydeleg aktør med tanke på initiativ og oppfølging av lokalt utviklingsarbeid. Ein låg score på dette punktet 2,9 (mot region 3,7 og landet 3,8) tyder at kommunane er usamde i påstanden om at fylkeskommunen *ikkje* initierer og driv fram slikt arbeid. Det er positivt, og her står svarkommunane samla (n = 11) i si vurdering (jf. Vedlegg 2).

Det relativt anerkjennande bildet av fylkeskommunen kjem også fram i det siste spørsmålet, der kommunane skal uttale seg om i kva grad dei meiner samarbeidet med fylkeskommunen har eit stort utviklingspotensial. Her scorar kommunane 3,9 mot regionsgjennomsnittet på 4,2 og landsgjennomsnittet på 4,5. Kommunane meiner altså at det *ikkje* er så stort potensial, som mange andre kommunar gjer! Ein kan velje å tolke dette som at kommunane ikkje har særleg tru på fylkeskommunen, og at dei dermed er negative. Dette er likevel (sett i lys av dei andre spørsmåla) lite truleg. Det er heller truleg at kommunane meiner mykje er på god glid, og at potensialet dermed er mindre enn i fylke der samarbeidet ikkje er like godt. Det kan likevel vere verdt å minne om at 3,9 er i øvre sjikt av nøytralvurdering. Dermed er det godt med rom for ytterlegare forbetring av samarbeid og samhandling mellom kommune- og fylkesnivå.

3.7 Hordaland

3.7.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Ansvar for arbeidet med lokal samfunnsutvikling i kommunane er i følge vår informant i Hordaland fylkeskommune plassert i avdeling for regional utvikling. Om ein vidare skulle rekne dei som i størst grad er ansvarlege for arbeidet, så er det dei ca. 15 medarbeidarane i seksjon for næring. Det tyder likevel ikkje at ein i Hordaland ikkje opnar for ei brei definisjon av slikt utviklingsarbeid. Som ein av nokre få informantar frå fylkeskommunane, trekkjer denne fram lokale eldsjeler og frivillig sektor som viktige delar av å skape vellukka lokal utvikling. Fylkeskommunen har og rekrutterar høg gjennomsnittskompetanse (minst Mastergrad/Hovudfag, fortel informanten) til staben. Det er lett å rekruttere med utgangspunkt i Bergen. I hovudprosjekta er utviklingskompetansen høg og dei fleste er relativt unge (30-40-åra).

I Hordaland er det lokale samfunnsutviklingsarbeidet omfatta av tre kjerneprosjekt: 1) *Kommuneprosjektet*, som tel 23 av 33 kommunar og som skal styrke kompetansen til fyrstelinetenesta innan næringsutvikling (særleg gjennom kursing/kompetanseheving), 2) *Liv og Lyst*, ein portefølje av meir enn 30 ulike utviklingsprosjekt og 3) *Kom-an.no*, ein informasjonsportal på Internett, som presenterar ei rad verkemiddel og utviklingsprosjekt i Hordaland. Det regionale partnerskapet, Innovasjon Noreg (IN), Fylkesmannen si landbruksavdeling og fylkeskommunen, er aktivt med i desse tre prosjekta. Her er ei god blanding av kjønn, alder og teoretisk og praktisk kompetanse.

På spørsmål om intern samordning og tverrfagleg arbeid i fylkeskommunen, svarar informanten at han trur at her finst eit forbettringspotensial. Kommunane gjev gode tilbakemeldingar på koordineringa mellom Fylkeskommunen, fylkesmannen og IN. Men innan i dei tre organisasjonane, og ikkje minst innan fylkeskommunen er det behov for tettare koordinering og samordning. Informanten gjev fleire døme på dette:

Felles utlysinger og arenaer. Interne kompetanseutviklingstiltak slik at man kunne bli bedre på å kjenne hverandres ansvarsområder og virkemidler... kan-

skje også slå sammen virkemidler, slik at man alt i alt står mer samlet, med en dør ut til kommunene og ildsjeler på lokalt nivå.

3.7.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Hordaland fylke består av 33 kommunar. Av desse er 19 små (< 5000), 11 mellomstore (5001 - 20 000) og 3 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 17 (51,5 %) av desse kommunane. Av desse var 10 små, 5 mellomstore og 2 store kommunar (mellom anna Bergen med 256 600 innb.). Me ser m.a.o. at utvalet er nokså representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik, med unnatak av store kommunar der svarprosenten er på 66 %. Materialet vil da kunne vere skeivt i favør av store kommunar. Når ein veit at Bergen er med i undersøkinga, vil ein på den andre sida kunne argumentere for at denne kommunen er så stor at vektinga mot dei mellomstore og små kommunane i Hordaland i utgangspunktet er for svak. Då vil utvalet likevel ikkje vere i favør av store kommunar, kanskje heller i disfavør. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

Tabell 14: Oversikt over Hordalandkommunane si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region vest, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Hordaland | Vest | Små | Middels | Store | Landet |
|--|-----------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,5 | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,8 | 4,4 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,4 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 3,1 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,4 | 4,1 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,8 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,7 | 4,3 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 81,3 | 74,1 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 35,7 | 30,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 21,4 | 19,1 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 5,0 | 4,1 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 73,3 | 50,9 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

■ Negativ vurdering
 ■ Nøytral vurdering
 ■ Positiv vurdering

Som ein ser, ligg kommunescoren på eigen aktivitet i Hordaland høgt, gjennomgåande litt høgare enn regions- og (med eit par unntak) landsgjennomsnittet. Me ser at svarkommunane scorar høgt m.a. på planleggingskompetanse. Her scorar dei 4,8 mot gjennomsnittet på 4,4. Og så på mobiliseringskompetanse scorar dei seg sjølv nokså høgt (4,4 mot region og landet 4).

Hordalandkommunane scorar dessutan litt høgare enn både regions- og landsgjennomsnittet på eigen kapasitet med omsyn til utvikling. Sjølv om 3,8 er i "nøytral" del av skalaen, slik me definerer det, er det i øvre del av dette området. Det

kan dermed tyde på at kapasitetsproblematikken ikkje er like presserande her som andre stader. Men hugs: tala på fylkesnivå er usikre.

Eit anna område der Hordalandskommunane scorar seg sjølv bra, er på evne til og vektlegging av å mobilisere ”folk flest” i lokalt utviklingsarbeid. Her scorar dei 5,0 mot regionen 4,1 og landet 4,2 (n = 16). Heile 73 % svarar dessutan ja på om kommunen har etablert møteplassar for tverrfagleg samansette utviklingsaktørar. Det er langt over både regions- og landsgjennomsnittet (høvesvis 51 % og 56 %).

3.7.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Det er, i følge informanten, stor forskjell på utviklingskapasitet og -kompetanse i dei mange kommunane i Hordaland. Men den typiske distriktskommunen, som i prinsippet skal gjere og tilby akkurat det same som større kommunar, har vanskar med å prioritere utviklingsarbeid. Dette gjeldt både politisk og økonomisk prioritering og administrativ kapasitet og kompetanse, til dømes rekruttering og vedlikehald av relevant kompetanse på å ivareta samfunnsutviklingsrolla. Typisk for sin kommune, fortel informanten, er at: ”ordføreren driver en del næringsutviklingsarbeid, og så er det ikke så mye ellers”. Kommuneprosjektet syner at det finst ein grunnleggjande interesse for å drive slikt arbeid på ein breiare front, men mange har likevel langt å gå før ein er på eit ynskjeleg nivå. Informanten fortel vidare:

Det er et mindretall av kommuner, kanskje mellom fem og 10, som tar samfunnsutviklerrollen på alvor, og har organisert seg internt på måter som gjør at de kan gjøre det. De har politikere og rådmenn som prioriterer det. Men det er et mindretall ... Det kan god hende at flere kommuner har kommuneplaner som sier at de skal jobbe med det, men jeg skjønner godt at slike kommuner har problemer med å prioritere det, for de lever fra hånd til munn, og de har så mange lovpålegg innenfor ordinære tjenesteområder som de er nødt til å forholde seg til, slik at på ikke lovpålagte områder, som samfunnsutviklerrollen fortsatt er, så må de ofte nedprioritere.

På spørsmål om korleis fylkeskommunen støttar kommunane med lokalsamfunnsutvikling, held informanten fram ”hjelper”-rolla som viktig. Dette handlar om å hjelpe kommunane i ulike prosessar som omhandlar medverking og mobilisering, kommuneplanar eller hjelp til direkte prosjektgjennomføring. Denne kompetansen er vidare viktig for at kommunen skal kunne rettleie sine lokale eldsjeler og grun-

derar. Ei av dei viktigaste oppgåvene fylkeskommunen har i så måte, er å hjelpe kommunane til sjølv å bli dyktige rådgjevarar og rettleiarar. Informanten meiner det finst mykje utviklingskompetanse i fylkeskommunen, og at det er essensielt å formidle denne ut til dei som treng han. Informanten legg vidare svært stor vekt på rolla som samordnar. Fylkeskommunen skal på same tid medverke til å lage arenaer både mellom innbyggjarane og kommunane, mellom kommunane og mellom kommunane og fylkeskommunen. Fylkeskommunen har ei interessant og viktig oppgåve i å lage og utvikle ulike slike arenaer.

Informanten meiner det har vore ein typisk arbeidsmåte for fylkeskommunen i Hordaland å vere initiativtakar til ulike prosjekt: "... den mest typiske arbeidsmåten vel egentlig". Men det har skjedd / skjer i samråd med kommunane, gjennom ulike prosessar. Informanten hevdar det er viktig å forankre slike prosjekt i kommunane, om ein skal få det til, og seier: "Det er en basal måte å jobbe på". Av ulike verktøy i utviklingsarbeidet mot kommunane, nemnast sjølvsagt økonomiske verkemiddel men også prosessleiarkurs, prosjektleiing mm. Det å få folk til å lære av kvarandre verkar vere sentralt. Ulike økonomiske og kompetansemessige verktøy skal utfylle og komplettere kvarandre, og er to sider av same sak.

Ulike regionale utviklingsprosjekt som informanten peiker på, er dei før nemnde Kommuneprosjektet, Liv og Lyst og Kom-an.no. I tillegg driv fylkeskommunen prosjekt innan disiplinane reiseliv, energi og klima og folkehelse. Kommunane si medverking i desse prosjekta varierer etter kva dei finn relevant og kva kapasitet og interesse dei har til deltaking. I tillegg driv Bergen kommune fleire utviklingsprosjekt, der andre kommunar i Hordaland er inne som partnarar. Av nasjonale program nemner informanten VRI, Arena og: "En hel haug andre, uten at jeg sitter med lista foran meg". Fylkeskommunen har sida midten av 90-talet arbeidd med internasjonalisering og hatt Europakontor med 5-6 medarbeidarar. Fylkeskommunen har dermed både formidla info om EU-program, assistert ved søknader til slike program, samt sjølv delteke i og leia slike.

Fylkeskommunen freistar å vere open og dialogbasert når den informerar kommunane om verkemiddel og utviklingsprogram. Denne tilnærminga er dessutan svært individuell og basert på behov frå sak til sak. Ofte så presenterer fylkeskommunen kva dei har tenkt som tiltak, tilbod om kompetanse etc. Så seier kommunane kva dei har behov for, og så møtast ein i dialog om korleis ein skal forme ut verkemiddel, støtte, prosjekt osb. Slik kan ein også samordne ulike aktørar, t.d. fleire kom-

munar eller regionar. Kontakten er i størst mogleg grad oppsøkjande, noko informanten fortel kommunane har vore særst nøgde med. Fleire nettverk i regi av fylkeskommunen har blitt etablert gjennom dei siste åra. Mange av desse byggjer på det regionale partnerskapet og dei arenaene dette har etablert, der også kommunane er sentrale. Fylkeskommunen freistar å vere aktiv i høve nettverk mot privat sektor og FoU-sektoren. Ein er dessutan medveten å kople statleg og kommunalt nivå, gjerne heilt ned på eldsjelnivå i kommunane.

3.7.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Svarkommunane i Hordaland verkar å vere ganske godt nøgde med fylkeskommunen si regionale utviklingsrolle. Dette ser ein i *Tabell 15*:

Tabell 15: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittstal for Hordaland, Region vest, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Hordaland | Vest | Små | Middels | Store | Landet |
|--|-----------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,4 | 4,2 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 4,1 | 3,7 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,2 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,8 | 3,0 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,4 | 3,4 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 4,2 | 3,1 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 4,0 | 3,7 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 3,7 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 3,6 | 3,7 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 3,5 | 2,6 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,8 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Fylkeskommunen sin score ligg i gjennomsnitt (med nokre få unntak) over regions- og landsgjennomsnittet. På spørsmål om fylkeskommunen oppfattast som ein vik-

tig bidragsytar til utviklinga av attraktive lokalsamfunn, set t.d. kommunane scoren 4,4, som er relativt høgt. Her ligg regionen på 4,2 og landet forøvrig 4,1. Dette spørsmålet handlar om fylkeskommunen sin relevans som utviklingsaktør, og er viktig i denne samanhengen. Likeins ser ein at fylkeskommunen sjåast på som ein aktør for å skape gode samhandlingsarenaer. Fylkeskommunen er m.a.o. ein viktig tilretteleggjar.

Har så fylkeskommunen relevant utviklingskompetanse å by på? Her er kanskje svarkommunane meir avventande. Dei er korkje samde eller usamde i påstanden om at fylkeskommunen i liten grad bidrar med kompetanse innan dette feltet. Scoren 3,2 ligg i nedre del av ”nøytralt” område. Her er forøvrig regions- og landsgjennomsnittet 3,5 og 3,4, noko som tyder at Hordalandskommunane er mindre samde i den kritiske påstanden enn regionen og landet under eitt.

Fylkeskommunen i Hordaland verkar dessutan å vere bra på å skape møteplassar der dei møter kommunane, og der lokale utviklingsspørsmål er sentrale. Her vurderar kommunane fylkeskommunen sin innsats til 4,2, mot regions- og landssnitt på høvesvis 3,1 og 3,3. På område relatert til koordinering på tvers av kommunegrenser, initiering av utviklingsprosjekt og kompetanse på internasjonale prosjekt, scorer Hordaland fylkeskommune om lag som regions- og landsgjennomsnittet. Ein kan merke seg at kommunane gjev den ”nøytrale” scoren 3,6 på påstanden om at dei i stor grad har samanfallande mål med fylkeskommunen; dei er altså korkje samde eller usamde i det. Avslutningsvis er kommunane meir eller mindre samde i at det er eit potensial for vidare utvikling av samarbeid og samhandling med fylkeskommunen. Dette er som ein ser eit syn dei deler med både regionen og landet forøvrig.

3.8 Møre og Romsdal

3.8.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Det er ifølgje vår informant i Møre og Romsdal fylkeskommune i dag ei fast fylkeskommunal stilling knytt direkte til lokalsamfunnsutvikling i kommunane. Det vil samstundes vere mange fagfolk frå ulike avdelingar med ut for å jobbe i konkrete utviklingsprosjekt. Det er slik vanskeleg å gi eit godt tal på kor mange stillingar

eller årsverk som er knytt til dette arbeidet. Det ein derimot kan si noko om, er kva type kompetanse og fagdisiplinar som er involvert. Informanten nemner her kultur, plan- og analysearbeid, samferdsel, utdanning, regional utvikling og næringsutvikling.

Møre og Romsdal har i regi av fylkeskommunen gjennomført to *foresight*-analysar (Sunnmøre og Nordmøre/Romsdal) der næringsliv, forskning og utdanning og offentleg sektor har møttest i fruktbar dialog. Dette arbeidet har forutan å sikre viktig medverking og forankring, i følgje informanten bidrege til kunnskap om situasjonen og kva som kan gjerast i det vidare arbeidet med utvikling. Vår informant held fram at det er viktig at det lokale utviklingsarbeidet byggjer på kunnskap. Samfunnsanalysar er slik viktige reiskap, så kommunane ikkje berre ”trur og synsar”, men har kompetanse til å forstå eigen posisjon. Slik blir også planarbeidet meir enn eit pliktprosjekt.

Utviklingsarbeidet mot kommunane skjer på ulikt vis. Nokre jobbar med utgangspunkt i fylkesplan mens andre responderar på innmeldte behov. Informanten understrekar at det særleg i dette arbeidet er behov for intern samordning og samkøyring. Fylkeskommunen opptrer for lite samla, med for mange aktørar og i for stor grad prosjektbasert. Løysinga er i følgje vår informant å tenkje meir langsiktig, på tvers og heilskapleg om samfunnstiltaka skal verke, og legg dessutan vekt på at arbeidet må skje nedanfrå og opp; Fylkeskommunen korkje kan eller skal reise rundt å:

... slå fylkesplanar i hovudet på kommunen å si ”sjå her, her er våre prioriteringar, kva er det de vil jobbe med...?” Nå blir det på ein heilt annan måte, det blir dei som legg lista og bestemmer sine prioriteringar sjølv. Men me skal vere med og drøfte med dei, og vere diskusjonspartnarar undervegs, for det ynskjer dei. Dei treng fagkompetanse og dialogpartnar.

Målet er å bli ein brei fylkeskommunal aktør, med forankring heilt til topps i leiargruppa, og med ein sentral posisjon i det regionale partnerskapet.

3.8.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Møre og Romsdal fylke består av 36 kommunar. Av desse er 19 små (< 5000), 14 mellomstore (5001 - 20 000) og 3 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 21

(58,3 %) av desse kommunane. Av desse var 9 små, 10 mellomstore og 2 store kommunar. Me ser m.a.o. at utvalet ikkje er heilt representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Medan berre 47 % av dei små kommunane har svart, har 71 % av dei mellomstore og 2/3 av dei store gjort det. Dette kan tyde at perspektiv knytt til mellomstore og store kommunar i nokon grad, pregar resultatet av undersøkinga.

Tabell 16: Oversikt over svarkommunane i Møre og Romsdal si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region vest, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Møre og R. | Vest | Små | Middels | Store | Landet |
|--|------------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 3,9 | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,4 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,9 | 4,0 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 2,6 | 3,1 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,1 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,6 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 3,9 | 4,3 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 60,0 | 74,1 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 15,0 | 30,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 10,0 | 19,1 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,1 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 52,9 | 50,9 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som ein ser er det t.d. i noko mindre grad samarbeid på tvers av kommunale sektorar og avdelingar i svarkommunane frå dette fylket enn i regionen og landet elles. Dei vurderar dette sjølv til 3,9, medan gjennomsnittet for regionen og landet er på

4,2 og 4,5. Vidare melder svarkommunane i Møre og Romsdal om manglande kapasitet til samfunnsutviklingsarbeid. Dei vurderer eigen kapasitet til 2,6 på skalaen. Dette er blant dei svakaste i landet. Igjen bør ein minne om at tala på fylkesnivå er usikre. Trenden er uansett klar både på region- og landsnivå: Kapasitet scorar lågt. Svarkommunane ligg på eller svakt under gjennomsnittet med omsyn til planverk, strategisk tenking og fastsetjing av mål for arbeidet ("nøytrale" 4). Særleg svarar kommunane at dette er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel, noko det har vore mykje fokus på i seinare tid. I noko mindre grad svarar dei at dette er forankra i arealdelen av kommuneplanen. 3,9 er litt under region- og landsgjennomsnittet på høvesvis 4,3 og 4,5.

Møre- og Romsdalskommunane er i relativt liten grad aktive i utviklingsprogram, skal me tru undersøkinga. Ein bør ha i bakhovudet at 40 % av kommunane i fylket ikkje svara, men det er likevel kanskje litt bekymringsfullt at berre 2 av dei som svarte (n = 20) gjev opp å delta på slike internasjonale program eller prosjekt. Ein skal også hugse at det kan vere litt usikkerheit rundt kva som skal til for å nemne noko eit program/prosjekt, og at dette kan variere frå miljø til miljø, kommune til kommune. På same tid er Møre og Romsdal og ikkje minst heile vestlandsregionen knytt til omverda gjennom eit internasjonalt næringsliv (jf. kva LUK-kontakten fortel). Mange av kommunane er dessutan innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Slik sett kan ein kanskje undre seg over at ikkje fleire svarar å ha nasjonale og internasjonale "prosjekt" i gang.

På punkta som omhandlar kommunen si satsing på eit breitt verdiskapingsomgrep, ligg svarkommunane i Møre og Romsdal nokså tett på både regions- og landsgjennomsnittet (4 mot 4,1 og 4,2).

3.8.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

På spørsmål om kva som er dei største utfordringane kommunane står ovanfor, svarar også informantene frå Møre og Romsdal fylkeskommune kampen om kompetanse. Korleis skal kommunane klare å trekke til seg kvalifisert arbeidskraft? Informanten legg vekt på at det er i møte med denne utfordringa det blir særskilt viktig å operere med ei brei definisjon og utøving av utviklingsomgrepet, og legg m.a. vekt på at kommunane må bli flinkare til å ta imot dei som kjem flyttande inn. Fo-

kuset er å få desse til å ”velje oss”, hevdar informanten. Heilskapleg samfunnsutvikling er at ein tar godt imot og vare på nye innbyggjarar (i tillegg til å bevare dei som alt er her), slik at dei vil bli. Å skaffe arbeidsplass er kanskje det enklaste. Utan slik kompetansearbeidskraft som bidrar til innovasjon og nytenking i bedriftene, så vil det nemleg gå dårleg, meiner informanten.

Det er vidare for lite samordning mellom offentleg og privat sektor. Dei er for lite på same arena for å diskutere utvikling og framtid saman; Dei opererer kvar for seg og stiller krav til kvarandre. Dette fører til ad hoc-løysingar, kortsiktig tenking i møte med ”augeblikklege behov”. Her manglar gode arenaer. Næringslivet er også opptekne av kommuneplanane sin samfunnsdel, fordi dei må vere budd på framtida. Dei er tidleg ute med å sjå slik utvikling fordi dei ”ser etter spøkelse”.

Fylkeskommunen responderar til dei skisserte utfordringane ved å tilby fagkompetanse, noko kommunane seier dei treng. Informanten seier:

Kommunane er skrella inn til beinet på kva type arbeidskraft dei har og kva type kompetanse dei har, og på det med planlegging så seier nesten alle eg har prata med at der er det dårleg stelt. Kommunane seier også sjølv at dei manglar kompetanse. Dei har ikkje råd til å tilsetje folk. Her kan fylkeskommunen hjelpe, for me har slik kompetanse. Utvikling har ikkje vore prioritert høgt nok...

Ei anna utfordring knytt til den viktige samordningsrolla fylkeskommunen har er, i følgje vår informant, at regionane delvis har vore konkurrentar. Dette må ein sjå i ein kulturell og historisk kontekst, m.a. knytt til infrastrukturproblematikk. Men, aktørane er, i følgje informanten, innstilt på å samarbeide langsiktig. Særleg har prosessane rundt foresight-analysane synt at det er viktig å tenkje samfunnsutvikling saman og breitt. Alle kommunane ”eig utfordringane saman” og må finne løysingane saman. Målet er her at fylkeskommunen skal bli ein aktør som gjer ein forskjell. Ikkje alle er van med å tenkje tverrfagleg og på tvers av avdelingar, så det er svært positivt. Slik står fram også fylket som ein aktør ”ute”, noko som er viktig, seier ho.

Analyse- og planavdelinga i fylkeskommunen støttar kommunane med samfunnsdelen av kommuneplanane, noko dei har høg kompetanse på. Det er viktig at dette arbeidet skjer saman med regionrådet, fordi dei har arenaer som har god kvalitet og kontinuitet. Det er vidare viktig, understrekar informanten, å nytte slike eksiste-

rande arenaer i staden for å lage nye. Ein viktig målsetjing er å kome dit at alle kommunane har reviderte kommuneplanar med areal- og samfunnsdel, og at all utviklingsrelatert samhandling med fylkeskommunen skal vere forankra i dei strategiane desse planane representerer.

Å reise ut i kommunane har høg prioritet i Møre og Romsdal fylkeskommune. Informanten fortel:

Me reiser ut så mykje me kan, fordi me ser at det å vere med der det skjer blir opplevd veldig positivt. Og me kan bidra som regel, anten fagleg eller me kan vere med å diskutere økonomi og framdrift. For me ynskjer også ein meir heilskapleg tenking rundt bruken av økonomiske ressursar.

Slike møte i ”felten” skjer ofte i regi av eksisterande egna og ”gode” arenaer, t.d. regionråda. Det er, ifølgje informanten, relativt korte avstandar i fylket, så ein kjem seg greitt rundt. Elles skjer mykje av kommunikasjonsarbeidet per e-post og telefon.

Informanten fortel at ei viktig oppgåve for fylkeskommunen og mykje av arbeidet dei gjer nettopp er å byggje nettverk. Både den einskilde medarbeidar og sakshandsamar har faste kontaktpunkt ute, både i kommunane og andre offentlege og private instansar.

3.8.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 17: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittstal for Møre og Romsdal, Region vest, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Møre og R. | Vest | Små | Middels | Store | Landet |
|--|------------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,2 | 4,2 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,5 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,9 | 3,7 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,5 | 3,0 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,5 | 3,4 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 2,5 | 3,1 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 3,8 | 3,7 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 3,7 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 4,2 | 3,7 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 2,0 | 2,6 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,6 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

■ Negativ vurdering
 ■ Nøytral vurdering
 ■ Positiv vurdering

Generelt er svarkommunane i Møre og Romsdal einige i påstanden om at fylkeskommunen er ein viktig bidragsytar i lokalt utviklingsarbeid. Det tyder på at dei ser fylkeskommunen som ein relevant partner og utviklingsaktør. Dette er ein av føresetnadane for LUK-satsinga, og det er difor viktig at denne føresetnaden er tilstades. Ein ser at det er forbetningspotensial både lokalt (Møre og Romsdal), regionalt (Vest) og nasjonalt på dette punktet. Ein ser vidare at svarkommunane *ikkje* er samde i at fylkeskommunen manglar oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt. Ser ein på kva dei same kommunane svarar på spørsmålet om dei faktisk *er* med på slike program, kan det derimot virke som om denne kunnskapen ikkje blir formidla godt nok mellom dei to forvaltningsledda.

Eit felt der fylkeskommunen har eit utviklingspotensial er, skal ein tru svarkommunane, å skape faste møtefora der fylkeskommune og kommunane saman kan diskutere lokale utviklingsspørsmål. Dette vurderer svarkommunane til ikkje å vere

tilfelle i dag ("negative" 2,5 mot eit "nøytralt" region- og landsgjennomsnitt på 3,1 og 3,3). Som ein ser, er dette likevel eit felt der fylkeskommunen generelt har eit forbedringspotensial.

Undersøkinga syner at kommunane i nokså stor grad meiner dei og fylkeskommunen har samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn. Dei vurderer dette til 4,2 på skalaen der dei gjev uttrykk for i kor stor grad dei er samde i denne utsegna. Region- og landsgjennomsnittet er forøvrig 3,7.

Eit forhold som kan forklare noko av den før omtalte svake deltakinga i internasjonale utviklingsprogram og/eller -prosjekt, er at fylkeskommunen ikkje aktivt sjølv er med på internasjonale prosjekt der dei trekkjer inn kommunane. I undersøkinga blei kommunane spurde om dette, og i kva grad dei opplevde at fylkeskommunen var aktive innan internasjonalisering som dei og fekk glede av. Her vurderer kommunane fylkeskommunen som svak. 2 er godt under gjennomsnittet for både regionen og landet (2,6 og 2,9). Det er interessant å sjå at gjennomsnittet for store kommunar på dette spørsmålet er nokså høgt (3,7). Kanskje tyder det at store kommunar gjer seg nytte av ein kunnskap eller kompetanse fylkeskommunen ikkje formidlar til små kommunar? Det kan også tyde at fylke eller regionar med mange (folketalsmessig) store kommunar er meir aktive internasjonalt enn dei med mange små kommunar.

3.9 Nordland

3.9.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Det fylkeskommunale hovudansvaret for utviklingsarbeid i kommunane er i følge vår informant i Nordland fylkeskommune lagt til avdeling for næring og regional utvikling. Her finn ein seks faggrupper med kvar sin fagsjef. Alle desse driv meir og mindre med arbeid knytt til lokal samfunnsutvikling, t.d.: internasjonalt samarbeid, havbruk og fiskeri, reiseliv og opplevingar, FoU, industri, innovasjon og energi samt regional utvikling og planarbeid. I tillegg finn ein ei "Virkemiddelgruppe for saksbehandling". Denne gruppa er svært utviklingsretta, med ansvar for alt frå Interreg og infrastruktur til næringsutvikling, entreprenørskap og samiske spørsmål.

Folkehelse, tannhelse og ungdomsarbeid har slått seg i lag. Her ligg og rådet for likestilling av funksjonshemma, eldrerådet, ungdomens fylkesting. Informanten fortel at desse to avdelingane ikkje har kjent så godt til kvarandre frå før, men at dei i samband med LUK nå møtast jamleg. To representantar frå avdelinga for folkehelse er dessutan med i LUK-gruppa i fylkeskommunen.

Faggruppa for plan og regional utvikling har åtte - ni tilsette rådgjevarar. Tidlegare såg ein ofte svært spesialisert folk sitte aleine med sine oppgåver. Faggruppene var eit forsøk på å få til meir tverrfagleg arbeid og betre flyt av kompetanse og informasjon mellom tilsette og mellom seniorar og ”nye”, unge tilsette. Det har vore for dårleg kommunikasjon både mellom avdelingar og ”fra kontor til kontor” på avdelinga. Mange tilsette og komplekse arbeidsoppgåver gjorde det vanskeleg å ha oversikt, fortel informanten. I den nye faggruppeorganiseringa kan tilsette vere med i to grupper. Dette er ei utfordring med omsyn til å halde oversikt, men fører også med seg betre flyt av informasjon over gruppegrensene.

Dei ulike gruppene organiserar seg litt ulikt med tanke på møtefrekvens og arenaer. Dette er fordi dei er ulike med omsyn til homogenitet, storleik osv. Nokre grupper er små og driv med få oppgåver (havbruk/fiskeri) medan andre er store og har komplekse oppgåvestrukturar. Informanten fortel: ”... det er veldig stort sprik i fleire av disse gruppene, så noen møtes en gang i uka, noen er med meir i ei gruppe for at det er ikkje andre plasser å være”. Dette siste har samanheng med at mange er vane med å jobbe aleine og trivst med det. I tillegg til å bidra til transparens, er det meiningen at gruppene på sikt skal verke identitetsskapande. Faggruppe for plan og regional utvikling, der ein finn samfunnsvitarar, sosialøkonomar og ein arkitekt, har møte ca. ein gong i månaden. Ved fylkesplanarbeid (og nå etter kvart regionalt planstrategiarbeid) møtast representantar for dei ulike avdelingane i *team*. Informanten hevdar at dette har fungert veldig bra og gitt oversikt over kva andre har drive med, og nemner kvinnesatsinga som døme.

For å få enda betre flyt mellom faggruppene har ein fellesmøte med alle gruppeleiarane kvar måndag. Her deltek dessutan dei to (snart tre) leiarane på avdelinga. Målet her er å få til diskusjon på tvers, som i sin tur tas vidare nedover i systemet. Slik er info og kompetanse på prosjekt og program forankra både oppover og nedover i systemet, men ein er avhengig av at alle hugsar å ”melde inn” saker i sine møtefora og sidan gjev tilbakemelding på handsaminga. Eit anna interessant tiltak er at alle

prosjekt skal omfattast av minst to medarbeidarar, slik at kunnskap og kompetanse blir spreidd på fleire.

På tross av dei mange interessante tiltaka for å sikre intern samordning og struktur, har fylkeskommunen i følgje informanten stadig kapasitetsutfordringar i samfunnsutviklingsarbeidet:

De aller fleste føler at de, delvis i alle fall, bidrar på det her med utvikling. Selv om det er mer å behandle saker, fordi de har den der veiledningsbiten i tillegg. Men når det gjelder å være kreativ og strategisk og holde på med den typen arbeid så... det er jo det vi gjerne vil gjøre og skal gjøre, men i en travel hverdag så er det vel det som lettest blir skjøvet unna, fordi du bare har ting du må gjøre der og da, og de store tankene må vente til du får tid. Og det får du sjelden! Så det er når man kjører de store prosessene du må hive deg rundt og prøve å være kreativ. Men det er på toppen av alt annet.

Dette er truleg eit hjartesukk mange av våre informantar i dei ulike fylkeskommunane kan slutte seg til.

3.9.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Nordland fylke består av 44 kommunar. Av desse er 31 små (< 5000), 11 mellomstore (5001 - 20 000) og 2 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 23 (52,3 %) av desse kommunane. Av desse var 15 små, 7 mellomstore og 1 stor kommunar. Me ser m.a.o. at utvalet nokså representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Dei mellomstore kommunane er litt overrepresentert i utvalet (63,6 %), men truleg ikkje så mykje at det utgjør noko stort problem. Me syner til metodekapitlet for ein meir inngåande utvaldiskusjon og bortfallsanalyse.

I *Tabell 18* ser ein korleis svarkommunane frå Nordland vurderer eige arbeid med å utvikle attraktive lokalsamfunn. Med få unntak ligg resultatet tett på gjennomsnittet i regionen og i landet forøvrig - nokre moment er likevel verdt å kommentere:

Tabell 18: Oversikt over svarkommunane i Nordland si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på Nordland, Region nord, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Nordland | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,1 | 4,1 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,1 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,5 | 3,9 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,9 | 3,8 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,9 | 4,0 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,3 | 3,2 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 3,7 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 3,9 | 4,2 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,3 | 4,2 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 68,2 | 75,5 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 31,8 | 39,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 30,0 | 29,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 3,9 | 4,1 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 50,0 | 57,1 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Generelt ligg Region nord litt under landsgjennomsnittet for tverrfagleg kommunalt samarbeid (4,1 for regionen mot 4,5 for landet forøvrig). Nordland ligg på regionsgjennomsnittet med 4,1. Både regionen og Nordland er også under både små og store (og mellomstore) kommunar på dette spørsmålet, og det kan dermed tyde på at dette heng saman med andre faktorar enn innbyggjartal. Regionen består av begge trøndelagsfylka, Nordland, Troms og Finnmark. Her er det dei tre nordligaste fylka som har lågast eigenvurdering (4,1, 3,9 og 3,3). Ein skal hugse at nøytral vurdering er 3,5, men det kan likevel tyde på at samarbeidsklimaet på tvers av faglege og avdelingsmessige grenser har eit utviklingspotensial.

Svarkommunane ligg vidare litt under gjennomsnitt for regionen og landet med tanke på planleggingskompetanse. Også for mobiliserings-, nettverks- og gjennomføringskompetanse scorar Nordlandskommunane, som ein vil sjå av tabellen, litt under regions- og landsgjennomsnittet. Dette er likevel relativt små utslag, særleg med tanke på dei metodiske atterhalda me likevel må ta med det fylkesvise datamaterialet.

Når det gjeld kapasitetsproblematikken, så vurderer svarkommunane seg sjølv om lag midt på treet: 3,3. Det kan dermed også her virke som om kommunane sjølv i mindre grad enn andre (både LUK-kontaktar, NORUT sin rapport (2009) og eit generelt mediebilde) meiner dårleg kapasitet hindrar lokal utvikling av attraktive samfunn.

På mål, strategi og plansida scorar svarkommunane i Nordland både litt under og litt over gjennomsnittet. På spørsmål om kommunen har klare strategiar og målsetjingar knytt til samfunnsutvikling, vurderer dei seg sjølv til 3,7 mot regionen 4 og landet forøvrig 4,2. Dei vurderer vidare slike strategiar og mål til i litt større grad å vere forankra i arealplanar (4,3) enn i samfunnsdelen (3,9) av kommuneplanen. I regionen og på landsbasis er dei to vurdert om lag like godt forankra i areal- og samfunnsdel, høvesvis 4,2 og 4,5 (areal) / 4,6 (plan).

3.9.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

I følge vår informant i fylkeskommunen, som stør seg på ei spørjeundersøking blant Nordlandskommunane, er hovudutfordringa for utviklingsarbeid knytt til kompetanse og kapasitet. Mange kommunar har ikkje planleggjar, noko som er vanskeleg både i møte med krava i ny plan- og. Manglande fagmiljø er eit stort problem i ei tid da "alle", og særleg nyttilsette, er vane med teamwork. Problemet er slik ikkje berre at plassen eller kommunen kanskje ikkje er attraktiv, for det kan den vere, men at fagmiljøet er lite og sårbart. Så lenge problemet er at stillingsressursar ikkje nødvendigvis gir kompetanse ut i kommunane, så må ein kanskje "finne en lurare måte å gjøre det på. Finne nye måter å samarbeide på", hevdar informanten. Kommunane treng difor kompetanse, rettleiing og stillingsressursar frå fylkeskommunen.

Slik støtte gis per i dag i form av økonomisk støtte og rådgiving/rettledning. Planstrategiarbeidet er viktig, men dette må, i følge vår informant, bli bedre og meir samkjørt. Rådgjevinga som trengs er i hovudsak knytt til prosessarbeid og -rettledning og mobilisering. Fylkeskommunen si rolle som ekstern samordningsaktør har også eit forbettringspotensial. Intensjonane er gode, men arbeidet er stort, komplekst, og kapasiteten er sprengt. Prosjekta er for små, og folk jobbar med same ting utan å kjenne til kvarandre. I følge informanten, treng ein meir ”trøkk”. Dette vil dessutan gi rom til å vere meir ute. Ei betring på samordning får frigjort tid både for sakshandsamarar i fylkeskommunen og kommunane. Målet er færre men betre møter. Informanten meiner at:

Man trenger ikke samle de samme folka hundre ganger for å få fortalt det man vil fortelle. Vi kan gjøre det samtidig og spare både de og oss for møte og reising. Jeg ser bare nå, når vi var rundt og informerte om LUK i regionrådene den ene måneden, og neste måned så var det Vanndirektivet som skulle ut på turne og så kom fylkesmannen og skulle ut med sin kommunedialog og... det kommer hele tida folk og skal informere om ting som har med lignende ting å gjøre. Og vi vet ikke om hverandre.

Ein litt anna type samordning som fylkeskommunen må ta tak i, er kommunane sine liknande problem og utfordringar, utan at dei veit om kvarandre eller innser at dei må og kan samarbeide om felles løysingar. Fylkeskommunen opplever ofte at kommunane konkurrerer i staden for å samarbeide, eller dei er ueinige i at dei har liknande problem, noko det i følge informanten ikkje kan vere tvil om.

Nordland har god erfaring med bruk av nasjonale utviklingsprogram, og informanten nemner Tettstadprogrammet, Bulyst, Småsamfunnssatsinga, Samordning av fagleg og økonomisk støtte til kommunane og VRI som døme. Av internasjonale program og prosjekt, nemnast Assembly of European Regions og ulike Barentssamarbeid.

3.9.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 19: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på Nordland, Region nord, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Nordland | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,0 | 3,9 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,5 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,7 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,3 | 3,6 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,6 | 2,4 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,1 | 3,3 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 2,7 | 3,3 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 3,2 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 4,3 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 2,9 | 3,5 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 2,9 | 3,1 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 5,3 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Figuren over syner korleis svarkommunane i Nordland vurderer fylkeskommunen si rolle som utviklingsaktør. Verdiane på gule felt reknast som "nøytrale", dei lyseblå er kritiske, medan dei lyseblå er positive. Utifrå eit raskt blick kan ein sjå at Nordlandskommunane er ein tanke meir kritiske til fylkeskommunen enn regionen og landet forøvrig. Det er likevel verdt å sjå nærare på dette. Fyrst ser ein at dei kommunane som svara, er opptekne av at fylkeskommunen generelt er ein viktig bidragsytar i arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Score 4 er litt over "nøytral" og om lag på regions- og landsgjennomsnittet. Det er eit bra utgangspunkt for LUK-satsinga. På dei neste spørsmåla ser at Nordland i liten grad skil seg frå gjennomsnittet. Fyrst på spørsmål om fylket klarar å lage relevante møteplassar der dei møter kommunane, skil dei seg litt frå regionen og landsgjennomsnittet. Her vurderar dei fylkeskommunen til 2,7, som er litt svakare enn både regionen (3,3) og landet (3,3) elles (for å sjå korleis dei ulike svarkommunane har gitt "karakter", sjå

Vedlegg 2). Svarkommunane er vidare kritiske til korleis fylkeskommunen tek rolla som initiativtakar og pådrivar for å initiere utvikling ute i kommunane. Me har før diskutert i kva grad dette eigentleg er meint som kritikk frå kommunane si side; Kanskje er mange berre glade til at ikkje fylkeskommunen i større grad initierer prosjekt på ”deira vegne”. Dette er noko ein burde følgje opp kvalitativt ved eit seinare høve.

Nordlandskommunane har i liten grad samanfallande syn med fylkeskommunen med omsyn til mål og tiltak for å sikre attraktive lokalsamfunn. Her ligg dei med 2,9 godt under både regions- (3,5) og landsgjennomsnittet (3,7). Ni kommunar nyttar score 1,2 eller 3, og er dermed heilt usamde, usamde eller litt usamde i påstanden. Sjølv om tala er usikre på dette punktet (mange valde svaralternativet ”inga formeining”), peikar dei likevel i ein retning som burde uroe både kommunane og fylkeskommunen nok til at dei tek tak i problematikken. Sær mange vurderer dessutan at det er eit stort potensial i å utvikle samarbeidet og samhandlinga mellom kommunane og fylkeskommunen på utviklingsfeltet. Det er positivt at så mange ser potencialet i dette (16 kommunar er samde eller heilt samde i at det er eit stort slikt potensial), men 5,3 i score tyder på at dette er noko ein bør ta tak i med ein gong - her ligg Nordland på topp i landet.

3.10 Nord-Trøndelag

3.10.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Nord-Trøndelag fylkeskommunen har, i følge vår informant der, relativt brei kompetanse med omsyn til samfunnutviklingsoppgåver, og listar m.a. opp ingeniørar, samfunnsvitarar, sivilagronom/landskapsarkitektar og veterinærar: ”Nei... det er alt muleg rart... Veldig forskjellig altså. Einaste me manglar er ein jurist”. Om ein skal rekne medarbeidarar som driv med ulike formar for lokalt utviklingsarbeid, meiner informanten dette er tale om rundt fem årsverk fordelt på 10 stillingar. Ein reknar då både deltidsstillingar og prosjekt. Dei fleste oppgåvene er lagt til avdelinga for regional utvikling.

Informanten fortel at ansvaret for utviklingsarbeidet i kommunane er knytt opp mot det han omtalar som ein: ”klassisk tredeling: samferdsel, næring og plan og

areal”. I tillegg nemner han kulturavdelinga, som også arbeider mot kommunane. Ein kan omtale dette som eit tradisjonelt syn på kva som ligg i samfunnsutviklingsomgrepet, der hovudvekta ligg på næringsutvikling og planarbeid (særleg arealplanlegging). Utfordringane for dette fylkeskommunale arbeidet er, i følge informanten, å bli flinkare på å byggje og vedlikehalde nettverk på tvers av sektorar og faggrupper, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

3.10.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Nord-Trøndelag fylke består av 24 kommunar. Av desse er 18 små (< 5000), 4 mellomstore (5001 - 20 000) og 2 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 14 (58,3 %) av desse kommunane. Av desse var 11 små, 2 mellomstore og 1 stor kommunar. Me ser m.a.o. at utvalet ikkje er heilt representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Medan 61 % av dei små kommunane har svart, har berre 50 % av dei mellomstore og dei store gjort det. Dette kan tyde at perspektiv knytt til små kommunar i nokon grad, og kanskje i større grad enn ynskjeleg, pregar resultatet av undersøkinga. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

Tabell 20: Oversikt over svarkommunane i Nord-Trøndelag si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region nord, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Nord-Tr. | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,7 | 4,1 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,7 | 4,1 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,7 | 3,9 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 3,8 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,4 | 4,0 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 2,8 | 3,2 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,7 | 4,2 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,2 | 4,2 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 84,6 | 75,5 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 50,0 | 39,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 35,7 | 29,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,6 | 4,1 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 76,9 | 57,1 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

■ Negativ vurdering
 ■ Nøytral vurdering
 ■ Positiv vurdering

Nord-Trøndelags-kommunane i undersøkinga har, som ein ser av figuren over, høgt fokus på tverrfagleg samarbeid i kommunen. Dei scorar 4,7 på dette spørsmålet og er blant dei fylka i landet som scorar høgast. Region nord ligg som ein ser noko under (4,1), medan landsgjennomsnittet er 4,5. På kompetanse ligg svarkommunane derimot litt under både regions- og landsgjennomsnittet. Det er ikkje dramatiske utslag, men likevel nok til at ein kan hevde at det er ein trend ein bør sjå nærare på. På gjennomføringskompetanse (frå plan til handling) vurderar t.d. kommunane eigen innsats til 3,4. Her er gjennomsnittet for regionen 3,4 og landet

4,1. Som ein ser, stig eigenvurderinga på slik kompetanse med kommunestorleik (innbyggjartal). Nord-Trøndelag sin kommunestruktur kan kanskje forklare litt av den ”svake” scoren.

Også på kapasitet i kommunen scorar Nord-Trøndelags-kommunane relativt lågt (2,8). Her er regions- og landsgjennomsnittet 3,2 og 3,3. Som vår informant i fylkeskommunen er inne på (jf. neste kapittel), er dette ein problemstilling som ikkje er ukjend i fylket.

Eit område svarkommunane i stor grad rapporterer å leggje vekt på, er involvering av ”folk flest” i utviklingsarbeidet og utvikling av tverrfaglege utviklingsarenaer. Dette er viktig for å leggje til rette for brei verdiskaping. Dei vurderer eget mobiliseringsarbeid til 4,6, noko som er godt over både regions- og landsgjennomsnittet på 4,1 og 4,2. Dessutan svarar nær på 80 % at dei har etablert nettverk og/eller møteplassar som legg til rette for tverrfagleg utviklingsaktivitet. Ja-svarprosenten på regions- og landsbasis er rundt 55 %. Det er ikkje mogleg å slutte ut i frå desse tala at Nord-Trøndelag i større grad enn andre involverar frivillige, eldsjeler osv., som KRD jo har lagt vekt på i LUK-satsinga, men det kan signalisere at dei har ein infrastruktur på plass for ei slik (auka) vektlegging.

3.10.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Også i Nord-Trøndelag er hovudutfordringa knytt til samfunnsutviklingsoppgåver i kommunane av kompetanse- og kapasitetsmessig art. Mindre kommunar manglar kapasitet i administrasjonen og manglar, i følgje vår informant i fylkeskommunen, dessutan ofte rett kompetanse. Av ulike grunnar har dei vanskar med å få tilsett kvalifisert personell, så ”dei får ikkje dei rette folka”, som han seier. Dette påverkar også plan- og strategiarbeidet rundt i kommunane. Ein spørjeundersøking i regi av fylkeskommunen avdekte at mangel på kompetanse på plan- og strategiområdet ”gjekk att”.

Fylkeskommunen freistar å dekke opp behovet for kompetanse og mangel på kapasitet gjennom behovsorientert støtte. Informanten fortel at form og styrke i slik støtte alltid er individuelt tilpassa kommunen som etterspør den. Mykje av slik støtte er basert på økonomiske og kompetanserelaterte verktøy, både i regi av fylkeskommunen, eller der fylkeskommunen har ei samordningsrolle, m.a. i det regio-

nale partnerskapet. Informanten vurderer dessutan støtte og rettleiing i høve lokalt planarbeidet som svært viktig, fordi prosessen rundt planarbeidet er det: ”Folk får kjennskap til utviklingsområdet, det er det viktige”.

Fleire av kommunane i fylket har negativ folketalsutvikling og fylket har dessutan fleire omstillingskommunar. Mykje av arbeidet og ressursane fylkeskommunen set inn, går til slike kommunar, fortel informanten. I dei kommunane der kommunen ikkje er aktiv sjølv, og der fylkeskommunen ser at det er behov, er ein inne og ”pushar” litt. I andre kommunar der ordførar og rådmenn er meir aktive, treng ikkje fylkeskommunen å ha same rolla. Det er ikkje geografiske skilje som avgjer dette, meiner vår informant, men kva ressursar som ligg ute i kommunane. Han meiner dette i veldig stor grad er avhengig av ordførar eller rådmann, noko også fleire andre informantar strekar under. Også Norut sin rapport nr. 8/2009, *Kommunen som samfunnsutvikler. En undersøkelse av norske kommuners arbeid med lokal-samfunnsutvikling*, teiknar eit liknande bilde av distriktskommunane: Dei er sårbare dersom kompetanse og aktivitet knytt til einskildpersonar eller -miljø forsvinn.

Både i høve rådgjeving og samordning kan det verke som om fylket og fylkeskommunen har eit utviklingspotensial. Mykje av den rådgjevinga og kompetanseoverføringa som skjer er knytt til næringsutvikling og planarbeid, ofte i regi av andre aktørar enn fylkeskommunen. Informanten fortel at:

Me gjør ikkje så veldig mykje det [rådgjev kommunane], men deler av innovasjonsmiljøa dei har ei slik rolle. Ulike partnerskap: SIVA, kommunane, Innovasjon Noreg og andre halvoffentlege miljø pluss privat næringsliv. Her er fylkeskommunen med.

Av regionale utviklingsprogram, trekkjer han fram dei partnerskapa som eksisterar mellom ulike utviklingsaktørar på kommunalt og regionalt nivå. I tillegg er Fylkesmannen og næringsaktørar som SIVA og IN med. Slike utviklingsprogram foregår hovudsakeleg i regi av fylkesplanen, eller som del av denne.

Med omsyn til nasjonale utviklingsprogram, er dette noko fylkeskommunen nyttar i liten grad. Ein tar (sjølv sagt) omsyn til nasjonale føringar, men dette sjåast som svært overordna. Informanten fortel at Nord-Trøndelag har vore med på ein Bolystrunde, ein type program han er skeptisk til. Ti-femten prosjekt i fylket vart planlagt, der halvparten var konstruert opp berre for denne ordninga. Informanten

fortel at mange ordførarar og rådmenn er forbanna på slike ordningar, som blir oppfatta som: ”fyrtårnordningar, som det ikkje blir noko av noko”. Då er vår informant meir positivt innstilt til internasjonale utviklingsprogram, noko han fortel dei har ”kikka litt på”. M.a. har ein kikka på EU sine rammeprogram. Per i dag manglar fylkeskommunen kompetanse for å komme i gang med arbeidet, men eit samarbeid med KS har som målsetjing å gjer noko med dette.

Fylkeskommunen orienterer kommunane om, relevante verkemiddel og utviklingsprogram gjennom samlingar og fagdagar for næringsansvarlege ute i kommunane. Også fylkesmannen følgjer opp utviklingsarbeid ute i kommunane, eit arbeid også fylkeskommunen er med på. Særleg er samarbeidet godt om landbrukssektoren. Informanten fortel at hovudsamarbeidsarenaer for fylkeskommunen sitt samfunnsutviklingsarbeid er ulike formar for partnerskap. Han trekkjer særleg fram aktive regionråd, ulike samlingar for og med kommunar og oppfølging av kommunane i regi av det regionale partnerskapet. Av samlingane med kommunane nemner han særleg *Tiltaksforum* med samlingar to til tre gonger i året, med næringskonsulentar som arbeider mot kommunane og *Planforum* med vekt på planutvikling. I tillegg arrangerer KS fire møte per år der ulike partnerskap er involvert. Informanten legg vekt på at det er arenaer nok og at dei fleste av kommunane har rikeleg med muligheter til å delta: ”det er utstrakt verksemd, eg trur ikkje det er nokon som ikkje er inne i noko samarbeid, nei...” Utfordringa ligg kanskje i større grad i å samordne og utnytte utviklingspotensialet i dei som eksisterer. Som fleire andre av informantane, meiner også informanten frå Nord-Trøndelag at vellukka lokal samfunnsutvikling ikkje er avhengig av nye eller fleire nettverk og utviklingsarenaer. Informanten seier, og me trur det er mykje rett i det, at:

Poenget, trur eg, er at me opptre smartare. Me skal ikkje opprette nokon ny arena, me skal bruke dei me har betre og få meir ut av dei enn det me gjer i dag. Og så er det viktig at me forankrar dette i kommunane. At det er eigarskap i kommunane. Utan forankring i kommunane så blir ikkje dette her noko bra.

3.10.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 21: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittstal for Nord-Trøndelag, Region nord, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Nord-Tr. | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,4 | 3,9 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,1 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 4,4 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 2,6 | 3,6 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,2 | 2,4 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,9 | 3,3 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 4,4 | 3,3 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 4,2 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 2,8 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 4,0 | 3,5 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 3,8 | 3,1 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 3,9 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

■ Negativ vurdering
 ■ Nøytral vurdering
 ■ Positiv vurdering

Det er nokså stor semje blant kommunane i Nord-Trøndelag at fylkeskommunen er ein viktig og relevant utviklingsaktør. Det verkar dessutan som om kommunane er godt over gjennomsnittet (region og landet forøvrig) nøgde med den rolla fylkeskommunen spelar.

På spørsmålet om fylkeskommunen opplevast som ein viktig bidragsytar i utviklingsspørsmål, scorar svarkommunane 4,4. Dette er over både regions- og landsgjennomsnittet (3,9 og 4,1). Neste vurdering syner likevel at kommunane nok kunne ønskje at fylkeskommunen i enda større grad hadde kapasitet til å støtte og følgje opp eige arbeid. Dette er, som ein vil sjå av figuren over, gjengs for heile landet.

På spørsmål om fylkeskommunen som tilretteleggjar for samhandlingsarenaer, kompetanse og informasjon om utviklingsprogram, vurderer kommunane vidare

fylkeskommunen forholdsvis høgt, faktisk heilt i tet i landet. Som me tidlegare har nemnt, og som me understrekar i metodekapitlet, hefter det usikkerheit rundt dataa på fylkesnivå. Svarkommunane er rett og slett for få til at ein kan konkludere sikkert. Det er likevel mogleg å lese trendar i materialet, og her kan det verke som om kommunane er relativt nøgde med den innsatsen fylkeskommunen gjer innan lokalt utviklingsarbeid. Denne trenden held fram også for spørsmåla knytt til fylkeskommunen si rolle som etablerar av møtefora og -arenaer, koordinator og initiativtakar for utviklingsarbeid. I alle desse spørsmåla ligg Nord-Trøndelag til dels langt over landsgjennomsnittet. Det er dessutan verd å merke seg at svarkommunane i Nord-Trøndelag i liten grad har nytta svaralternativet ”inga formeining” (sjå Vedlegg 2). Dei har vore relativt ”sikre i si sak”.

Også på spørsmål om kommunane opplever å ha samanfallande syn på mål og virkemiddel med fylkeskommunen i høve lokalt utviklingsarbeid, er det nokså stor semje. Sjølv om 4 er definert til å vere i ”nøytralt” område av skalaen, er det i absolutt øvre del av det ”nøytrale”. Det er dessutan over både regions- og landsgjennomsnittet (3,5 og 3,7). Nord-Trøndelag er dessutan det fylket der kommunane i størst grad meiner at fylkeskommunen gjer ein god og relevant jobb i høve internasjonalisering. Her har kanskje den interessa vår informant i fylkeskommunen fortel om (jf. førre kapittel) smitta over på (svar)kommunane. Kanskje er den positive haldninga til fylkeskommunen som regional utviklingsaktør også med på å prege vurderinga av potensialet i vidare samarbeid og samhandling. Her scorar Nord-Trøndelag ”nøytrale” 3,9, under både regions- og landsgjennomsnittet (4,6 og 4,5). Ein kan dermed tolke dette som at ein del av potensialet alt er tatt ut.

3.11 Oppland

3.11.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Ansvar for lokalt samfunnsutviklingsarbeid i Oppland er i følgje vår informant i fylkeskommunen hovudsakeleg lagt til Regionaleininga, og da særleg til to team: *næring og samfunn* og *plan og miljø*. Her finn ein, i følgje informanten, anslagsvis to til tre årsverk fordelt på seks - sju stillingar som er direkte dedikert til lokalt utviklingsarbeid. Imidlertid jobbar desse med mykje forskjellig, så det er litt vanske-

leg å gi eit nøyaktig tal på ressursar og kapasitet knytt til dette arbeidet. Dette er forøvrig ein velkjend problemstilling hovudtyngda av informantar i denne undersøkinga fortel om. Så lenge definisjonen på samfunnsutviklingsarbeid er uklår, er det vanskeleg å si kven og kor mange som jobbar med dette. Informanten fortel om brei kompetanse i regionaleininga, med medarbeidarar både frå næringslivet, interesseorganisasjonar, landbruksforvaltning, samfunnsvitarar og arkitektar.

Oppland har på sett og vis forlate fylkesplanlegginga og opererer i staden med regional planstrategi som overordna planverktøy, med årlig oppfølging i forhold til regionale handlingsprogram. I tillegg har ein årlige rullerte regionale handlingsprogram, med gjennomføringsavtaler ut mot dei seks regionane. Oppland gjennomførte i tidsrommet 2003 - 2009 ei prøveordning under namnet *Fritt fram*, der ein samla alle virkemiddelaktørane i fylket, dvs. stat, fylkesmann, NAV, høgskulen mm. + regionane/kommunane i eit samregionalt partnerskap. Heile det regionale og lokale utviklingsarbeidet og fylkeskommunen si rolleforståing av utviklingsarbeid er forankra i erfaringane frå prosjektet. Ettersom informanten fortel, oppfattar ein regionane, regionkoordinatorar og regionråd som den mest relevante instansen og arenaen for fylkeskommunen sitt arbeid med samfunnsutvikling i kommunane. Arbeidet er basert på årlege partnerskapsavtaler mellom aktørane. Dette har i følgje informanten fungert veldig bra, då ein har kunne ta dei komparative fortrinna ute i regionane på alvor. Kwart regionråd har fått 2,5 mill. kr. til å tilsetje ein regionkoordinator, dette for å institusjonalisere det regionale samarbeidet, og få alle regionane "på plass", og på om lag same nivå. *Fritt fram* blei ikkje vidareført etter 2009, noko informanten meiner var synd. LUK kan difor sjåast som ein ny giv eller ei revitalisering av denne modellen og den tenkemåten han representerer.

Informanten meiner den interne samordninga i fylkeskommunen og det regionale partnerskapet er bra. I regionalavdelinga arbeider ein i ope kontorlandskap, og ein har møter kvar månad med utveksling av informasjon om prosjekt og program. Men dette er eit komplekst landskap. "Alle kan ikkje vite alt om alt og alle" påpeiker informanten, og understrekar vidare verdien av fartstid, erfaring og kjennskap til det fylkeskommunale systemet. Dette gir oversikt som er viktig i samordningsarbeidet.

3.11.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Oppland fylke består av 26 kommunar. Av desse er 12 små (< 5000), 12 mellomstore (5001 - 20 000) og 2 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 14 (53,8 %) av desse kommunane. Av desse var 7 små, 6 mellomstore og 1 stor kommune. Me ser m.a.o. at utvalet er godt representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

Tabell 22 syner korleis svarkommunane frå Oppland vurderer eigen kompetanse og kapasitet på ein del sentrale område knytt til lokal samfunnsutvikling.

Tabell 22: Oversikt over svarkommunane i Oppland si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region aust, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Oppland | Aust | Små | Middels | Store | Landet |
|--|---------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,7 | 4,9 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,8 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,6 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,9 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,9 | 4,2 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,3 | 3,5 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,4 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,6 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,6 | 4,9 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 71,4 | 82 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 35,7 | 40,0 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 21,4 | 39,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,3 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 69,2 | 59,5 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som ein ser, scorar Opplandskommunane 4,7 på dette punktet. Det er litt under gjennomsnittet for Region aust (4,9), men litt over landsgjennomsnittet (4,5). Også på neste spørsmål, som omhandlar planleggingskompetanse, scorar Oppland litt over landsgjennomsnittet (4,5 mot 4,4). Her ligg Region aust godt an med 4,8 i gjennomsnitt. Det er faktisk slik at på dette feltet har storleiken på kommunen (folketal) innverknad på scoren - større kommunar meiner sjølv dei er betre på planlegging av attraktive lokalsamfunn enn små. På dei tre neste spørsmåla knytt til kompetanse på mobilisering, etablering av nettverk og gjennomføring, ligg svar-kommunane heile tida litt under gjennomsnittet både for regionen og landet. Det er likevel små utslag.

Ein ser vidare at Opplandskommunane i liten grad skil seg frå gjennomsnittet for både Region aust og landet elles. Ein kan bite seg merke i at dei i nokså stor grad meiner å ha etablert tverrfaglege møteplassar med fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn. Her svarar rundt 70 % at dei har det, mot t.d. 60 % i regionen forøvrig. Saman med ein relativt god score på vektlegging av å få med "folk flest" i det kommunale utviklingsarbeidet (4,1), er dette eit godt utgangspunkt for utviklingsarbeid med basis i eit breitt utviklingsperspektiv.

3.11.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

På spørsmål om kommunale utfordringar knytt til samfunnsutvikling, fortel vår informant ei forholdsvis velkjend historie: Auke av lovpålagte oppgåver snevrar inn økonomisk handlingsrom. Frivillige oppgåver som fyrstelinjetenester, næringsutvikling, ungdomssatsingar og andre oppgåver som er prega av frivillig medverknad, blir prioritert ned. I tillegg ser ein klart kompetanseutfordring og kapasitetsproblem. Sjølv bynære kommunar slit med å få tak i kompetanse og å vere attraktive som arbeidsgivarar. Dette er ein nasjonal utfordring, som i følgje informanten heng saman med kommunestrukturen. Nokre kommunar klarar å ta tak i eigen situasjon, m.a. med bruk av strategiske næringsplanar, medan andre kjem i "bakleksa". Slik sett er nok mangel på godt planverk ei utfordring for mange. Men plan og visjonar kan godt vere på plass: "hovedutfordringa er å få gjort det som skal til, og da er kompetanse sentralt. Dersom den mangler, så kommer man ikke i mål".

Fylkeskommunen freistar å hjelpe kommunane med desse utfordringane både gjennom rådgjeving og økonomiske verkemidlar. Ein er aktivt inne i prosessar knytt til

næringsutvikling gjennom partnerskapsavtaler med regionråda. Dei disponerer sjølv midlar til å drive utviklinga i ønska retning. Forøvrig gis individuell, tilpassa støtte i høve til kommunale behov. Og behovet er absolutt til stades, fortel informanten, som har opplevd å sjølv skrive søknadar om utviklingsmidlar for ein kommune, for så å ta den med tilbake til fylkeskommunen for handsaming:

Så ille er det i enkelte kommuner... når det gjelder kompetanse og innsikt i hvordan man skal gjøre ting. Sånn er virkeligheten. Det er klart, når du sitter i en kommune med 1300 innbyggere, så kan du sjøl tenke deg hvordan administrasjonen er da...

Det er viktig å understreke at dette er korleis ein informant i fylkeskommunen ser dette bildet. Det er sjølv sagt ikkje sikkert kommunane kjenner seg att i det, noko *Tabell 22* i alle fall delvis ber bod om.

Rådgjeving av kommunane er som før nemnt både knytt til kva ein opplever som behov og til innspel frå kommunane. Fylkeskommunen er medspelar på ulike prosjekt og program knytt til stadutvikling, reiseliv, generell næringsutvikling og omstilling. Ein har telefonkontakt kvar veke med næringsapparatet, rådmenn og ordførarar i kommunane, for orientering, møteplanlegging og konkret rådgjeving. Særleg gjeldt dette store og tunge prosjekt, der kommunen sitt eige apparat ikkje strekker til: "Det er det som er vår rolle, slik jeg forstår det. Så vi er tungt inne vi, i mange tunge prosjekter og prosesser". Aktuelle verktøy i dette arbeidet utover konkret rådgjeving, er regionale utviklingsmidlar (551-midlar), ulik bistand frå det regionalt partnerskapet, samt ulike nettverk ein rår over, som kan fungere som døroppnar til t.d. statlege instansar.

Fylkeskommunen si rolle som samordnar er institusjonalisert gjennom det regionale partnerskapet, regionkontora og ikkje minst regionkoordinatorane der. Informanten meiner:

Dette er et strukturert og fruktbart samarbeid med kommunene. Det går litt opp og ned, men samordninga er institusjonalisert innenfor alle områder: Stedsutvikling, universell utforming, samferdsel, næringsutvikling, reiseliv, kultur, fysisk aktivitet, osv. osv. Det ruller og går...

Av regionale utviklingsprogram Oppland fylkeskommune legg vekt på, nemner informanten den regionale planstrategien samt det viktige regionale partnerskapet. Denne strategien er konkretisert i det regionale handlingsprogrammet, som revider-

rast årleg. Dessutan er fylkesrådmannens gjennomføringsdokument viktig. Dette er ein rammeavtale for kva som skal gjerast, med budsjett og oppfølging av måloppnåing. Oppland har også lang erfaring med nasjonale utviklingsprogram. Informanten seier det slik:

Det er ikke den ting vi ikke har vært med på. Vi har vært med på alt, vi... Ut-kantsatsing, Småsamfunnssatsing, LUK-satsing nå, pilot på universell utforming sammen med Hedmark fylkeskommune i regi av KRD og MD, Bolyst... jeg trur vi er med på alt jeg...

Også Internasjonale prosjekt har ein kjennskap til og erfaring med. Euromontana, Fjellregionsamarbeidet og Natur og kulturparksamarbeid mellom anna med Frankrike er døme på det.

Fylkeskommunal kommunikasjon om verkemiddel og støtte spreiaast fyrst og fremst på faste møtearenaer. Her kan kommunale og regionale behov tas inn til fylkeskommunen, som kan arbeide vidare mot departement eller det regionale partnerskapet. Det er eit svært stort spenn i kva typar spørsmål og utfordringar dette er, men korleis ein klarar å løyse dei er svært avhengig av kompetanse, personlege eigenskapar og nettverk. Det er ein "utruleg stor fordel" at fylkeskommunen har tilsette med gode nettverk, som kan vere eit slikt bru hovud eller ein dørøpnar frå kommunenivå og opp i det øvrige utviklingsapparatet, både i privat og offentleg sektor. Dette tyder likevel ikkje at fylkeskommunen skal ta på seg ei rolle som nettverksbygger, meiner informanten. Slike nettverk og arenaer finst frå før, og vår informant gjer eit svært tydeleg poeng av at det er langt viktigare å utnytte desse betre, enn å stadig skulle skape nye:

Vi har nok av det. Vi har nok arenaer, vi har nok møteplasser, vi har nok å forholde oss til som vi har, vi trenger ikke noe mer av det, altså. Er det noe vi er gode på så er det nettverk. Vi har det på stell og bruker det vi har. Det var moderne det vet du, for noen år sida: alle skulle drive prosjekt på nettverksbygging... Den stien har vi forlatt. Permanent!

Fylkeskommunen bør slik meir vedlikehalde og konsolidere (gje dei tyding og status) nettverk og møteplassar enn å initiere nye.

3.11.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 23: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittstal for Oppland, Region aust, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Oppland | Aust | Små | Middels | Store | Landet |
|--|---------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,3 | 4,0 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,3 | 3,1 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,4 | 3,5 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 2,9 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,4 | 2,8 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,4 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 2,9 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 3,4 | 3,6 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 3,5 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 3,6 | 4,0 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 2,7 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 3,9 | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Opplandskommunane er i det store og heile relativt nøgde med det utviklingsarbeidet fylkeskommunen gjer. Som ein ser av *Tabell 23* er dei fleste tilbakemeldingane nøytrale eller positive. Til å byrje med vurderer svarkommunane fylkeskommunen til å vere ein viktig bidragsytar i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn. Oppland får score 4,3 på dette spørsmålet. Regionen får her 4 medan landet elles scorar i gjennomsnitt 4,1. Det verkar ikkje som om svarkommunane er bekymra for fylkeskommunen sin kapasitet på feltet. Scoren 3,3 syner at dei korkje er samde eller usamde i påstanden om at fylkeskommunen manglar kapasitet til å følgje opp kommunane sitt arbeid. Her er svarkommunane hårfint mindre samde enn gjennomsnittet for regionen og landet (3,1 og 3,2). Utslaga er likevel små. Dei same kommunane er dessutan i ”nøytral” del av skalaen i høve spørsmål om fylkeskommunen si rolle som skapar av samhandlingsarenaer. Det kan tenkjast at kommunane gjerne skulle ynskt seg endå betre møtestader for samhandling og kompe-

tanseutveksling. Dei er nemleg positivt innstilt til kva kompetanse fylkeskommunen tilbyr, noko scoren 2,9 syner (dei er m.a.o. ikkje samde i påstanden om at fylkeskommunen ikkje bidrar med relevant kompetanse). Her ligg Oppland dessutan godt an i forhold til Region aust (3,2) og landet elles (3,4). Dette synspunktet har vidare oppslutning frå alle svarkommunane (n = 14), dvs. ingen har svara ”inga formeining” (sjå Vedlegg 2). Same positive haldning har mange av dei til fylkeskommunen si oversikt over utviklingsprogram/prosjekt. Her har også mange vald å krysse av for ”inga formeining”. Dette kan vere eit signal om at spørsmålet har vore uklart, eller at oppfatninga av omgrepet utviklingsprogram/prosjekt ikkje er heilt klar: kanskje har ein ikkje heilt skjønt kva me var ute etter⁵. Me var i eit tidlegare spørsmål inne på at kommunane til ein viss grad ytrar at dei saknar gode arenaer for samhandling med fylkeskommunen. På spørsmål om kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der utviklingsprosjekt er tema, scorar dei i Oppland i gjennomsnitt 2,9. Dette er under både regions- og landsgjennomsnittet (3,5 og 3,3). Dette styrkar antakinga om at Oppland har meir å hente her, og at kommunane har forventningar om at det er fylkeskommunen som skal ta initiativet til dette.

På spørsmål om fylkeskommunen oppfattast som initiativrik og som ein pådrivar i utviklingssaker, er svarkommunane i Oppland korkje samde eller usamde. 3,5 er midt i skalaen, i ”nøytralt ”område. Me har før diskutert i kva grad kommunane meiner det er positivt at fylkeskommunen er ein slik pådrivar - kanskje vil dei helst sjølv stå for ulike initiativ? Som me også før har konkludert med, er dette likevel eit punkt fylkeskommunen bør ta tak i og greie ut nærare. Det kan jo òg tenkast at kommunane ynskjer eller etterspør slike initiativ i større grad.

Som mange andre kommunar i landet, er også svarkommunane i Oppland usamde i at fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og klarar å inkludere både seg og kommunane i relevante prosjekt. Vurderinga på 2,7 (regionen og landet elles, 2,9) syner dette. Sjølv om informanten i fylkeskommunen hevdar å ha vore aktiv også innan internasjonale utviklingsprosjekt, kan det altså verke som om det manglar litt på å formidle dette til - eller involvere - kommunane.

⁵ Det er mange svarkommunar, på tvers av fylka, som har svart ”inga formeining” på dette spørsmålet. Det er difor grunn til å vere kritisk til resultatet på dette punktet. Sjå metodekapittelet for ei meir utførleg bortfallsanalyse.

Ein kan diskutere i kva grad det er positivt eller ikkje at kommunane ikkje ser det store forbettringspotensialet i samarbeidet med fylkeskommunen. Opplandskommunane er i alle fall avventande til eit slikt potensial. Det kan vere fordi dei opplever at dei har eit godt og velfungerande forhold til fylkeskommunen. Eit etterarbeid bør slik freiste å utelukke at det kan vere eit utslag av ei svekka tru på at eit betre samarbeid er mogleg.

3.12 Rogaland

3.12.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Det fylkeskommunale samfunnsutviklingsarbeidet i Rogaland er hovudsakleg organisert i ein regional utviklingsavdeling. I tillegg har ein ei opplærings- og ei administrasjonsavdeling, som begge i mindre eller ingen grad har ansvar for utviklingsoppgåver lokalt i kommunane.

Regional utviklingsavdeling er igjen delt i fire seksjonar: Seksjon for regional plan, for næring, for kultur og for samferdsel. Informanten meiner både avdelinga og resten av fylkeskommunen er prega av ei vid forståing av lokalsamfunnsutvikling, og at dei fleste på regional utviklingsavdeling vil si at dei driv med dette. Dette inneber også at ein innan det regionale partnerskapet eller i andre nettverk eller samarbeidsarenaer, ser utover tradisjonelt plan- og næringsarbeid.

Arbeid med lokalsamfunnsutvikling i Rogaland er på overordna, strategisk nivå knytt til fire fylkesdelplanar. Desse er svært sentrale og blir nytta aktivt av både fylkeskommunen og kommunane. Dei vart utarbeidd i dialog med kommunane og er godt forankra i dei behova dei har. Dei er ”resultatet av gode prosessar”, fortel informanten. På operativt nivå er arbeidet knytt opp mot ein regional utviklingsplan (RUP), som i 2010 er tufta på dei fire stikkorda kvalitet, konkurranseevne, kompetanse og kommunikasjon. Desse svært generelle og slagordsprega punkta rommar samstundes ein god peikepinn om kva fylkeskommunen legg i lokalsamfunnsutvikling: Energi, miljø, mat og reiseliv (konkurranseevne), entreprenørskap og utdanning (kompetanse), universell tilrettelegging (kommunikasjon), helsefremmande arbeid og fysisk aktivitet (kvalitet). Alle søknadar om RUP-midlar må

relatere seg til innhaldet i utviklingsplanen og må vere basert på partnerskapsavtaler der fylkeskommunen i mange tilfelle er ein av partane.

Eit sentralt spørsmål i høve intern samordning er om avdelingane og seksjonane arbeider tverrfagleg og på tvers av fag og seksjonar, eller om dei sit mykje ”åleine” med sitt. I følgje informanten har ein i dag ikkje ein utprega tverrfagleg tilnærming til kommunane:

Me har samarbeid på tvers, me møtast jo heile tida. Men eigentleg køyrer kvar seksjon sine prosjekt i forhold til kommunane. ...eg [trur] nok eg vil si at me jobbar mest ut frå kvar og ein seksjon og ikkje så mykje som ein. Eg trur nok kommunen ville sagt at dei at dei får besøk av regionalplanseksjonen og ikkje nødvendigvis av regionalutviklingsavdelinga, om du forstår...

Vår informant fortel vidare at kultur- og regionalplanseksjonane nok er dei som har best samarbeid, og t.d. reiser saman ut i møte med kommunane. Medan det er meir sjeldan (om i det heile) at næring er med i slike samordna møter i kommunane. Men, informanten understrekar at dette er sett frå hennar ståstad. Andre i seksjonen, t.d. dei som jobbar med landbruksplanar, kan ha meir samarbeid med næringsseksjonen. På spørsmål om kommunane etterspør eller ønskjer seg meir samordna innsats frå fylkeskommunen, er svaret:

Eg trur at om du hadde spurt om det så ville dei sagt ja, men akkurat i dag så trur eg dei er veldig glade for å sjå oss i det heile tatt. Dei er veldig glade for at me i det heile tatt kjem ut, så derfor er dei ikkje sure for at me ikkje kjem fleire seksjonar, sjølv om me burde ha gjort det.

Dette er i hovudsak resultatet av kapasitetsspørsmål. Fylkeskommunen prøvar å samordne seg før ein reiser ut, særleg i dei tilfella der det er ressurskrevjande å reise.

3.12.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Rogaland fylke består av 26 kommunar. Av desse er 12 små (< 5000), 9 mellomstore (5001 - 20 000) og 5 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 13 (50 %) av desse kommunane. Av desse var 7 små, 5 mellomstore og 1 stor kommune. Me ser m.a.o. at utvalet er nokså representativt for fylkesstrukturen med omsyn til dei små og mellomstore kommunane. Unntaket er dei store kommunane, der svarpro-

senten berre er 20 %. Stavanger med sine 123 850 innbyggjarar har t.d. ikkje svart. Dette tyder at resultatet i mindre grad enn ynskjeleg, speglar perspektiv som kanskje er typiske og særreigne for store kommunar. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

Tabell 24: Oversikt over svarkommunane i Rogaland si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region vest, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Rogaland | Vest | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,5 | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,4 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,2 | 4,0 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 2,8 | 3,1 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,1 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,8 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,2 | 4,3 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 91,7 | 74,1 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 33,3 | 30,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 25,0 | 19,1 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 3,6 | 4,1 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 50,0 | 50,9 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

■ Negativ vurdering
 ■ Nøytral vurdering
 ■ Positiv vurdering

Figuren over syner at svara frå Rogalandskommunane, med nokre unntak, er i tråd både med Region vest og landet forøvrig. I litt større grad enn regionen elles vurderer dei å ha samarbeid på tvers av avdelingar og etatar (4,5 mot 4,2). Det tyder på at eit slikt tverrfagleg arbeid er til stades i fylket. Vidare vurderer kommunane eigen kompetanse til å vere relativt god, og nesten heilt på linje både med regions- og landsgjennomsnittet. Eit lite unntak er med omsyn til mobiliseringskompetanse, der

dei ligg litt under (3,8 mot 4). Det er likevel små utslag, særleg om ein ser dei i lys av usikre data på fylkesnivå (jf. metodekapittel).

Kapasitet til å drive med lokalt (kommunalt og interkommunalt) utviklingsarbeid er eit sentralt punkt i mykje av det arbeidet både stat og fylkeskommune driv mot kommunane. Ofte blir det peikt på at denne kapasiteten manglar, anten fordi ein ikkje har økonomi eller at ein på anna vis ikkje klarar å halde oppe fagmiljø. Svar-kommunane i Rogaland vurderer eigen kapasitet som for dårleg. Dei ligg også litt under gjennomsnittet for både regionen og landet: 2,8 mot 3,1 og 3,3. For strate-gisk arbeid, målretting og forankring av utviklingsarbeid i lokalt planverk, ligg ein om lag på gjennomsnittet - litt over og litt under.

Rogaland scorar høgt på deltaking i regionale utviklingsprogram. Meir enn 90 % svarar at dei er med på slike program eller prosjekt. For nasjonale og internasjonale program sin del, er deltakinga langt lågare (ein tredjedel og ein fjerdedel), men det-te er likevel på line med resten av regionen og landet.

For punkta om involvering av ”folk flest” i kommunalt utviklingsarbeid og tilrette-legging av arenaer for involvering av tverrfagleg kompetanse og aktørar, scorar Rogalandskommunane marginalt under regions- og landsgjennomsnittet. 3,6 for involvering, medan halvparten melder at dei har etablert nettverk og/eller arenaer for tverrfagleg arbeid med utviklinga av attraktive lokalsamfunn. Her har ein med andre ord eit potensial for forbetring.

3.12.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Hovudutfordringar knytt til samfunnsutvikling varierar også i Rogaland frå kom-mune til kommune. Bykommunane, med Stavanger i spissen, opplever ekstremt press, medan randsonekommunane i stor grad har fråflyttingsproblematikk. Dei minste kommunane ”slit katastrofalt”, hevdar informanten, og fortel at dei små kommunane sjølv seier dei slit med kompetanse og ressursar. Inntrykket er at dei har gode kommuneplanar med tydelege visjonar, men at fagmiljøa er dårligare i høve til oppfølging: ”dei føler seg einsame”.

Det har over tid utvikla seg mange ulike modellar for støtte og rådgeving mellom fylkeskommunen og kommunane: ulike måtar å jobbe fram prosjekt, ulike nettverk osv. No arbeider ein for å samle og samordne meir av denne verksemda, noko som

i praksis tyder meir arbeid på tvers, arbeidet med å samle prosjektfinansiering og kompetanse i RUP-en osb. Informanten meiner kompetanse- og tiltaksapparatet var veldig uoversiktleg slik det var, og fylkeskommunen ynskjer slik å gjere seg meir oversiktleg for kommunane. Mykje av den støtta fylkeskommunen gjev, skjer gjennom deltaking i styringsgrupper og prosjektgrupper. Her skjer det mykje prosjektvis kompetanseoverføring, råd- og rettleiing. Ein er her oppteken av å samordne ulike prosessar i samband med utviklingsarbeidet lokalt, særleg gjennom den regionale utviklingsplanen, der mykje av arbeidet er planmessig, prosjektmessig og løvingsmessig forankra.

Rogaland har vore nokså flittig brukar av nasjonale utviklingsprogram, og informanten lister mellom andre opp BOTSFOR (Statens vegvesen sitt nettverksforum for planlegging og utforming av veger og gater i byar og tettstader), BYLAB (kompetansesenter spesielt retta mot små og mellomstore byar), småsamfunnssatsinga *Øy søker barn*, Bolyst og Husbanken sitt stadutviklingsprogram BLEST. Av internasjonale program nemner informanten fleire europeiske prosjekt som t.d. EUROPAN 11, Vital Rural Areas og Citaslow, og fortel vidare at dei fleste nasjonale og internasjonale utviklingsprosjekta faktisk er knytt til dei små kommunane. Fylkeskommunen organiserer mykje av arbeidet med lokalsamfunnsutvikling gjennom ein årviss regional utviklingsplan. I samband med utarbeidinga av denne, blir alle kommunane invitert med i prosessen, m.a. gjennom ein eigen konferanse. I det daglege arbeidet nedover i systemet, gjeng mykje av kommunikasjonen per telefon og e-post. Informanten fortel at dei tilsette i fylkeskommunen i mindre grad enn ynskjeleg reiser ut i kommunane. Dette heng saman med mangel på kapasitet. Av aktuelle nettverk har fylkeskommunen likevel akkurat sett i gang regionalt planforum. Der skal kommunane møte dei overkommunale myndighetene til fagleg arbeid og dialog rundt kommuneplanar. Dei ulike seksjonane har forøvrig alle eigne fagnettverk knytt til t.d. stadutvikling, kultur eller næring. Det er sett i gang eit viktig arbeid med å samle dette i eit systematisert plannettverk.

3.12.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 25: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittstal for Rogaland, Region vest, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Rogaland | Vest | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,1 | 4,2 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,1 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,3 | 3,7 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,9 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,8 | 3,0 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 2,9 | 3,4 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 2,3 | 3,1 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 2,9 | 3,7 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 3,8 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 3,2 | 3,7 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 1,8 | 2,6 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,5 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som ein ser av *Tabell 25* er svarkommunane i Rogaland relativt kritisk innstilt til fylkeskommunen sitt arbeid med lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Informanten i nettopp fylkeskommunen fortel at kapasitetsmangel fører til manglande (personleg) kontakt mellom dei to forvaltningsnivåa. Kan dette vere ein årsak til kommunane si kritiske haldning? I alle fall tyder ingen ting på at kommunane meiner fylkeskommunen *ikkje* er ein viktig bidragsytar i lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Her ligg dei på linje med Region vest og landet elles, på (svakt) ”positiv” ende av skalaen. Ein ser forøvrig at kommunane i gjennomsnitt blir meir kritiske til kor viktig bidragsytar fylkeskommunen er jo større folketalet i kommunen er. Det er nærliggande å tenkje at store (by?)kommunar gjerne er meir sjølvstendige i utviklingsspørsmål, medan små kommunar treng den ekspertisen og kapasiteten fylkeskommunen har. I Rogaland svarte om lag 50/50 % små og mellomstore/store kommunar, noko som gjer at begge desse perspektiva er bakt inn i scoren 4,1. Me ser vida-

re at kommunane i moderat grad meiner fylkeskommunen lir under eit kapasitetsproblem. Dette synet verkar å ha marginalt sterkare forankring enn elles i regionen og landet. Vidare vurderer svarkommunane fylkeskommunen litt under regions- og landsgjennomsnitt for arbeid med å lage samhandlingsarenaer (3,3 mot 3,7). Som ein ser, er likevel kommunane noko avventande på dette punktet, 3,3 er nær middelverdien i skalaen, altså: korkje samd eller usamd. Det same kan ein si for kommunane si oppleving av om fylkeskommunen har relevant kompetanse for å hjelpe kommunane. Her tyder scoren på 3,9 på at svarkommunane er litt samde i påstanden om at fylkeskommunen i liten grad bidrar med nyttig kompetanse. Her er regionen og landet elles meir nøytrale i si vurdering: høvesvis 3,5 og 3,4.

Også på punkta økonomisk og fagleg koordinering, deltaking på møteplassar som kommunane meiner er relevante og koordinering av utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensar, vurderer svarkommunane i Rogaland fylkeskommunen under regions- og landsgjennomsnittet. Me har ved fleire høve understreka at datamaterialet på fylkesnivå ikkje utan vidare speglar det reelle gjennomsnittet i fylket, til det er svarprosenten for låg. Dessutan heng svara på ein einskild svarperson. Sjølv om me må forvente at han eller ho er sentral i kommunen (undersøkinga gjekk til rådmann), veit me ikkje sikkert kven som svarar og kva grunnlag han eller ho har for å svare. Det skyggar likevel ikkje for at sider ved materialet nok kan uroe fylkeskommunen. Til dømes gjev tre av svarkommunane fylkeskommunen svakast mogleg vurdering (1) på spørsmålet om fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på en god måte (n = 12). Fire kommunar gjev 1 på spørsmål om kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er et sentralt tema. Den låge scoren på dette området blir dessutan særleg interessant i lys av informanten si uro for at manglande kapasitet gjer kontinuerleg kontakt med kommunane vanskeleg. Sjølv om datagrunnlaget er usikkert, vil svarkommunane si vurdering likevel gje noko støtte til teorien om at manglande *faste* samhandlingsarenaer er ein viktig årsak til manglande samsvar mellom kommunale og fylkeskommunale (gjensidige) behov og forventingar. Denne moglege manglande samordninga kan også vere med på å forklare at kommunane sjølv meiner at dei og fylkeskommunen ikkje nødvendigvis har samanfallande syn på mål og verkemiddel knytt til lokal utvikling. Slik vil fylkeskommunalt arbeid kunne oppfattast som mislukka, uavhengig av kvaliteten på

arbeidet. Tala er difor truleg egna til å stimulere til samråding og utveksling av synspunkt på korleis mål og middel i større grad kan gjerast samanfallande.

3.13 Sogn og Fjordane

3.13.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Informanten i Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer ikkje å freiste å talfeste kor mange som jobbar med lokalsamfunnsutvikling i fylkeskommunen, det ville bli eit "subjektivt og dårleg tal". Mange jobbar mot kommunane, gjennom budsjettarbeid, planhandsaming osv. Nokre færre direkte med kjerneverksemda innan lokalsamfunnsutvikling.

Ei omorganisering i fylkeskommunen i seinare tid, har vore uttrykk for eit ønske om å prioritere det regionale planarbeidet høgare. Arbeidet med utviklingsarbeid i fylkeskommunal regi var ifølgje vår informant prega av manglande "på tvers"-arbeid; det var for lite kommunikasjon på tvers av avdelingar. Etter forvaltningsreforma er dette endra, og no er ei plan- og samfunnsavdeling oppe og står. Tidlegare var regionalavdeling organisert som ein paraply over mellom anna næringsutvikling, kommunal planhandsaming og samferdsle. I tillegg hadde ein kultur- og opplæringsavdelingar. Omorganiseringa hausten 2009 kom altså både som følgje av nye oppgåver og prioriteringar i samband med forvaltningsreforma, og som følgje av kommunikasjonsutfordringar mellom dei ulike avdelingane. Den nye organiseringa omfattar ei plan og samfunnsavdeling, med ei samordnande og tverrsektoriell rolle, ei næringsavdeling, ei samferdselsavdeling, ei kulturavdeling og ei opplæringsavdeling.

Fylkesplan blei opphavleg laga for perioden 2005-08, men er forlenga i to omgangar i påvente av regional planstrategi. Fylkesplanen er fokusert og tungt retta inn mot næringsutvikling. "Pengebruken i fylket har tradisjonelt vore veldig tung på næringsida", seier informanten. I samband med det nye planstrategiarbeidet har ein byrja sjå på om ikkje fokuset og dermed pengebruken skal vris over mot bu- og levkår, det informanten kallar "mjuke verdiar". Informanten meiner å kunne sjå ei generell utvikling, der fokuset vris frå samfunnsutvikling som hovudsakleg næ-

ringsutvikling, over mot meir *sosiokulturelle* forhold: Omdømmebygging, fysisk tilrettelegging, tettstadutvikling, folkehelse, innvandring osv.

Pga. denne nye satsinga og ei endra retning på lokalsamfunnsutvikling, har LUK-satsinga berre blitt ”slusa inn i den organisasjonsutviklinga og endra fokuset som me lenge har hatt som eit ønskemål”, fortel han vidare. Dette er eit medvete val ein har gjort også for at satsinga ikkje skulle bli ein ny ”happening”, som kommunane var forventa å hake seg på. Det har dei i følgje informanten nemleg ikkje kapasitet til: ”Dei har ikkje ressursar og høve, og maktar ikkje å følgje opp alle sånne satsingar...”. Difor har ein fyrst og fremst knytt LUK-satsinga til det strategiske nivået i kommunen.

Sogn og Fjordane opererer med fire regionar med tilhøyrande regionråd. Men det har vore ein viss avskaling, slik at fylkeskommunen ikkje lenger kan nytte regionråda til å kommunisere med alle kommunane i fylket. Tanken i fylkeskommunen no er derfor å tone ned regionråda som utviklingsaktør og overlate meir til kommunane. Informanten ser ei utvikling mot meir interkommunalt samarbeid om tunge ansvarsområde, men meiner samstundes at problemet med regionale og interkommunale samarbeid, er kva han kallar eit ”demokratisk underskot”. Den verkelegheita som pregar regionrådsdiskusjonen, klarar ikkje på nokon måte å reflektere folkedjupet, meiner han. Det er vel ein av grunnane til at ein har sett avskaling frå desse råda frå fleire kommunar.

3.13.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Sogn og Fjordane fylke består av 26 kommunar. Av desse er 18 små (< 5000), 8 mellomstore (5001 - 20 000) og ingen store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 11 (42,3 %) av kommunane. Av desse var 6 små og 5 mellomstore. Me ser m.a.o. at utvalet er ikkje er heilt representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Medan berre 33 % av dei små svara, gjorde 63 % av dei mellomstore det same. Dette gjer at resultatet kanskje i større grad enn ynskjeleg speglar perspektiv typiske for mellomstore kommunar. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

Tabell 26: Oversikt over svarkommunane i Sogn og Fjordane si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region vest, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Sogn og Fj. | Vest | Små | Middels | Store | Landet |
|---|-------------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 3,8 | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,4 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,7 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 4,0 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,1 | 3,1 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,2 | 4,1 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,7 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,4 | 4,3 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 63,6 | 74,1 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 36,4 | 30,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 20,0 | 19,1 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 4,1 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinsti-tusjonar og frivillige lag er involvert? | 27,3 | 50,9 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som ein ser av figuren over er svarkommunane i fylket relativt sjølvkritiske med tanke på samarbeid mellom etatar og sektorar. Dei vurderer dette til 3,8 på skalaen, dvs. i "nøytralt" område. Resten av regionen og landet er meir nøgde med seg sjølv i høve dette: 4,2 og 4,5. På spørsmål om kommunal kompetanse er også kommunane litt meir sjølvkritiske (eller realistiske?) enn gjennomsnittet. Dei ligg heile tida litt under regionen og landet elles. Eit unntak her er kompetanse på gjennomføring. Her scorar Sogn og Fjordane 4,5 mot 4,1 (regionen og landet).

På spørsmål om kommunal kapasitet ligg dei på linje med Region vest, litt under landsgjennomsnittet. Dette er likevel marginale forskjellar. Det at vurderinga på

dette punktet er i nedre del av ”nøytralt” område av skalaen, gjenspeglar truleg det mange av informantane i fylkeskommunen, og andre forskingsprosjekt forøvrig, har peikt på, nemleg at somme kommunar slit med å skaffe og oppretthalde kapasitet på utviklingsområdet.

Med unntak av deltaking i regionale program, der svarkommunane er svakt underrepresentert, ligg dei om lag på gjennomsnittet både med omsyn til strategisk arbeid, forankring i planverk og deltaking i utviklingsprosjekt på ulike nivå.

Dei siste to spørsmåla me har vald å trekkje fram frå undersøkinga, omhandlar brei deltaking og involvering i utviklingsarbeidet. Kommunane legg i noko mindre grad enn andre vekt på å involvere breitt i slikt arbeid. Dei scorar i gjennomsnitt 3,8, medan regionen og landet elles scorar høvesvis 4,1 og 4,2. Det er som ein ser m.a.o. ikkje store utslag. På spørsmål om ein har oppretta arenaer for tverrfagleg (brei) involvering i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn, svarar knappe 30 % ja. Her ligg ja-svarprosenten i regionen på litt over 50 % og landet 56 %. Er ein oppteken av eit breiast mogleg verdiskapings- og utviklingsperspektiv i kommunen, kan det med andre ord vere litt å hente på dette feltet.

3.13.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har nettopp kartlagt kva som er kommunane sine hovudutfordringar i høve lokalsamfunnsutvikling, eit arbeid også fylkeskommunen tok i. Det denne syner, er at kommunane svarar at dei har kompetanse men manglar kapasitet. Erfaringsmessig vil slike svar avhenge av kven du spør. Fylkeskommunen har eit litt anna perspektiv, og vår informant fortel:

I mange kommunar lever kommuneplanen litt sitt eget liv. ... Eigarskapet [til utviklingsarbeid i brei forstand] er ikkje så tungt i alle kommunar, det er i alle fall mitt inntrykk. Og rådmenn dei er ikkje veldig påkopla. ... Eg trur det er ein utfordring både kapasitets- og kompetansemessig i kommunane. Nå ser eg at ein forholdsvis stor kommune hyrar inn eksterne konsulentar til å lage samfunnsdelen i kommuneplanen, og eg trur ikkje det er ein spesielt... i alle fall ikkje i ein kommune som har ressursar, er noko spesielt god og lur måte. For det er snakk om å mobilisere på eit eller anna vis, og korleis ein skal gjere det. ... Det me ser er at kommunane har liten kapasitet og evne til å engasjere breitt, altså...

Trass i at fylkeskommunen fyrst no har kome på banen i høve eit breitt engasjement med omsyn til lokalsamfunnsutvikling i kommunane, er ein godt i gang med å initiere meir konkrete samarbeid knytt til oppstarten av lokale planstrategiar. Den sentrale oppgåva til fylkeskommunen er i følgje informanten å hjelpe kommunane til å finne eigne utfordringar og behov. Dette kan ein til dømes følgje vidare opp med partnerskapsavtaler med kommunane, med rammeløyving knytt til overordna strategi, for så å gje kommunane noko friare hendar i det daglege arbeidet. Ein vil vidare forenkla verkemiddelapparatet. Parallelt må fylkeskommunen ha eit blikk for desse behova i sitt arbeid med den regionale planstrategien. Dette for å sikre forankring og medverking. Ein må hjelpe kommunane til å bli meir handlings- og målretta i planane sine og dessutan meir medvetne verkemiddelapparatet på fylkesnivå.

Informanten er oppteken av at arbeidet skjer i samarbeid med det regionale partnerskapet. Ein har også ein avdeling av Distriktssenteret i Sogndal, som kan vere ein medspelar og partner. Han er dessutan svært oppteken av at arbeidet er basert på dialog og likeverd. Dette er viktig for at arbeidet skal framstå som relevant for begge partar, meiner vår informant, og seier:

Dei tidlegare fylkesplanane har nok vore utarbeidd med regionale briller. Og det kan godt hende at kommunane har opplevd dette som litt ovanfrå og ned, og litt irrelevant. Det verkar ikkje som om kommunane, når dei har laga sine planar, har vore spesielt innretta mot å følgje opp eller vere opptekne av dei same problemstillingane som fylkesplanen gjer.

Det er særleg viktig for fylkeskommunen å følgje opp den rolla kommunane no har som breie samfunnsutviklingsaktørar, noko informanten meiner har vore for lite vektlagt fram til no. Dette forklarar informanten slik:

... det har vore for stort fokus på næring og næring og næring. Og for lite på gode leveforhold. Men kommunane er desto meir viktige i høve utviklinga av omdømme, gode tettstader, gode helsevilkår og... det å lage attraktive plassar på andre vis.

Informanten er svært oppteken av at utviklingsarbeid i kommunane skal vere forankra i overordna kommunale strategiar. Det skal vere ei heilskapleg tilnærming i kommunane til utviklingsarbeid. Det er hovudideen i LUK-satsinga i fylket: Dette er eit krevjande arbeid som inneberer endring av mentalitet og kulturar.

Sogn og Fjordane har delteke i ei rad nasjonale utviklingsprogram, t.d. Bulyst, Småsamfunnssatsinga og fleire prosjekt i regi av Riksantikvaren. Likevel er ikkje informanten særleg begeistra for slike program, som han meiner er topptunge og med liten regional og lokal medverking. Av internasjonale prosjekt nemner han eit samarbeid med Skottland, men fortel samstundes at dette i høve lokalsamfunnsutvikling ikkje har vore vurdert som spesielt viktig for fylket.

Fylkeskommunen informerer om verkemiddel og tiltak på fleire måtar. Informanten understrekar likevel at det aller viktigaste er å styrke kontakten med kommunane på strategisk nivå. Ganske nytt er at fylkeskommunen reiser rundt på det dei kallar lyttemøte, ein rundtur til kommunane der dei utelukkande lyder til kva utfordringar og behov kommunane fortel om. Nedover i systemet finn ein sjølv sagt ein samanhengande dialog mellom fylkeskommunen og kommunane. Denne følgjer faglege nettverk og gjeng langs fleire kanalar av typen telefon, Internett og e-post.

Ulike nettverk informanten trekkjer fram er det regionale partnerskapet, særleg i form av planforum og eit folkehelsenettverk / partnerskap med jamlege møte. Men han fortel også at ein saknar ein arena for strategisk kommunikasjon, knytt til kommunal planstrategi og samfunnsdel som kunne føre til tettare samhandling mellom kommunane og fylkeskommunen knytt til overordna utviklingstiltak (t.d. partnerskapsavtaler med kvar kommune).

3.13.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 27: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittstal for Sogn og Fjordane, Region vest, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Sogn og Fj. | Vest | Små | Middels | Store | Landet |
|--|-------------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,2 | 4,2 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,4 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,5 | 3,7 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,3 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 3,8 | 3,0 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,6 | 3,4 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 3,2 | 3,1 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 3,9 | 3,7 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 3,7 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 3,6 | 3,7 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 3,0 | 2,6 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,4 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som i Region vest og landet elles meiner svarkommunane i Sogn og Fjordane at fylkeskommunen er ein viktig bidragsytar i det lokale samfunnsutviklingsarbeidet. 4,2 er på line med regionen og litt over landsgjennomsnittet på 4,1. Spørsmålet er generelt og speglar truleg ein omfattande (men til tider kritisk) velvilje frå kommunane til kva rolle fylkeskommunen spelar som utviklingsaktør. Som ein ser vidare, ligg dei fleste svara frå kommunane i kva me har definert som ”nøytral” del av vurderingsskalaen. Dei ligg vidare om lag på gjennomsnittet anten for regionen eller for landet forøvrig. Av små avvik det kan vere verdt å merke seg, er ein relativt kritisk haldning til korleis fylkeskommunen skaffar og formidlar informasjon om relevante nasjonale og internasjonale utviklingsprogram. I og med at dei same kommunane seinare, i større grad enn gjennomsnittet både for regionen og landet, svarar at dei er samde i at fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt, kan det verke som det er nasjonale prosjekt kommunane ynskjer meir oversikt over. Ser ein på kva kommunane sjølv oppgjer å vere med på av slike prosjekt (

Tabell 26), svarar 36 % at dei deltek i nasjonale prosjekt. Det er over regionsgjennomsnittet (30 %) og om lag likt med landsgjennomsnittet. Uavhengig av dette ynskjer altså kommunane i enda større grad å gjere seg nytte av utviklingsprogram og prosjekt. Dei ynskjer likeins at fylkeskommunen skal bistå i dette arbeidet.

Ein ser vidare at svarkommunane gjev fylkeskommunen relativt høg score på arbeidet med å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunane (3,9 mot 3,7 på regions- og 3,5 på landsbasis). Kanskje kan dette ha samanheng med fylkeskommunen sin medvetne strategi på å komme ut for å lyde på kva kommunane treng og kva dei meiner trengs av tiltak (jf. kva informanten fortel om "lytttemøte" i kapitlet over). Det kan i alle fall vere delaktig i at mange er nokså samde i at kommunen og fylkeskommunen har samanfallande syn på mål og tiltak for å sikre attraktive lokalsamfunn. Her scorar svarkommunane "nøytrale" 3,6, som er heilt på line med regions- og landsgjennomsnittet. Likevel tyder det på at svarkommunen ikkje er usamd i påstanden om at eit slikt samanfallande syn er til stades i *stor* grad.

3.14 Sør-Trøndelag

3.14.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Som einaste fylke hadde me to informantar frå Sør-Trøndelag fylkeskommune. Begge to meiner kompetansen i fylkeskommunen er høg, også innan lokalsamfunnsutvikling. "Kjernetroppane" består av geografar, statsvitarar, ein arkitekt, geolog og ingeniør. Formalkompetanse er likevel ikkje isolert sett det viktigaste, meiner informantane. Realkompetanse og interesse er minst like viktig. Det er mykje erfaring i fylkeskommunen, god rekruttering og god aldersspreiing. Det ein kan sakne, er utredningskompetanse, sjølv om kommunane i mindre grad enn før etter spør dette.

Også i Sør-Trøndelag fylkeskommune vegrar informantane seg for å talfeste medarbeidarar som arbeider med samfunnsutvikling. Og som elles, er eit slikt atterhald knytt til vanskane rundt definisjonen av slik arbeid. Dei to hevdar at alle i eining for regional utvikling er sett til slike oppgåver, om enn ikkje direkte eller på full tid.

Eining for regional utvikling, med faggrupper for opplæring, kultur, idrett og velferd; næring og nyskaping og samferdsel, areal og miljø, har (bortsett frå tannhelse og skule) alt utviklingsansvar i forhold til fylkeskommunen som regional utviklingsaktør. Dette gjeldt både samferdsel, areal og miljø, kultur, idrett og velferd og næring og nyskaping. Ein ser her at samfunnsutviklingsomgrepet blir omhandla relativt vidt, noko informantane dessutan stadfestar på direkte spørsmål.

Fylkesplan blir no erstatta av regional planstrategi. Den siste fylkesplanen er eit samarbeid mellom Nord- og Sør-Trøndelag og Trondheim kommune, noko som har virka positivt. Planane har i stadig støtte grad blitt til i dialog med kommunane, og fylkesplan har aldri vore eit skjellsord i Sør-Trøndelag.

Intern kommunikasjon i fylkeskommunen, med omsyn til samfunnsutvikling i kommunane, kunne i følgje informantane vore betre. Det kan likevel verke som om ein har tatt ein del grep for å sikre intern samordning og kompetanseflyt. Faggruppene har leiarmøtar kvar måndag, samt kvar 14. dag med fylkesdirektørane.

Kommunikasjonen på tvers på leiarnivå er dermed bra. Om den er like bra mellom dei ulike medarbeidarane i faggruppene er ikkje like sikkert, fortel informantane. Alle område er svært utoverretta, og alle medarbeidarar har ei stor kontaktflate utanfor "huset". Det er slik ei utfordring å halde kontakten like godt internt. Men det jobbast ein del med det, m.a. diskusjonar kring korleis ein kan bli meir tverrfagleg. Døme på dette er ein ny praksis der kommuneplanar som kjem til handsaming, blir behandla av ei gruppe sett saman av representantar for dei ulike faggruppene. Ein av informantane fortel:

Utfordringa er at fagpersonene har gjerne kontakt med sine fagfeller rundt i kommunene og eller rundt i ulike nettverk. Og så er en egentlig avhengig av at lederen for disse personene er godt nok informert til å kunne si det at i et anna fagmiljø på huset, så sitter det noen som jobber mot den samme kommunen med et tema som er beslekta eller relatert eller sånn. Og det er ei stående utfordring, men det har vært bedring de siste åra.

3.14.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Sør-Trøndelag fylke består av 25 kommunar. Av desse er 14 små (< 5000), 10 mellomstore (5001 - 20 000) og 1 stor (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 14 (56 %) av kommunane. Av desse var 8 små og 6 mellomstore kommunar. Me ser

m.a.o. at utvalet er nokså representativt for fylkesstrukturen med omsyn til dei små og mellomstore kommunane. Unntaket er Trondheim kommune, som ikkje svara. Dette tyder at resultatet ikkje i særleg grad speglar perspektiv typiske og særeigne for store kommunar (i dette tilfellet Trondheim). Dette er beklageleg, ikkje minst sidan Trondheim er den einaste store kommunen i Sør-Trøndelag. Ein kan hevde at perspektiv som er typiske for mellomstore kommunar er godt representert, og at slike også i noko grad gjeld for store. Dette er likevel ikkje ein fullgod kvalifisering av utvalet, noko som gjer at ein må ta omsyn til dette i analysedelen av kapitlet. Me syner til metodekapitlet for ein generell utvaldiskusjon og bortfallsanalyse.

Tabell 28: Oversikt over svarkommunane i Sør-Trøndelag si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region nord, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Sør-Tr. | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|---------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,5 | 4,1 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,7 | 4,1 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,4 | 3,9 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,9 | 3,8 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,0 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,7 | 3,2 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,9 | 4,2 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,6 | 4,2 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 85,7 | 75,5 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 42,9 | 39,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 7,1 | 29,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,4 | 4,1 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 64,3 | 57,1 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Svarkommunane i Sør-Trøndelag vurderer at dei i nokså stor grad samarbeider på tvers av sektorar, etatar og avdelingar. Her ligg dei på line med landsgjennomsnittet og litt over Region nord elles. Det same gjeld for planleggingskompetanse. Her vurderer kommunane eigen innsats til 4,7, medan gjennomsnittet for regionen er 4,1 og landet er 4,4. Dette heng godt saman med korleis kommunane vurderer eigen evne til å operere med klare strategiar og mål og vidare korleis desse er forankra i kommuneplanens samfunns- og arealdel. På desse spørsmåla scorar nemleg svarkommunane i Sør-Trøndelag over, og til dels godt over, både regions- og landsgjennomsnittet.

Også på vurdering av eigen kapasitet scorar kommunane over gjennomsnittet. 3,7 mot 3,2 for Region vest og 3,3 for landet (n = 14). Her ligg Sør-Trøndelag faktisk blant toppane i landet, berre Akershus og Hordaland vurderer eigen kapasitet til å vere betre (3,8). Berre ein av svarkommunane meiner dei har dårleg kapasitet, ingen svarar særst dårleg (jf. vedlegg 2).

Svarkommunane rapporterer vidare i større grad enn andre kommunar at dei deltek i regionale og nasjonale utviklingsprogram. 86 % og 43 % svarar at dei er med på slike program, medan regionsgjennomsnittet er 76 % og 39 %. Landsgjennomsnittet er 74 % og 36 %. På eit område ligg likevel svarkommunane frå Sør-Trøndelag dårleg an. Berre 7 % melder å delta på internasjonale utviklingsprogram. Regions- og landsgjennomsnittet er her 29 %. Me ser av figuren at deltakinga på internasjonale program aukar med innbyggjartalet i kommunen. Dette kan kanskje forklare noko av det svake resultatet i Sør-Trøndelag.

På punktet om brei deltaking i kommunen sitt utviklingsarbeid, scorar svarkommunane i dette fylket litt over gjennomsnittet for både Region Nord og landet. Det er likevel små utslag.

3.14.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

På spørsmål om kva som er dei største utfordringane kommunane står ovanfor, vil svaret bære preg av at kommunane er svært ulike. I distriktskommunane er det hovudsakleg å behalde folk og kompetanse. Desse må ta inn over seg at dei må samarbeide og samordne meir; jo meir spesialiserte stillingane blir, jo meir må ein samarbeide om dei. Mange har dessutan einseitig fokus på tenesteproduksjon. Utvik-

lingskompetansen er nedprioritert og variabel i mange kommunar, meiner informantane, og det er ikkje akkurat overskot av folk ute i distrikta som tenkjer utvikling.

For å freiste å bøte på slike og andre utfordringar, har ein i Sør-Trøndelag etablert to utviklingsprogram. Grunnen er at dei 1) ønskjer at kommunane skal jobbe meir saman og utnytte kvarandre sin kompetanse og ressursar og vere saman for å påverke fylkeskommunen og andre sentrale vedtak i retning av eigne behov og 2) samlast om nokre utviklingsområde som "alle" meiner det er viktig å gjere noko med, for at kommunane skal utvikle seg positivt. Samordningsaspektet i kommunepanlegginga er svært viktig i dette arbeidet. Informantane framhever kommuneplanen som ein gjensidig kontrakt mellom regionalt nivå og kommunen, og seier:

Når fylkeskommunen har uttalt seg om planen og kommet med synspunkt, så skal kommunen være sikker på at det ikke kommer alle mulige slags finurlige uttalelser fra det regionale nivået. Da er det slik det blir. Og vice versa.

I samband med utarbeidinga av fylkesplan, hadde ein mykje arbeid med å få etablert semje om kva utfordringar ein hadde og ville få. Ein såg t.d. (som også fleire andre informantar fortel) interne kommunale interessekonfliktar eller konfliktar på tvers av kommunenivået. Ein av informantane seier:

Hvis du spør kommunene, så vil de nok si at kommunikasjonen med oss kunne vært enda bedre. Men sann vil det alltid være. Det er et voldsomt spenn på kommunene våre, så det er ikke så lett... det som er god politikk i en, er ikke det i en annen.

Mange kommunar har dessutan hatt mangelfullt eller lite oppdatert planverk og fleire har hatt liten forståing for kor viktig samfunnsdelen er for utvikling. Dette meiner dei blir lettare med ny plan- og bygningslov, der kommunale og regionale planstrategiar er eit viktig element. Det vil, trur informantane, gje ein unik mulegheit til å samordne seg på satsingsområdesida. Det vil dessutan koordinere og samordne arbeidet med planer, slik at det blir lettare å få til felles satsingar, som overordna regionale arealstrategiar. Dette er godt motteke i kommunane, mykje pga. at det er dialogbasert.

Fylkeskommunal støtte til utviklingsarbeid ute i kommunane har i Sør-Trøndelag vore mykje knytt til kommunale næringsfond, rådgjeving og kompetanseoverføring

via regionale program som *Blilyst* (søknadsbasert) og *Kysten er klar* (prosjektorientert). Dei to informantane legg i det heile stor vekt på den kompetansen som finst i fylkeskommunen og korleis den best kan bli formidla ut til kommunane. Ein seier:

Penger er en ting, men det er de menneskelige ressursene, både kapasitetsmessig og kompetanse, som jeg liker å framholde. Og vi får positive tilbakemeldinger fra kommunene på akkurat det.

I forhold til fylkeskommunen si rolle som regional samordningsaktør, meiner informantane at det beste arbeidet blir gjort gjennom regionale prosjekt og utviklingsprogram. Dei legg vekt på både deira eigen rolle som samordnar, men legg og vekt på å sjølv framstå som samordna og handgripeleg for kommunar som ynskjer støtte i ein eller annan form.

Også Sør-Trøndelag har erfaring med nasjonale utviklingsprogram, der dei særleg nemner Bolyst, Framtidens byer, Kultur gir helse og Livskraftige kommunar. Av internasjonale prosjekt trekkjer dei fram fleire Interreg-prosjekt, Assembly of European Regions (AER), Nordsjøkommisjonen Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe (CPMR) samt eit Midt-Nordisk Ungdomsnettverk.

Fylkeskommunen nyttar i ganske stor grad ny teknologi for å nå ut til kommunane med informasjon om utviklingstiltak og -kompetanse. Ein nyttar Internett aktivt, både i form av heimesider og sosiale medium. Her jobbar ein dessutan målmedvetent for å bli enda betre. Av fysiske arenaer for slik kommunikasjon ut, legg informantane vekt på dialogmøte med kommunane, både enkeltvis og fleir saman, t.d. i samband med dei to sentrale regionale utviklingsprosjekta. I tillegg har ein fleire fagrelaterte arenaer, t.d. kursing og kompetanseheving for planhandsaming, kulturminnevern, næringsutvikling etc. Fylkeskommunen legg dessutan vinn på å vere ganske mykje ute i kommunane, men kanskje ikkje nok. Både fylkeskommunen sjølv og kommunane, trur informantane, ønskjer meir av dette, ”meir møkk på fingrane” som ein seier.

Regionale program har fungert som gode nettverksarenaer der fylkespolitikarar har møtt lokalpolitikarar. I strategigruppene til dei to prosjekta (*Blilyst*, *Kysten er klar*), sit alle ordførarane og fem fylkespolitikarar. Dette meiner informantane faktisk gir breiare dialog og representasjon enn t.d. regionråda som ein og har. Slike strategigrupper er dessutan meir utviklingsretta enn regionråda som kan bli vel tenevneretta.

3.14.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 29: Svarkommunane si vurdering av fylkeskommunen si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittstal for Sør-Trøndelag, Region nord, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Sør-Tr. | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|---------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 3,4 | 3,9 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,2 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,3 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,6 | 3,6 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,5 | 2,4 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 2,9 | 3,3 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 3,0 | 3,3 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 2,9 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 4,1 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 3,6 | 3,5 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 2,3 | 3,1 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,6 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Kommunane i Sør-Trøndelag er, som ein ser av figuren over, i gjennomsnitt korkje samde eller usamde i at fylkeskommunen er ein viktig bidragsytar i utviklinga av attraktive lokalsamfunn. Vurderinga 3,4 er låg, faktisk har berre Vestfold og Akershus dårlegare score på dette punktet (3,0 og 3,1). Dersom det stemmer at kommunane ikkje klart ser fylkeskommunen sin relevans som utviklingsaktør, bør det vere eit klart signal til fylkeskommunen om ein bør komme i dialog med kommunane om dette. Her ligg med andre ord eit potensial for betre samhandling som følgje av LUK-satsinga. Også på spørsmål om fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i arbeidet med å skape gode samhandlingsarenaer, scorar Sør-Trøndelag under gjennomsnittet både for regionen og landet elles (3,3 mot 3,8 og 3,7). 3 på denne skalaen tyder altså litt usamd. 3,5 tyder korkje samde eller usamd. Også her har fylkeskommunen noko å hente i å komme betre i dialog med kommunane.

Det er også verdt å merke seg at svarkommunane i fylket korkje er samde eller usamde i utsegna om at fylkeskommunen i liten grad bidreg med nyttig utviklingskompetanse. 3,6 er på line med regionen men litt meir negativt enn landsgjennomsnittet på 3,4. Her er likevel utslaga små.

På line med mange andre kommunar både i regionen og landet elles, er desse kommunane usamde i at fylkeskommunen manglar oversikt over ulike utviklingsprogram. Dette er altså ein del av informasjons, tilretteleggings og støttearbeidet fylkeskommunen driv som fungerer godt. Like nøgde er svarkommunane ikkje med fylkeskommunen si samla samordning av fagleg og økonomisk støtte til kommunane. Her vurderer dei fylkeskommunen til scoren 2,9. Gjennomsnittet for regionen er meir nøytrale 3,3 og for landet 3,4. Kommunane i undersøkinga er heller ikkje heilt nøgde med fylkeskommunen si koordinering på tvers av kommunegrensene. 2,9 ligg under både regions- (3,3) og landsgjennomsnittet (3,5).

Det er som ein ser mange relativt kritiske vurderingar våre svarkommunar har av Sør-Trøndelag fylkeskommune sitt utviklingsarbeid. Sjølv om tala på enkeltfylkenivå er usikre, er trenden vanskeleg å sjå heilt bort frå. Kanskje ikkje til å undrast over at kommunane er samde i at samhandlinga og samarbeidet mellom kommune og fylkeskommune har eit stort potensial. At dei ser dette potensialet er kanskje det mest positive med undersøkinga?

3.15 Telemark

3.15.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Informanten i fylkeskommunen meiner anslagsvis fem årsverk fordelt på 25 stillingar er direkte retta inn mot utviklingsarbeid i kommunane, både som del av kultur, næring, plan og kulturminneavdelinga sitt ansvarsområde. Her sit forøvrig mykje kompetanse meiner informanten, og fortel at ein m.a. har: ”Mange akademikere: Landskapsarkitekter, arkitekter, kulturvitere, samfunnsvitere og siviløkonomener. Det er en god miks å ha ulike utdanningsinnretinger til arbeidet med samfunnsutvikling. Dette gjelder også aldersmessig. Alt fra 30 - 67”. Det skulle slik vere gode vilkår for kompetanse- og kunnskapsflyt mellom fag og alder. Dette veit

ein frå andre samanhengar verkar drivande både med omsyn til tverrfagleg metode og kunnskapsdeling mellom seniorar og nyttilsette.

Arbeidet med samfunnsutvikling i kommunane er organisert under regionalsjefen i fylkeskommunen, i avdeling for næringsutvikling og entreprenørskap/nyskaping. Også i Telemark har fylkeskommunen fast tilsette koordinatorar knytt til regionråda⁶, som fungerer som bindeledd mellom kommune/regionrådsnivå og fylkeskommunen og det regionale partnerskapet. Areal og transport er lagt under samferdselsjefen, noko som kan verke uhensiktsmessig i høve ein samordna innsats for utvikling i kommunane, utan at informanten heldt dette særskilt fram sjølv. Informanten har derimot sjølv ein relativt vid definisjon av lokal samfunnsutvikling, og nemner:

Plan, kultur, næring, til dels eiendom, landbruk, til dels skole. Mye av samfunnsutviklingen skjer også gjennom lovpålagte oppgaver, men at dette tilrettelegges med utviklingsarbeid gjennom aktiv virkemiddelbruk er mindre synlig. Dette kan handle om mangel på samkjøring av mål fra ulike sentrale myndigheter. Oppgaver for å styrke nærsamfunnet er lagt til flere departement og alle ønsker rapportering hver for seg istedenfor å kople dette arbeidet til noe helhetlig. Kollektivtrafikk er et virkemiddel for lokal samfunnsutvikling. God infrastruktur og tilgjengelighet er naturligvis også en del av lokalsamfunnsutviklingen. Det framkommer ikke særlig synlig hvorvidt KRD mener at skole, eiendom og samferdsel er sentralt i [lokalsamfunnsutvikling] arbeidet.

Utviklingsarbeidet er forankra i Regional planstrategi, som går frå 2010 til 2012. I følgje informanten jobbar ein med delplanar no: ein knytt til nyskaping og næringsutvikling og ein til reiseliv. Den tidlegare fylkesplanen bygde på ulike strategigrupper sitt arbeid og brukte dessutan deira arenaer for å drive forankringsprosessane som skulle til for å byggje kommunalt/lokalt eigarskap til fylkesplanen. Det er litt delte meiningar i kva grad dette var vellykka, men informanten meiner mykje kom nedafrå og opp (alle var med og påverka). Dette er ytterlegare forsterka i arbeidet med regional planstrategi, der forankring og medverking er rådande tankegang.

⁶ Med unntak av regionen *Grenlandssamarbeidet*.

3.15.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Telemark fylke består av 18 kommunar. Av desse er 10 små (< 5000), 6 mellomstore (5001 - 20 000) og 2 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 11 (61,1 %) av kommunane. Av desse var 5 små, 5 mellomstore og 1 stor kommune. Me ser m.a.o. at utvalet er nokså representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Ein kan merkje seg at heile 83,3 % av dei mellomstore kommunane har svart, medan svarprosenten for dei andre gruppene er 50.

Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare methodediskusjon.

Tabell 30: Oversikt over Telemarkkommunane si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittsscore fordelt på fylke, Region sør, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Telemark | Sør | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,6 | 4,4 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,7 | 4,8 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,1 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,2 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 2,6 | 3,0 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 3,6 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,9 | 4,4 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,0 | 4,3 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 70,0 | 62,5 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 40,0 | 37,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 45,5 | 33,1 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 3,2 | 4,4 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 45,5 | 54,2 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Telemarkskommunane er positive til eigen praksis her og scorar i snitt 4,6, medan landssnittet er 4,5. Enda meir positive er dei til eigen kompetanse på planlegging av lokalt utviklingsarbeid. Her scorar Telemark 4,7 mot landssnittet 4,4.

Dei neste spørsmåla dreier seg kring korleis kommunane karakteriserer eigen kompetanse på mobilisering, etablering av nettverk/samarbeid og gjennomføring (frå plan til handling) av arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn. Her ligg snittet av kommunane i Telemark som ein ser tett på landssnittet. For kompetanse på mobilisering ligg dei litt over snittet, for arbeid med nettverk, akkurat på snittet. For gjennomføring ligg dei svakt under snittet, 4 mot 4,1. Likevel tyder det at kommunane meiner dei er litt gode på dette.

Surveyundersøkinga spør også etter korleis kommunane karakteriserer eigen kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn. Her ligg Telemark under landssnittet. Ein score på 2,6 er den nest lågaste scoren i undersøkinga, berre kommunane i Vestfold (1,9) gir dårlegare vurdering av eigen kapasitet.

Vidare vart det spurd om kommunane har klare strategiar og mål knytt til lokalt utviklingsarbeid. Også her ligg Telemark under landssnittet (3,6 mot 4,2). Det er interessant å sjå at kommunane i nokså høg grad meiner dei strategiane og måla som finst, er forankra i samfunnsdelen av kommuneplanane. Her scorar Telemark 4,9 som er på topp i landet, og gir dermed signal om dei er godt i rute i høve ny plan- og bygningslov, der det er krav om slik forankring.

I spørjeundersøkinga spurde me dessutan om kommunane var deltakarar i regionale, nasjonale eller internasjonale utviklingsprogram. Deltaking i slike program seier vel noko om den faktiske kompetanse og kapasitet til å drive lokal samfunnsutvikling. Med ein ja-svarprosent på 70, 40 og 45 % ligg ein om lag på linje med landssnittet, med unntak av internasjonale utviklingsprogram, der Telemark utmerkar seg med å vere godt over snittet og faktisk blant dei beste i landet.

Eit anna av måla med surveyundersøkinga var å kartleggje i kva grad kommunane opererer med eit breitt verdiskapingsperspektiv. Eit mål på eit slikt perspektiv er i kva grad ein involverer ulike samfunnsaktørar i utviklingsarbeidet. Mellom anna spurde me om i kva grad kommunen legg vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn. Her har Telemarkskommunane landets dårlegaste score, med 3,2 (mot eit landsnitt på 4,2). Likeins vil etableringa av ulike arenaer for mobilisering av "enga-

sjerte innbyggjarar” kunne signalisere i kva grad ein kommune verkeleg ynskjer ei brei oppslutning om utviklingsarbeidet sitt. Me spurde difor om kommunane hadde etablert nettverk eller møteplassar med fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert. Her kjem kommunane betre ut. 45,5 % svarar at dei har etablert slike arenaer. Det er likevel eit stykkje under landsnittet på 56 % ja-svar.

3.15.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Informanten meiner den største utfordringa for kommunane, med omsyn til utviklingsarbeid, er å få dei til å samarbeide om større prosjekt. Vår informant understrekar kor viktig det er å synleggjere gevinsten av regionsamarbeid i forhold til kva ein einskild kommune får til på eiga hand, og utdjupar dette slik:

Om en ser på samarbeidet mellom kommuner innen regioner og mellom kommuner på tvers av regioner, så er det et enormt potensial. For der skjer det svært lite, spesielt på tvers av regioner. Evna til å se og lære av andre er et stikkord i den sammenhengen. Tørre å si at andre er flinke...

I tillegg finst utfordringar i høve kompetanse- og kapasitetsproblematikk. Dette handlar også om å ha kompetansepersonell som vil, ynskjer og klarar å heve blikket og sjå kva andre gjer. Fagkompetanse finst i direkte form, men kan i ein del kommunar mangle i indirekte form, ved at ein blir for lite oppteken av samarbeid og samhandling med andre. Informanten konkretiserar dette slik:

De minste kommunene virker ikke særlig interessert i å jobbe etter de virkemidla som fylkeskommunen eller sentrale myndigheter har, for de jobber i sitt vante gjenge, uten å føre så veldig mye dialog. Dette kan også ha sin årsak i at noen av de minste kommunene har kraftinntekter.

Informanten fortel vidare at han har hatt kontakt med fleire små kommunar og fortalt om virkemiddel som dei burde ha kjent til ”for lenge sidan”, men som de var heilt uvitande om. Han meiner at delingskompetansen derfor må bli betre - her er eit stort forbettringspotensial. Spørjeundersøkinga syner at kommunane sjølv ikkje deler synet på kompetanseutfordringa, medan dei er samde i at kapasitet er ei utfordring.

Litt av problemet i Telemark kan vere at fleire av kommunane har sete med inntrykk av at fylkeskommunen ”veit best”. Denne haldninga er eit dårleg utgangspunkt for delingskompetanse, meiner vår informant, og held fram:

Det er ikke en tilstrekkelig god nok åpen kultur for kunnskapsdeling, og dette må en gjøre noe med. Fylkeskommunen skal ikke stå med et slikt bilde på seg i det hele tatt, det blir helt feil! Dette må bli satt på agendaen og hvis det stemmer at kommunene sitter med et inntrykk av at fylkeskommunen har en ovenfra og nedholdning, må en fjerne dette. Det har blitt gjennomført en kommuneundersøking og den stadfester noe av dette. Det er arbeid i gang for å gjøre noe med dette.

Dette er forøvrig ein type problemstilling fleire av informantane nemner i intervjuet, men som ofte blir verande implisitt eller uutalt. Ein kan tenkje seg at det heng saman med at det er ein type sjølvrefleksjon som byggjer på kva fylkeskommunen (og dei som jobbar der), opplever som urettferdig kritikk, men og at ein er redd for at ein slik diskusjon fort blir lite konstruktiv. Det er nærliggjande å kople ein slik diskusjon til dei dilemma me har drøfte tidlegare kring fylkeskommunen si rolle som initiativtakar kontra å ikkje skulle ”trengje seg på” kommunane og deira sjølvråderett.

Av ulik støtte til kommunane, verkar Telemark å ha fokus på økonomiske verkemiddel. Informanten fortel at haldninga frå kommunane er at:

Dere [fylkeskommunen] sitter med virkemidler, vi skal ha noe. Det er opplevelsen jeg sitter med fra kommunene og regionene. Så hvordan har det forholdet utvikla seg sånn at fylkeskommunen kun sitter med økonomiske virkemidler? Vi sitter faktisk med rådgivere med kompetanse på å være mer i dialog i de ulike lokale prosjektene og kommunale/regionale planene.

Også dette heng truleg saman med ein slags mistillit mellom kommunalt og fylkeskommunalt nivå. Ein kan vidare tenkje seg at det heng saman med ein mangel på samordning, både innan fylkeskommunen og det regionale partnerskapet, og i høveden rolla fylkeskommunen har som samordningsaktør på tvers av kommunar og regionar. Informanten meiner sjølv at det er eit forbettringspotensial i denne rolla, både internt og eksternt. Han hevdar at fylkeskommunen ikkje i stor nok grad har klart å samordne kommunar som dels ikkje ynskjer å samarbeide over kommune,

region eller fylkesgrense og dels har vore skeptisk til initiativ frå fylkeskommunen generelt. Deling av kompetanse er stikkord i følge informanten.

Fylkeskommunen tar sjeldan sjølv initiativ til prosjekt, og har i stor grad drive med sakshandsaming framfor rådgiving. Informanten meiner dei har mykje kompetanse, men at denne er ikkje utnytta fullt ut. Ein kan har stille spørsmål ved om dette heng saman med ein slags frykt for å leve opp til myten om fylkeskommunen som ”veit best”. I så fall må ein ha mykje å hente på å komme slike førestellingar til livs, anten dei er reelle eller ikkje. Det kan synes som om arenaer som LUK-satsinga eller samarbeidet om ny regional og kommunal planstrategi kan vere egna til ein slik prosess.

Informanten fortel at Telemark har vore relativt aktive på å delta i nasjonale utviklingsprosjekt. Han nemner Småsamfunnssatsinga og Bulyst som døme. Han fortel at kunnskap om og kjennskap til ulike prosjekt og ordningar av denne typen er etterspurt kompetanse. Av område der han opplever at Telemark ikkje har vore aktive nok, nemner han SIVA og næringshagar, der han meiner dei har eit stort forbedringspotensial.

I forhold til internasjonalisering meiner han at Telemark ligg bra an, med bevisst satsing over fleire år, m.a. eige internasjonalt kontor. Dette gjeld også deltakinga i ulike utviklingsprosjekt, m.a. ei rad EU- og Interregprosjekt: Waterways for growth, Transinform, The International Council of Museums (ICOM) og CO²-fangst. I tillegg kjem nokre prosjekt som informanten ikkje kjem på i farten.

Fylkeskommunen informerar om verkemiddel og utviklingsprogram via Internett-sider, e-postlister (ordførar, nærings sjef, rådmann), telefon og fysiske møte. Dette skjer via interne nettverk, og ulike arenaer knytt til aktørane i det regionale partnerskapet. Informanten ynskjer seg ein felles nettstad for informasjon mellom fylkeskommunen, regionane og kommunane.

Fylkeskommunen er sjølv aktive i å drifte og utvikle velfungerande nettverk der særleg regionane (men også kommunane) er sentrale partar. Denne aktiviteten finn stad både gjennom næringskollegiet, i det regionale partnerskapet og i samarbeid med VRI Telemark. Her er kommunane svært delaktige, og interessa for FoU-samarbeid er i følge informanten stor. Privat sektor er ofte emne for samlingane i regi av fylkeskommunen og kontakt med denne sektoren går som regel via nettverk eller klynger av bedrifter. Næringsforuma ute i regionane og kommunane har også

ein utstrakt dialog lokalt. Utfordringa i høve dette er knytt til dei største byane i fylket, meiner informanten.

3.15.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Spørjeundersøkinga blant kommunane omfattar i tillegg til eigenvurdering, eit sett av spørsmål knytt til korleis kommunane vurderer fylkeskommunen si støtte, rådgjeving og samordning av lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Tabell 31: Svarkommunane si vurdering av Telemark fylkeskommune si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittsscore fordelt på fylke, Region Sør, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Telemark | Sør | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|-----|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,4 | 4,0 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 3,7 | 3,0 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 4,0 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,4 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 1,8 | 2,6 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,8 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 3,5 | 3,8 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 3,6 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 4,0 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 4,3 | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 3,7 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,1 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som ein ser av figuren over, ligg mykje av scoren i ”nøytral” del av skalaen. Fylkeskommunen spelar korkje ei viktig eller uviktig rolle i lokal samfunnsutvikling i kommunane, bidrar korkje i stor eller liten grad og samordnar korkje godt eller dårleg. Det er likevel verdt å merke seg at på spørsmålet om fylkeskommunen blir oppfatta som ein viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn, eit spørsmål av generell og overordna karakter, scorar kommunane fylkes-

kommunen relativt høgt. 4,4, som altså tyder at ein i gjennomsnitt er nesten heilt samd i påstanden, er den nest høgaste scoren i landet (saman med Hordaland og Nord-Trøndelag. Aust-Agder og Hedmark gir 4,6). Landssnittet er 4,1. Kommunane er likeins usamde i påstanden om at fylkeskommunen ikkje har god nok oversikt over utviklingsprogram. På dette punktet scorar fylkeskommunane generelt godt (landsgjennomsnittet er 2,6), noko som vel tyder på at dei har tatt denne (informasjons)oppgåva på alvor.

Det er svært interessant å sjå svarscoren på påstanden om fylkeskommunen som initiativtakar og pådrivar. Her gjev kommunane vurderinga 4 på påstanden om at fylkeskommunen tek ei slik rolle i liten grad. Dette spørsmålet gjev isolert sett ikkje informasjon om korleis kommunane oppfattar fylkeskommunen si (passive) rolle. Nokre av dei kan godt meine at det er bra at fylkeskommunen ikkje er initiativtakar i større grad enn dei er. Ser ein spørsmålet i samanheng med det neste, kan ein derimot tolke det litt annleis. Der vurderer kommunane fylkeskommunen til i nok så stor grad å ha samanfalland syn på mål og tiltak (4,3) som dei sjølve. Ein skulle slik sett tru at initiativ frå fylkeskommunen blei helsa velkomen. Dette ville i så tilfelle stå i motsetning til kva LUK-kontakten i Telemark ”fryktar” med tanke på at kommunane ikkje ønskjer innblanding i saker knytt til utvikling. Som i dei fleste fylke, meiner også kommunane i Telemark at det finst eit potensial for betre samhandling og samarbeid mellom dei to forvaltningsledda. Dette må vel også her sjåast som meir positivt enn negativt, og tyde på at fylkeskommunen i stor grad blir vurdert som ein viktig medspelar for lokal utvikling.

3.16 Troms

3.16.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Vår informant frå Troms fortel at dei fylkeskommunale, utviklingsretta arbeidsoppgåvene der famnar breiare enn utelukkande planlegging. Dette heng saman med at planavdelinga er del av etaten *Fylkesrådsleders kontor (FLK)*, som er ein overordna og koordinerande etat i høve resten av regionalarbeidet ved fylkeskommunen. Dette vil i sin tur si at FLK og planavdelinga i stor grad både involverar dei andre etatane og har oversikt over det totale arbeidet som skjer i høve lokalsam-

funnsutvikling. FLK har, i følge informanten, ein god blanding av erfaring og nytilsette. Kompetanse i etaten omfattar samfunnsplanleggjarar og statsvitarar og arkitekter.

Samfunnsutviklingsarbeidet i fylkeskommunen er hovudsakleg fordelt på seks etatar: Fylkesrådsleders kontor (FLK), næring, kultur, samferdsel, utdanning og folkehelse. FLK fungerer som ein overordna og koordinerande etat, fordi deira oppgåver gjeng på tvers av dei andre etatane. Ein sentral del av FLK er planavdelinga med ni tilsette. Det utviklingsmessige perspektivet er tett knytt opp mot plan- og næringsutvikling, men informanten meiner at også dei andre etatane må sjåast inn i ein utviklingskontekst, etter som dei alle arbeider aktivt mot kommunane. FLK både involverar og er involvert i dei andre etatane sitt lokale samfunnsutviklingsarbeid. Som døme nemner informanten prosessen med det regionale planarbeidet, der alle var aktivt med ut mot kommunane.

Informanten meiner det er god transparens og flyt av informasjon over etats- og avdelingsgrenser, og fortel at ein har jobba medvete med dette. Ein informerar kvarandre om aktivitetar som skjer i fylkeskommunen. FLK har eit koordinerande og overgripande ansvar for dette. Det er såleis naturleg for denne etaten å trekkje dei andre med i det arbeidet dei gjer. Ein slik arena for intern forankring, er fylkesrådet.

Informanten fortel at ein i påvente av å skulle ha klar regional planstrategi i 2012, nettopp har vedteke ein ny fylkesplan med karakter av å vere ein ”mellomplan”. *Robuste og attraktive lokalsamfunn* er eit overordna perspektiv i planen og dannar eit naturleg utgangspunkt og sentrum for det totale lokale samfunnsutviklingsarbeidet. Planen er utarbeidd i nær dialog med kommunane og regionane i fylket, og er i følge informanten svært godt forankra i kommunane. ”Proessen med planen var i hvert fall nedenfra og opp” fortel ho, og legg til at dei har fått gode tilbagemeldingar frå kommunane i høve medverking. Slik byggjer planverket grunnleggjande på kommunane sine ynskje, utfordringar og behov. Eit gjennomgåande ynskje frå kommunane var fokus på attraktive lokalsamfunn. ” Dette var en gjenganger i fra alle gruppene, tror jeg” fortel informanten.

Troms fylke har fire regionar med kvart sitt regionråd. Dei jobbar svært bra saman og er godt organisert. Fylkeskommunen er ikkje part eller delaktig i desse råda på nokon måte, men har jamlege møter og god dialog med dei.

3.16.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Troms fylke består av 25 kommunar. Av desse er 20 små (< 5000), 3 mellomstore (5001 - 20 000) og 2 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 9 (36 %) av kommunane, noko som er den svakaste svarprosenten i undersøkinga. Av desse var 8 små, ingen mellomstore og 1 stor kommune. Me ser likevel at utvalet er nokså representativt for store og små kommunar. Derimot svarar ingen av dei mellomstore kommunane, noko som gjer at erfaringar og meiningar særleg knytt til kommunar med ein slik folketalsstruktur ikkje er tilstades i resultatet.

Tabell 32: Oversikt over Troms-kommunane si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittsscore fordelt på fylke, Region nord, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Troms | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|-------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 3,9 | 4,1 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,8 | 4,1 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 3,9 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 3,8 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,2 | 4,0 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 2,9 | 3,2 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 3,7 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 3,8 | 4,2 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,0 | 4,2 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 88,9 | 75,5 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 33,3 | 39,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 22,2 | 29,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,1 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 44,4 | 57,1 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Figuren over syner at svarkommunane i Troms på mange område ligg tett på eller svakt over gjennomsnittet for Region nord. På planleggingskompetanse meiner kommunane at dei sjølve ligg spesielt godt an. 4,8 er godt over både regionen (4,1) og landet (4,4). For annan utviklingskompetanse vurderer dei seg sjølv rundt og litt over 4. På kapasitet, derimot, ligg dei etter eiga utsegn litt dårlegare an. 2,9 er under både Region nord og landet elles.

Også med omsyn til klare mål og strategiar, og dessutan i kva grad slike er forankra i kommunalt planverk, ligg Tromskommunane litt under gjennomsnittet. På spørsmål om mål og strategiar scorar dei seg sjølv til 3,7. Her er gjennomsnittet for regionen 4 og for landet 4,2. I LUK-samanheng fokuserer ein mykje på brei forankring, bottom-up-prosessar og eit breitt verdiskapingsperspektiv. Ny plan- og bygningslov vektlegg dessutan samfunnsdelen av kommuneplanen. Med desse to faktorene i mente, er det kanskje verdt å notere seg at svarkommunane i Troms i mindre grad enn andre, både regionalt og nasjonalt, vurderer at klare mål og strategiar knytt til samfunnsutvikling er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel. 3,8 i score er merkbar under regionsscoren på 4,2 og i enda større grad landsgjennomsnittet på 4,6.

Tromskommunane rapporterer som mange andre kommunar at dei er langt meir aktive i regionale utviklingsprogram enn nasjonale og (særleg) internasjonale. I Troms er dei litt meir aktive enn gjennomsnittet i regionale program, medan dei er litt mindre aktive enn gjennomsnittet internasjonalt. Det er likevel relativt små utslag.

Også for spørsmåla meir direkte knytt til brei mobilisering av ”folk flest” i utviklingsarbeid og arbeid med etableringa av tverrfaglege arenaer for utvikling av attraktive lokalsamfunn, ligg Troms om lag på gjennomsnittet. Her ligg det med andre ord, også for Troms fylke sin del, eit potensial knytt til LUK-satsinga, og arbeidet med brei forankring av lokal samfunnsutvikling.

3.16.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Dei viktigaste utfordringane i kommunane i Troms er knytt til ressursar og kapasitet til å drive utviklingsarbeid. Informanten legg særleg vekt på at mange kommunar manglar kompetanse i høve planarbeid. I dei små kommunane er det vanskeleg

å få tilsett plankompetanse og å halde oppe fagmiljø. Dei små kommunane manglar i større grad enn dei store visjonar og utviklingsstrategiar, men her er informanten redd for å generalisere. Dette kjenner me igjen frå fleire andre informantar, og også Norut sin rapport frå 2009 (Ringholm m. fl.); Utviklingskompetanse og evne og vilje til strategisk tenking kan henge på ein eller nokre få personar i kommunar med små fagmiljø, og utviklingskapasiteten vil dermed vere svært sårbar.

Troms fylkeskommune er planorienterte i arbeidet med å støtte kommunane i fylket med utviklingsarbeid. Det er m.a. i kommunar med sårbare utviklingsmiljø at fylkeskommunen kan gjere ein forskjell, gjennom ulike former for støtte, rettleiing og rådgjeving. Ei utfordring er at også fylkeskommunen har kapasitetsutfordringar. ”Vi jobber på spreng, alltid, hold jeg på å si”, fortel vår informant. Men ambisjonen er likevel å vere aktivt ute og støtte kommunane med kompetanse og verkemiddel. Initiativ og mobilisering til tiltak og prosjekt går i følge informanten begge vegar, og både fylkeskommunen, regionane og kommunane er aktive. Fylkeskommunen arbeider mot kommunane så mykje dei klarar, men utfordringa er å ”stille opp nok” i alle dei 25 kommunane. Informanten håpar det er dette LUK-satsinga både skal dreie seg om og også setje på dagsorden; målet er ikkje at ein skal finne opp krutet på ny, men i staden ta i bruk dei arenaene, nettverka og verkemidla ein har, for så å spisse dei og rette dei inn der behovet er størst.

Fylkeskommunen har bestemt seg for å satse på planarbeid også i LUK-satsinga. Dette har bakgrunn i tilbakemelding frå kommunane om at dei står ovanfor store utfordringar nettopp i plansamanheng. Ny plan- og bygningslov stiller krav til både kommunal planstrategi og heilskapleg kommuneplan med areal- og samfunnsdel. Mange kommunar har ikkje kommuneplanar, korkje areal- eller samfunnsdel. Fylkeskommunen har difor bestemt seg for å satse på dette, noko som har blitt teke svært godt imot ute i kommunane. Fylkeskommunen er positive til og støttar ulike formar for interkommunalt plansamarbeid.

Arenaer og medium for informasjon om ulike verkemiddel og utviklingsprogram, varierar alt etter kva slags prosessar det er snakk om. Men ein inviterar både kommunane og regionane til dialogmøte, alt etter tema. Det er vanskeleg å komme seg ut til alle kommunane, sjølv om ein veit at kommunane ønskjer det. Av og til må ein difor berre prioritere arenaer i høve kapasitet og type prosess. Informanten fortel at dette ofte er regionråda, og at møte med kommunane er her. I tillegg nyttar ein sjølvsgt dialog og kommunikasjon per telefon, der kommunane ringer til

fylkeskommunen og vice versa. Og e-post brukar ein mykje, så det er ganske variert, fortel informanten. Troms er prega av store avstandar og bruken av telefon, e-post og regionvise møte, kjem ofte som ei praktisk følgje av dette. Informanten fortel at eit ein sjeldan kan starte eit møte før kl. 10.30 om alle skal ha høve til å nå fram (tre og ein halv times reiseveg er vanleg).

3.16.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 33: Svarkommunane si vurdering av Troms fylkeskommune si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittsscore fordelt på fylke, Region nord, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Troms | Nord | Små | Middels | Store | Landet |
|--|-------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,1 | 3,9 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 4,0 | 3,3 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,7 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 4,3 | 3,6 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,7 | 2,4 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,1 | 3,3 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 2,9 | 3,3 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 2,8 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 4,6 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 3,8 | 3,5 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 3,1 | 3,1 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,6 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som ein ser, meiner svarkommunane i Troms at fylkeskommunen er ein viktig bidragsytar og utviklingsaktør. Her er dei på line med landsgjennomsnittet av kommunar. Dei er dessutan meir samde i dette enn regionen forøvrig. Dei er derimot meir uroa for fylkeskommunen sin kapasitet på området enn andre. 4 er godt over regions- og landsgjennomsnittet på 3,3 og 3,2.

Også på eit anna område skil Tromskommunane seg frå gjennomsnittet. Dei er meir kritiske til at den utviklingskompetansen fylkeskommunen tilbyr er til deira

nytte. 4,3 tyder at dei er samde i uttala om at fylkeskommunen i liten grad bidrar med relevant kompetanse. Region nord er mildare stemt (3,6), i likskap med landet elles (3,4).

Også på områda som gjeld fylkeskommunen sin evne til samordning, utvikling av møtefora og koordinering på tvers av kommunegrensar, er svarkommunane relativt kritiske, dessutan meir kritiske enn både regionen og landet elles. Dei meiner likeins at fylkeskommunen i liten grad tek rolla som initiativtakar og pådrivar i utviklingsspørsmål. Som me har vore inne på, er det ikkje sikkert dette er negativt for alle kommunar. Informantar i fylkeskommunen har også sjølv vore inne på dette. Det er liten tvil om at fylkeskommunen, i samråd med kommunane, har eit stort potensial som pådrivar og initiativtakar - heile LUK-satsinga byggjer på det. Med scoren 4,6 (3,9 for regionen og 3,8 for landet) verkar det tydeleg vere eit potensial for slike initiativ i Troms.

3.17 Vest-Agder

3.17.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Informanten i Vest-Agder legg til grunn ei brei forståing av lokalsamfunnsutvikling, og meiner dette er vel forankra i fylkeskommunen, både gjennom prioriteringar og arbeid med å følgje prosjekta tverrfagleg opp. Døme på dette er:

Alt frå kulturhus eller bibliotek til ny gang- og sykkelveg. Frå store millionprosjekt til noko som kanskje kostar hundre tusen. Då har alle seksjonar ansvar for å følgje opp. No ser ein t.d. på neste års budsjett, og da gjeng ein gjennom alle samarbeidsprosjekt med kommunane og ser på kva som er aktuelle å få til i år. Så det følgjes opp heile tida.

Vår informant meiner likevel at ein har eit potensial med tanke på intern samordning, flyt av kompetanse og erfaring mellom avdelingane. Som så mange andre er også denne informanten forsiktig med å talfeste stillingar og årsverk knytt til samfunnsutviklingsarbeid i kommunane, men fortel at medarbeidarar på både næring og energi, plan og miljø, samferdsel, ABM og kultur i alle fall delvis er delaktige i slikt arbeid. Raskt rekna er det 19 stillingar. Overordna planverk for utviklingsarbeidet i kommunane er ein ny regionplan for Aust- og Vest-Agder (Regionplan Ag-

der) som ein freistar å følgje opp gjennom konkrete prioriteringar. Planen er, i følge informanten, for lite konkret for å verkeleg kunne ha strategisk verdi, og utdju-par dette slik:

Det står helt sikkert mykje bra i regionplanen som me kan bruke, men det er ikkje ein plan kor dei har prøvd å møte dei utfordringane som våre kommunar strir med, det føler eg ikkje...

Ein kan truleg sjå dette planarbeidet meir i retning av eit instrument for å sjå dei to Agder-fylka i samanheng, ei slags samarbeidsøving på vegen mot samanslåing av dei to fylka. Dette har dessutan, slik informanten ser det, ført til at planen manglar forankring ute i kommunane.

I Vest-Agder fylkeskommune ser ein det kommunale planarbeidet (areal og samfunnsdel) som ein naturleg del av lokalsamfunnsutviklinga, noko som m.a. heng saman med ei kopling til stadutvikling. Informanten fortel at god kommuneøkonomi den siste tida har ført til ei auke i planarbeidet ute i kommunane, og dermed også i fylkeskommunen. Dette kan ein sjå som eit interessant uttrykk for ei kommunal prioritering av plan- og strategiarbeid knytt til "gode tider". Fylkeskommunen sitt utviklingsarbeid i kommunane er basert på prosjektvise samarbeidsavtaler med dei. Ein kjem fram til slike avtalar gjennom dialog med kommunane, gjerne gjennom større planarbeid som kommuneplanar og -delplanar. Kommunane er aktive i denne prosessen, fortel informanten, både i høve å initiere og gjennomføre prosessar saman med fylkeskommunen, det regionale partnerskapet, privat sektor eller andre relevante aktørar. Slik sett verkar utviklingsarbeidet å vere godt forankra lokalt, i alle fall i kommunenivået. Også informanten meiner det er god likevekt i korleis kommunane og fylkeskommunen møtast; fylkeskommunen er open for innspel og ynskje frå kommunane.

3.17.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Vest-Agder fylke består av 15 kommunar. Av desse er 6 små (< 5000), 8 mellomstore (5001 - 20 000) og 1 stor (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 9 (60 %) av kommunane. Av desse var 4 små, 4 mellomstore og 1 stor. Me ser m.a.o. at utvalet er nokså representativt for fylkesstrukturen med omsyn til storleik. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

For å gje eit bilde av kva kommunane sjølv meiner om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse, var delar av spørjeundersøkinga retta mot slike spørsmål. I dette kapitlet syner me resultatet av kva dei ulike kommunane i Vest-Agder svarte, sett imot landsgjennomsnittet. Dette går fram av *Tabell 34*.

Tabell 34: Oversikt over kommunane i Vest-Agder si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittsscore fordelt på fylke, Region sør, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Vest-Agder | Sør | Små | Middels | Store | Landet |
|--|------------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,5 | 4,4 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,8 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,1 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,9 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,7 | 3,0 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,2 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,6 | 4,4 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 3,9 | 4,3 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 44,4 | 62,5 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 33,3 | 37,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 33,3 | 33,1 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,4 | 4,4 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 62,5 | 54,2 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Fyrste spørsmål spør i kva grad det er samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Me veit frå fylkeskommunedelen av prosjektet at samarbeid og kommunikasjon over etats- og avdelingsgrenser blir sett på som viktig for å oppnå god og effektiv samhandling i utviklingsspørsmål. Me tek utgangspunkt i denne antakinga også for kommunane og

reknar høg score som positiv. Svarkommunane i Vest-Agder ligg på landsgjennomsnittet og vurderer dette til 4,5. Positivt, men litt å gå på, altså.

Dei neste spørsmåla dreier seg kring korleis kommunane karakteriserer eigen kompetanse i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn innanfor planlegging, mobilisering, etablering av nettverk/samarbeid og gjennomføring (frå plan til handling). Også her er svarkommunane i Vest-Agder positive, til dels godt over landsgjennomsnittet. Særleg gjeld dette for kompetanse på etablering av nettverk, der kommunane ligg høgast i landet med 4,9.

Surveyundersøkinga spør også etter korleis kommunane karakteriserer eigen kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn. Vest-Agder ligg tett på høgaste scoren i landet med 3,7. Det tyder likevel, som ein skjønar, at her er det eit stort utviklingspotensial både i dette fylket og landet forøvrig.

Vidare vart det spurd om kommunane har klare strategiar og mål knytt til lokalt utviklingsarbeid, og vidare i kva grad slike er forankra i kommuneplanen (samfunns- og arealdel). Her er svarkommunane svakt positive til eigen praksis, og tett på landsgjennomsnittet.

I spørjeundersøkinga spurde me dessutan om kommunane var deltakarar i regionale, nasjonale eller internasjonale utviklingsprogram. Ein kan tenkje seg at deltaking i nettopp slike program seier noko om den faktiske kompetanse og kapasitet til å drive lokal samfunnsutvikling. For regionale utviklingsprogram og/eller -prosjekt er ja-svarprosenten drygt 44, som er lågast i landet. Dette er i liten grad i tråd med det inntrykket informanten frå Vest-Agder formidlar i intervjudelen. Kva som er grunnlaget for denne skilnaden er uvisst. Det er derimot ikkje usannsyneleg at det kan vere ulike syn på kva regionale utviklingsprosjekt er og ikkje. Uansett må ein tru at det ville vere utviklingsretta å kome til semje om kva slik regional utvikling er eller bør vere. For nasjonale og internasjonale program, er denne prosentdelen meir lik landsgjennomsnittet.

Eit anna av måla med surveyundersøkinga var å kartleggje i kva grad kommunane opererer med eit breitt verdiskapingsperspektiv. Eit mål på eit slikt perspektiv er i kva grad ein involverer ulike samfunnsaktørar i utviklingsarbeidet. Mellom anna spurde me om i kva grad kommunen legg vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn. Dette vurderer svarkommunane til 4,4 på skalaen, noko som er positivt og

over landsgjennomsnittet. Likeins vil etableringa av ulike arenaer for mobilisering av ”engasjerte innbyggjarar” kunne signalisere i kva grad ein kommune verkeleg ynskjer ei brei oppslutning om utviklingsarbeidet sitt. Me spurde difor om kommunane hadde etablert nettverk eller møteplassar med fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert. 62,5 % svara ja på dette, også det over landssnittet på 56 %.

3.17.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Kommunale, utviklingsrelaterte utfordringar i Vest-Agder er prega av at kommunane er ulike. Dei indre kommunane og vestdelen av fylket, ofte fråflyttingskommunar, har mangel på kompetanse og lite overskot både økonomisk og kapasitetsmessig til å setje i gong utviklingstiltak. Dei er avhengige av fylkeskommunen på mange område, både med omsyn til planarbeid og igangsetjing av andre og meir langsiktige tiltak knytt til frå- og tilbakeflytting. Særleg er dei prega av omstilling som følgje av at landbruket fell bort. Dette gjer at ein ser ulike former for næringsutvikling som ein sentral del av den generelle samfunnsutviklinga. I desse kommunane og regionane slit ein dessutan med aldrande befolkning og lite innflytting. I andre enden av skalaen finn ein Kristiansand-regionen, der ein har heilt andre utfordringar knytt til samfunnsutvikling, med press på kommunale tenester og tilrettelegging for utvikling.

I denne situasjonen støttar fylkeskommunen dei ulike kommunane med kompetanse som manglar i kommunane, alt etter kva behov dei har. Både kommunane og fylkeskommunen kan ta initiativet til slik kompetanseutveksling, ofte i samband med planarbeid. Fylkeskommunen har blitt mykje flinkare til å reise ut i kommunane enn før, og er ikkje lenger like ”tunge i baken”, sjølv om ein verkar ha endå meir å hente. Informanten seier:

... me må bli flinkare på det... for å forhøyre oss litt, kva er det dei seier, kva synst dei at dei har behov for ikkje sant? At ikkje me tenkjer at ”ah... dei har behov for det og det”, men høyre det frå kommunen sjølv. Men me kunne dratt meir ut enn det me gjer, heilt opplagt.

Ulike formar for rådgjeving skjer som del av planhandsaming eller som del av det generelle næringsarbeidet. Informanten fortel at det ikkje er sett av noko på budsjettet til rådgjeving, men at det er ein del av det daglege arbeidet. Me tolkar dette som uttrykk for at ein ikkje har eit medvete strategisk syn på slik rådgjeving eller kompetanseoverføring. Informanten fortel om fleire arenaer der slik kompetanseoverføring og -utveksling sikkert skjer, men utan ein type medvete sjølvforståing av rolla som regional utviklingsaktør. Denne tolkinga understøttast når informanten vidare fortel om opplevinga av å ha lite konkrete verktøy med seg i denne utviklarrolla:

[Me] har tenkt på at [fylkeskommunen] burde utvikle ein strategi på korleis ein brukar ressursane på dei indre kommunane, men er ikkje komen så langt. Har tenkt å starte eit utredningsarbeid eller undersøking i kommunane heilt konkret på kva dei ynskjer og så utarbeide ein strategi ut frå det.

Det beste ville vere å ha med fleire frå ulike seksjonar i fylkeskommunen for å få eit breiast muleg perspektiv på informasjonen. Ein kan tenkje seg at LUK-satsinga kunne vere ein veileigna arena for ein slik type arbeid, som omfattar både intern og ekstern samordning og strategisk verkemiddelutforming. Informanten opplever at den interne samordninga i fylkeskommunen har eit forbetningspotensial, m.a. i strategisk arbeid som Regional utviklingsplan (RUP), eller i næringsprosjekt retta mot privat sektor, der plan- og næringsavdelinga treng ”samkøyring”. Me ser at mykje av fokuset i samfunnsutviklingsarbeidet ligg på nettopp plan og næring. Ein kan difor spørje seg i kva grad dei andre avdelingane som kultur, folkehelse eller samferdsel er ”samkøyrd” i ein ideelt sett samordna fylkeskommune. Også fylkeskommunen si rolle som ekstern samordningsaktør har i følgje informanten eit utviklingspotensial. Ho fortel at fylkeskommunen sjeldan samordnar kommunar med felles behov eller utfordringar direkte. Dei arrangerer derimot ”ofte” seminar med tema ein veit er aktuelt for fleire. Døme på slike seminar er utviklingsavtaler knytt til hyttefelt og den årlege konferansen *Framtidsbygda*. Dette peikar mot ein situasjon der mykje godt utviklingsarbeid skjer i regi av fylkeskommunen, men utan eit strategisk overblikk.

Vest-Agder fylkeskommune er sentral i ei rad utviklingsprogram, både regionale, nasjonale og internasjonale. Det er overvekt av regionale prosjekt fortel vår informant, og nemner vellykka samarbeid både på tvers av sektorar og innan det regionale partnerskapet. Eit interessant prosjekt i regi av fylkeskommunen, ein kommu-

ne og privat næringsliv, er Agder Wood. Her tek ein tak i skogbruksressursane og -kulturen i fylket i møte med ny teknologi og industrielle utfordringar. Av nasjonale program har ein erfaring frå Bolyst. På grunn av stor planaktivitet har ein i den siste tida prioritert ned internasjonale prosjekt, men etter som dette no verkar å ”dabbe av”, ser ein igjen på mulighetene for å jobbe med Interregprosjekt, nordiske prosjekt, nordsjøprosjekt etc.

Fylkeskommunen informerer om fylkeskommunale, statlege eller internasjonale verkemiddel og utviklingsprogram både på relevante fysiske arenaer og per e-post og brev til alle kommunane i fylket. Fylket har tre regionråd med ordførarrepresentasjon. Dette er ein god arena for å informere, men fylkeskommunen er ikkje der som aktør/part med mindre det er særskilt informasjon som skal ut. Samarbeidsavtalene med kommunane har eitt til to møte per år. Her møter regionalsjefen i fylkeskommunen, fylkesordførar, fylkesrådmann og ordførarar. Problemet med slike (topptunge) arenaer, er at informasjonen ikkje nødvendigvis siver nedover i kommunane og gjev den forankringa og opplevinga av medverking som ein ynskjer. Informanten meiner fylkeskommunen må sjå dei ulike verkemidla og arenaene meir i samanheng, og at dette bør få ein konkret struktur, møteplassar, kontaktpunkt osv. Også her understrekar informanten potensialet som ligg i intern og ekstern samordning.

3.17.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 35: Svarkommunane si vurdering av Vest-Agder fylkeskommune si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittsscore fordelt på fylke, Region sør, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Vest-Agder | Sør | Små | Middels | Store | Landet |
|--|------------|-----|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 4,3 | 4,0 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 2,4 | 3,0 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 4,0 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 3,3 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 3,0 | 2,6 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,8 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklings spørsmål er eit sentralt tema | 4,1 | 3,8 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 3,2 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 3,5 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 4,0 | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 2,0 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 4,3 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som Tabell 35 syner, vurderer kommunane i Vest-Agder fylkeskommunen, med eit par unntak, nøytralt eller positivt. På spørsmål om fylkeskommunen blir oppfatta som ein viktig bidragsytar i utviklinga av attraktive lokalsamfunn, som er av generell og overordna karakter, vurderer svarkommunane dette til 4,3 i score. Landsgjennomsnittet er 4,1. Dette kan tyde på at svarkommunane er generelt positive til arbeidet fylkeskommunen gjer på dette feltet. Fylkeskommunen blir som ein ser av figuren, heller ikkje vurdert til å ha manglande kapasitet til å støtte og følgje opp. Faktisk er svarkommunane i Vest-Agder dei mest positive i landet til eigen fylkeskommune på dette punktet.

3.18 Vestfold

3.18.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

På spørsmål om fylkeskommunen sin kapasitet i høve lokal samfunnsutvikling meiner informanten at det er rimeleg å rekne medarbeidarar frå fleire seksjonar enn sin eigen regionalseksjon: I tillegg til ”næring og de som mer opplagt arbeider med utviklingsarbeid” jobbar både kultur og plan på fylkeskommunen med kompetanseheving ute i kommunane. Dette handlar difor, som mange andre informantar er inne på, om definisjonen av samfunnsutviklingsarbeid. Med dette som utgangspunkt, reknar informanten med at om lag 20 til 30 tilsette heilt eller delvis, direkte og indirekte driv denne typen arbeid. Medarbeidarane har jamt over høg formell kompetanse og god samansetning med omsyn til alder og kjønn.

Arbeidet med samfunnsutvikling i kommunane er i Vestfold er fordelt i ulike seksjonar. I tillegg til regional og kultur, som nemnt over, finn ein og utviklingskompetanse i utdanningsseksjonen. Sjølv om det rett nok er mindre (direkte) utviklingsarbeid her enn i dei andre to seksjonane. Gjennom prosjekt som t.d. *God oppvekst*, som førebyggjer bortval frå vidaregåande skule, noko som i realiteten omfattar både grunnskule og øvrige samfunnsforhold som påverkar slikt bortval, vil ein likevel kunne sjå dette som ein relevant del av eit vidt utviklingsomgrep.

Verdiskaping Vestfold, som er namnet på det regionale partnerskapet, har ansvar for Vestfold sine 551-middel. Denne aktøren som er ein brei utviklingsaktør innan samordning, mobilisering og kompetanseutvikling, er i følge informanten svært velfungerande. Noko av grunnen er ein erkjenning av at Vestfold ofte står langt bak i køen til statlege myndigheiter, og at ein med dette har eit incentiv for å stå samla. Slik samordning er naudsynt for å nå fram på ein del områder, både med omsyn til infrastruktur og samferdsel, eller anna utvikling der det offentlege og private har (hatt) felles utfordringar. Fylkeskommunen har lenge vore ein aktiv samarbeids- og partnerskapsdeltakar.

Informanten hevdar at det er relativt godt tverrfagleg arbeid og flyt av kompetanse og informasjon på tvers av avdelingar og seksjonar. Han peikar på at alle institusjonar av denne typen har det han kallar ”grenseflateutfordringar”, rett og slett fordi arbeidsoppgåvene og samarbeidsstrukturane er komplekse. Informanten

nemner som døme korleis kultur og natur og næring ikkje samhandlar optimalt, noko som heng saman med at dei saksvis blir handsama i ulike politiske utval. Informanten opplever likevel ikkje at dette er problem som ikkje let seg løyse.

Vestfold er i ferd med å implementere regional planstrategi. Aktuelt arbeid er utviklinga av ein regional plan for berekraftig arealpolitikk og ein strategisk kulturplan. Begge desse planverka har stadutvikling som eit viktig element, og er gode døme på korleis den nye planstrategien grip inn i det konkrete samfunnsutviklingsarbeidet. Både i dette arbeidet og i anna, arbeider fylkeskommunen mot kommunane på fleire frontar. Det er fylkeskommunen som driv denne prosessen, men informanten meiner involveringa frå kommunane er svært høg. Dessutan er dialogen mellom dei to partane tett. Dette er ein av fordelane med små avstandar; det finst mange arenaer der rådmenn og ordførarar møtast og der fylkeskommunen også er aktive og det blir ”jobbet en god del ute”. Slik sett er desse prosessane godt forankra lokalt. Vestfold har ein del utfordringar på levekår (låg inntekt og utdanning og høgt på talet på uføre), men samhandlingsarenaene er tette, slik at det er god dialog til å løyse slike utfordringar.

3.18.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Vestfold fylke består av 14 kommunar. Av desse er 3 små (< 5000), 6 mellomstore (5001 - 20 000) og 5 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 8 (57,1 %) av kommunane. Av desse var 3 små, 3 mellomstore og 2 store kommunar. Me ser m.a.o. at utvalet er nokså representativt for store og mellomstore kommunar, medan alle dei små kommunane har svara. Dette kan gjere at deira erfaringar og perspektiv i ein viss grad er overrepresentert, noko ein må ta omsyn til i analysen av resultatene av undersøkinga. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon.

For å gje eit bilde av kva kommunane sjølv meiner om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse, var delar av spørjeundersøkinga retta mot slike spørsmål. I dette kapitlet syner me resultatet av kva dei ulike kommunane i Vestfold svarte, sett imot landsgjennomsnittet. Dette går fram av

Tabell 36.

Tabell 36: Oversikt over Vestfoldkommunane si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittscore fordelt på fylke, Region Sør, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Vestfold | Sør | Små | Middels | Store | Landet |
|---|----------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,7 | 4,4 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,8 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,8 | 4,1 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,4 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 2,7 | 3,0 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 3,9 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 3,9 | 4,4 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,6 | 4,3 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 85,7 | 62,5 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 50,0 | 37,1 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 28,6 | 33,1 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,7 | 4,4 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinsti-tusjonar og frivillige lag er involvert? | 71,4 | 54,2 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som ein ser av tabellen over, vurderer svarkommunane i Vestfold eigen kompetanse og kapasitet i utviklingsspørsmål som relativt god. Særleg vurderer dei å ha godt tverrfagleg og -sektorielt samarbeid: her vurderer dei seg sjølv til i gjennomsnitt 4,7. Regions- og landsgjennomsnittet er "bare" 4,4 og 4,5. For kompetanse på mobilisering ligg dei marginalt under gjennomsnittet, i "nøytral" del av skalaen. Her er Region sør og landet elles over på "positiv" del. På kompetanse på nettverk og gjennomføring ligg ein derimot litt over gjennomsnittet. Men, ein må også her hugse at tala kan vere usikre og utslaga små.

På eitt punkt er utslaget signifikant. Svarkommunane vurderer eigen utviklingskapasitet som ganske låg. Gjennomsnittsscoren er på 2,7. Heile seks kommunar (jf. vedlegg 1) gjev scoren 2 eller 3, der 2 tyder dårleg og 3 litt dårleg.

Kommunane melder, om lag som gjennomsnittet, å ha klare mål og strategiar for utviklingsarbeidet. Dei vurderer likevel litt under same gjennomsnittet, å ha forankra slike mål og strategiar i samfunnsdelen av kommuneplanen. Til gjengjeld ligg dei litt over på å ha dei forankra i arealdelen av kommuneplanen. Likeins ligg dei bra an i forhold til å leggje vekt på mobiliseringsarbeid blant ”folk flest” og tverrfaglege nettverk/møteplassar med fokus på utvikling.

3.18.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Dei største utviklingsutfordringane kommunane står ovanfor i Vestfold, er i følgje vår informant å få samfunnsutviklinga inn i eit heilskapleg, langsiktig spor. Her er økonomi ei kjempeutfordring samstundes som fylkeskommunen har lite å bidra med. Ein har rett og slett lite pengar å drive utviklingsarbeid for og i den grad utviklingsprosjekt kostar pengar, så tek dei lang tid å få gjennomført, spesielt i dei mindre kommunane. Dette relaterar seg mykje til kapasitetsutfordringar, men og til utfordringar knytt til kompetanse og det å drive fram eller mobilisere prosessar.

Det er variabelt i kva grad kommunane har godt planverk, noko som heng saman med kompetanse og fagmiljø. Informanten sitt inntrykk er at slike fagmiljø i størst grad blomstrar i større kommunar og bykommunar, medan det er mykje meir personavhengig i småkommunar.

Fylkeskommunen støttar kommunane fyrst og fremst gjennom planarbeid. Regionalavdelinga er med i fleire prosjektgrupper eller kompetansehevingstiltak i samband med ny plan- og bygningslov, som skal setje kommunane i stand til å følgje opp satsinga på kommunal planstrategi. I tillegg støttar fylkeskommunen med både pengar og anna fagkunnskap, særleg gjennom deltaking i prosjektgrupper. Det har vore jobba mykje på kultursida i Vestfold, ikkje minst i samband med fylket sine mange fortidsminnefunn. Her har ein døme både på fylkeskommunalt initierte prosjekt, gjerne i samarbeid med forskings- og utviklings- og næringslivsaktørar, og på prosjekt som er kommunalt initiert, der fylkeskommunen er med. Fylkeskommunen har ein ambisjon om å kunne støtte kommunane i å jobbe i nettverk med

generelt plan- og utviklingsarbeid. Men dette er avhengig av kva type prosjekt kommunane spelar inn til fylkeskommunen. Noko av det viktigaste fylkeskommunen kan bidra med er å gi prosesstøtte på gjennomføring og mobilisering i samband med kommunalt strategi- og planarbeid. Særleg i dei mindre kommunane skjer mykje av plan- og strategiarbeidet, i følgje informanten, internt i kommunen, det er ikkje så veldig involverande prosessar. Informanten fortel at fylkeskommunen gjerne tar initiativ til prosjekt der ein ser at det er slike behov, men at det er eit dilemma at ein ikkje ynskjer å setje seg i ein situasjon der dei blir sett på som ein overkommune. Informanten seier t.d. at: ”det skal nok noe til for at vi skal gå inn å mene veldig mye om kommunale prosesser”. Initiating av prosjekt skjer mest gjennom det regionale partnerskapet *Verdiskaping Vestfold*. Fylkeskommunen har dessutan hatt ein viktig rolle i større saker knytt til samferdsel (E-18, Vestfoldbanen, Torp) og folkehelse.

Fylkeskommunen informerer om ulike verkemiddel og utviklingsprogram både gjennom å vere til stades lokalt og regionalt, t.d. på KS sine *Torsdagsmøte*, ein arena som fungerer som diskusjonsforum også for lokal utvikling. Elles skjer planrettleiing mykje over telefon. Informanten meiner det er viktig å kjenne godt til lokale nivå, og også denne informanten legg, som hovudtyngda av dei andre, vekt på at ein burde ”komme seg mer ut”.

Vestfold er aktive i forhold til å utvikle og innlemme nye aktørar i gode nettverk. Informanten nemner fleire døme på tematiske nettverk knytt til utviklingsoppgåver, både for plan- og folkehelsearbeid. Det er eit ønske å nytte IKT meir aktivt i arbeidet med samordning av utviklingsoppgåver og vidare nettverksbygging.

3.18.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 37: Svarkommunane si vurdering av Vestfold fylkeskommune si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittsscore fordelt på fylke, Region sør, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Vestfold | Sør | Små | Middels | Store | Landet |
|--|----------|-----|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 3,0 | 4,0 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 2,5 | 3,0 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 2,9 | 3,8 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 4,0 | 3,5 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 3,0 | 2,6 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglege og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 2,3 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 3,9 | 3,8 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 2,7 | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 4,0 | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 2,9 | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 5,1 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Svarkommunane i Vestfold er blant dei mest kritiske i vår undersøking av kommunane sitt syn på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør. Resultatet er (med eitt unntak) gjennomgåande under gjennomsnittet både for regionen og landet. Resultatet av undersøkinga er , som nemnt til det keisame, usikre på fylkesnivå. Ein skal difor ta scoren med ei klype salt. Til dømes kan det vere slik at berre dei misnøgde kommunane har delteke i undersøkinga. Vurderingane blant dei som har svart vitnar likevel om ein gjennomgåande trend i Vestfold. Kommunane er ikkje nøgde med den rolla fylkeskommunen spelar. Særleg gjeldt dette på fylkeskommunen si rolle i å skape samhandlingsarenaer (2,9), samordning av fagleg og økonomisk støtte (2,3) og koordinering av utviklingstiltak over kommunegrensar (2,7).

Det er dessutan verdt å ta med at kommunane i liten grad meiner dei har samanfalande syn på mål og virkemiddel med fylkeskommunen (2,9).

Kva skuldast denne svake vurderinga av fylkeskommunen? Informantar i fylkeskommunen sjølv legg vekt på manglande ressursar. Mykje av Vestfold fell utanom distriktspolitisk virkeområde for regionale utviklingsmidlar⁷. Det er dermed lite pengar fylkeskommunen har å bidra med i møte med kommunane. Ein kan tenkje seg at frustrasjon over dette har ein smitteeffekt også over på andre sider av fylkeskommunalt utviklingsarbeid. Som ein ser er svarkommunane relativt samde i at fylkeskommunen manglar kapasitet (2,5 i score, mot 3 for regionen og 3,2 for landet). Kanskje opplever kommunane fylkeskommunen som utan reell mulighet til å vere den relevante utviklingsaktøren som trengs? På den andre sida, det er ein grunn til at Vestfold hamnar utanfor dette distriktspolitiske virkeområdet. Kanskje meiner fleire av kommunane, som dessutan er store, at dei klarar seg bra utan fylkeskommunen sin hjelp?

Sjølv om mange svarar at fylkeskommunen (i dag) i mindre grad er ein viktig bidragsytar, kan ein sjå det som eit uttrykk for eit ønskje om meir og (ikkje minst) betre samarbeid, når dei som har svart i stor grad meiner det er rom for betre samarbeid og samhandling mellom dei to forvaltningsnivåa. 5,1 i score på påstanden om respondenten er samd i at det er eit stort slikt potensial, kan bere bod om det.

3.19 Østfold

3.19.1 Fylkeskommunen om utviklingskapasitet og -kompetanse

Informanten frå Østfold opererer med ein vid definisjon av lokalsamfunnsutvikling, noko som og gjenspeglar kva kapasitet fylkeskommunen har på området:

Jeg ser på det [samfunnsutvikling] både som den fysiske utforminga av byrommet, av tettstedet. Neste trappetrinn er hva offentlige og private funksjoner legger inn i det og det siste er hvordan man fyller det her med mennesker. Da blir det mye. Når man har den forståelsen av det.

⁷ Jf.: www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/regional-_og_distriktspolitikk/virkeomraderetningslinjer-og-regler/det-distriktspolitiske-virkeomradet.html?id=528119

Svært mange av dei som er tilsett på regionalavdelinga er i større og mindre grad inne i slikt arbeid, slik at det er ”umogleg” å rekne årsverk. Avdelinga har generelt høg kompetanse og mange med lang fartstid i fylkeskommunen. Forvaltningsreforma har ført til ein del nyttilsetjingar. Her finn ein: ”alt fra arkeologer, via planfaglige folk fra kommunene, til folk fra næringslivet. Det er alt mulig det”, forklarer informanten.

På regionalavdelinga involverer samfunnsutviklingsarbeidet både næring, plan, folkehelse og kultur. Nærings- og klimaseksjonen jobbar med verdiskaping i ulike former; landbruk, regionalpark, næringshagar osv. Plan og miljø følgjer opp planar, har ansvar for *Regionalt planmøte* (annakvar veke) og arrangering av *Planforum* (4 - 6 årlege konferansar med innspel til kommunane i høve planarbeid). Folkehelse driv ulike prosjekt mot kommunane, medan kulturminnevern arbeider med vern og tilrettelegging av bygningar og andre kulturminne. Til slutt har ein kulturseksjonen som forutan å drive bibliotek, også skapar attraktive lokalsamfunn ved at det skjer ting – alt frå scenekunst til skrivekurs. Det er den vide definisjonen av samfunnsutvikling, her ligg verdiskaping, levekår og uforming av areala inne. Samtidig er ikkje forståinga eller definisjonen av slikt arbeid avklart. Dessutan meiner informanten at det er ein utfordring å samordne seg internt i avdelinga, som kan vere fragmentert og prega av at ein ikkje veit nok om kvarandre og kva den ein-skilde gjer.

3.19.2 Kommunane om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse

Østfold fylke består av 18 kommunar. Av desse er 7 små (< 5000), 7 mellomstore (5001 - 20 000) og 4 store (> 20 000). I spørjeundersøkinga svara 10 (55,6 %) av kommunane. Av desse var 4 små, 4 mellomstore og 2 store kommunar. Me ser m.a.o. at utvalet er nokså representativt for kommunestorleiken. Me syner her til metodekapitlet for ein grundigare metodediskusjon. For å gje eit bilde av kva kommunane sjølv meiner om eigen utviklingskapasitet og -kompetanse, var delar av spørjeundersøkinga retta mot slike spørsmål. Dette går fram av

Tabell 38.

Tabell 38: Oversikt over kommunane i Østfold si eigenvurdering av kapasitet og kompetanse m.o.t. lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Gjennomsnittsscore fordelt på fylke, Region aust, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Østfold | Aust | Små | Middels | Store | Landet |
|--|---------|------|------|---------|-------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 5,3 | 4,9 | 4,5 | 4,3 | 4,8 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 5,0 | 4,8 | 4,1 | 4,7 | 5,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,2 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,3 | 4,1 | 4,2 | 4,6 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,4 | 4,2 | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,4 | 3,5 | 3,2 | 3,4 | 3,8 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,5 | 4,4 | 4,0 | 4,3 | 4,8 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,6 | 4,7 | 4,3 | 4,7 | 5,4 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 5,0 | 4,9 | 4,3 | 4,5 | 5,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 100 | 82 | 75,4 | 72,4 | 73,9 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 50,0 | 40,0 | 32,5 | 36,5 | 52,4 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 40,0 | 39,0 | 21,4 | 32,9 | 57,1 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,4 | 4,3 | 3,8 | 3,7 | 4,2 | 4,2 |
| Er det etablert nettverk/møteplassar som har fokus på etableringa av attraktive lokalsamfunn, og kor representantar frå offentlege institusjonar, bedrifter, kompetanseinstitusjonar og frivillige lag er involvert? | 60,0 | 59,5 | 51,8 | 62,5 | 56,5 | 56,0 |

■ Negativ vurdering
 ■ Nøytral vurdering
 ■ Positiv vurdering

Østfoldkommunane har, skal ein tru dei som svara på undersøkinga, god "sjølvtillit" med omsyn til eige arbeid med lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Trenden er at dei gjennomgåande scorar eigen innsats betre enn gjennomsnittet både for regionen (Aust) og landet elles. Dei vurderer i stor grad å arbeide tverrfagleg over etats- og avdelingsgrenser (5,3). Dei vurderer likeins å ha god kompetanse, både innan planlegging (5), mobilisering (4,2), nettverk (4,5) og gjennomføring (4,4). På alle desse områda ligg dei til dels godt over gjennomsnittet for Region aust og landet.

På punktet kapasitet, ligg dei på gjennomsnittet. Det same er tilfelle for vurderinga av å ha klare strategiar og målsetjingar, samt at desse er vel forankra i kommuneplanen. Her ligg dei med unntak av forankring i samfunnsdelen av kommuneplanen over regionsgjennomsnittet, som i sin tur er over landsgjennomsnittet. På dette feltet ligg altså Region aust, med Akershus, Buskerud og altså Østfold i tet, godt an. Alle svarkommunane frå fylket svarar vidare at dei deltek i eit eller fleire regionale utviklingsprogram. Halvparten og nær halvparten melder dessutan å vere med på program av høvesvis nasjonal og internasjonal karakter. Det er eit svært godt resultat.

Østfoldkommunane er dessutan godt på veg med tanke på brei forankring av utviklingsarbeidet. Dei ligg, som ein ser av figuren over, over både regions- og landsgjennomsnittet på områda mobilisering av ”folk flest” i arbeidet med attraktive lokalsamfunn og etablering av tverrfaglege nettverk og /eller møteplassar der utviklingsarbeid står sentralt på agendaen.

3.19.3 Fylkeskommunen om rolla som regional utviklingsaktør

Det er ikkje nødvendigvis dei kommunane som slit med nedgang i innbyggartalet, som har størst behov for fylkeskommunens ressursar, dette er knytt til eit samla sett utfordringar. I motsetnad til dei to største bykommunane i fylket, som alt har oppfølging gjennom utviklingsprogram som *Framtidens byer*, treng mindre kommunar både styrka kompetanse og kapasitet på tettstadutvikling. Ein utfordring er, slik informanten ser det, at det kan vere dårleg intern kommunikasjon i kommunane. Det kan vere vanskeleg å forankre konkrete program og prosjekt i heile kommuneorganisasjonen. Det er truleg, slik vi ser det, at det på bakgrunn av dette kan følgje vanskar med medverking og mobilisering.

Ein anna utfordring er å følgje opp strategiar og planar med krav om fortetting og disponering av areala kommunane i mellom. I samband med fylkesplanarbeidet har det, i følgje informanten, vore mykje motstand, men dette er i ferd med å snu og kommunane verkar meir positive. Det er vanskeleg å si om slik motstand skuldast manglande medverking og lokal forankring, men det er rimeleg å tru at så kan vere tilfelle.

Fylkeskommunen støtter kommunane gjennom regionvise utviklingsavtaler. Dette er partnerskapsavtaler der både regionane og fylkeskommunen er partar. Regionane sine behov styrer utforminga av utviklingsavtalene, som i stor grad samordnar utviklingsarbeidet på tvers av fagfelt som plan, næring og kultur. Dei er 50/50 avtaler der fylkeskommunens del finansierast frå fondsmidlar. I saman utviklar ein ein arbeidsplan/strategi, som i neste omgang ligg til grunn for løyvingar og kompetansehjelp. Ein utfordring er at utviklingsavtalane skal omfatte kommunar og regionar med til dels store innbyrdes ulikskapar. For fylkeskommunen er utviklingsavtalene eit virkemiddel for å følgje opp fylkesplanen.

Vår informant har ikkje kjennskap til alle utviklingsprosjekt som er sett i gang eller mobilisert i kommunane. Ein slik kunnskap er ei prioritert oppgåve framover, nettopp fordi samordninga både internt i fylkeskommunen og i arbeidet mot kommunane har eit forbettringspotensial. Informanten legg vekt på at dette er komplekst materiale, men har ein ambisjon om: ”at man kan vite noe om det og sluse det vidare til den som jobber med det og som kan noe ordentlig om det”.

I tillegg til regionale utviklingsprogram har Østfold også noko erfaring med nasjonale program og prosjekt, t.d. Bolyst. Då fylket berre har tre ”distriktskommunar”, har mange av KRD sine andre program ikkje vore aktuelle her. Då er ein meir aktiv i høve internasjonale program. Østfold er sekretariat for Interreg-prosjekt i Noreg, og fleire Interreg-prosjekt er i gang. Informanten trekkjer særleg fram *Transinform*, *Rekreative ruter*, *Tilgjengelig friluftsliv* og *Healthy cities*.

Dette tyder ikkje at alle kommunar er med i nasjonale og internasjonale prosjekt. Dette heng saman med kapasitet, men og ulike haldningar til det å delta i slike program. Informanten fortel at fleire mindre kommunar vurderer verdien av slikt arbeid strengt opp mot kva dei fører med seg av meirarbeid i høve søknadsskriving, budsjettering og rapportering. Det har blitt signalisert eit ynskje om at LUK er ein interessant arena i forhold til koordinering og samordning ulike regionale, nasjonale og internasjonale tiltaksprogram og prosjekt som er delvis overlappande. Dette er noko Østfold ynskjer å gå vidare med.

Fylkeskommunen kommuniserer med kommunane på ei rad arenaer. Desse arenaene er kanskje ikkje godt nok koordinert. Informanten fortel:

På planforum finnes posten Nytt fra regionalt nivå, men det skjer så mye at det er ikke sikkert vi husker å ta med noe fra folkehelsa, eller opplevelsessnæ-

ringene. Og på opplevelseskonferansen tror jeg ikke de snakker noe om hva som skjer på plansida. ... det at det er uoversiktlig gjør at man ikke får samlet informasjon ut ...

Informanten peikar her på ei velkjend utfordring. Vi har ved fleire høve understreka det viktige i at fylkeskommunane står fram som internt samorda i møte med kommunane. Slik intern samordning er, slik vi ser det, på mange måtar ein føresetnad for at fylkeskommunen skal lukkast som ein sentral regional utviklingsaktør.

3.19.4 Kommuneperspektivet på fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Tabell 39: Svarkommunane si vurdering av Østfold fylkeskommune si rolle i utviklingsarbeid. Gjennomsnittsscore fordelt på fylke, Region aust, små, mellomstore og store kommunar og heile landet. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Østfold | Aust | Små | Middels | Store | Landet |
|--|---------|------|-----|---------|-------|--------|
| Fylkeskommunen er viktig bidragsytar i arbeidet med utvikling av attraktive lokalsamfunn | 3,9 | 4,0 | 4,3 | 3,9 | 3,4 | 4,1 |
| Fylkeskommunen manglar kapasitet til å kunne støtte og følgje opp kommunane på ein god måte | 2,8 | 3,1 | 3,2 | 3,4 | 2,9 | 3,2 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape gode samhandlingsarenaer mellom ulike utviklingsaktørar | 3,7 | 3,5 | 3,8 | 3,6 | 3,3 | 3,7 |
| Fylkeskommunen bidrar i liten grad med kompetanse som er av nytte for kommunens utviklingsarbeid | 2,9 | 3,2 | 3,3 | 3,3 | 3,9 | 3,4 |
| Fylkeskommunen har dårleg oversikt over aktuelle utviklingsprogram nasjonalt og internasjonalt | 2,0 | 2,8 | 2,6 | 2,5 | 2,9 | 2,6 |
| Fylkeskommunen samordnar og koordinerer den faglige og økonomiske støtta til kommunen på ein god måte | 3,8 | 3,5 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 3,4 |
| Kommunen deltar i faste møtefora med fylkeskommunen der lokale utviklingsspørsmål er eit sentralt tema | 4,4 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 4,0 | 3,3 |
| Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle i forhold til å koordinere utviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene | 3,9 | 3,6 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,5 |
| Fylkeskommunen tek i liten grad rolla som initiativtakar og pådrivar i forhold til å initiere utviklingsarbeid i kommunane | 2,9 | 3,7 | 3,8 | 3,7 | 4,1 | 3,8 |
| Kommunen og fylkeskommunen har i stor grad samanfallande syn på mål og tiltak for å fremme attraktive lokalsamfunn | 4,0 | 4,0 | 3,8 | 3,8 | 3,4 | 3,7 |
| Fylkeskommunen jobbar godt internasjonalt og er tilknytt fleire prosjekt med EU-finansiering som kommunen drar stor nytte av | 3,4 | 2,9 | 2,8 | 2,8 | 3,7 | 2,9 |
| Samhandlinga og samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen i forhold til utvikling av attraktive lokalsamfunn har eit stort utviklingspotensial | 3,8 | 4,2 | 4,5 | 4,3 | 5,0 | 4,5 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Ein ser i det samla datamaterialet ein tendens til at dei fylka der kommunane vurderer eigen kompetanse og kapasitet høgt, der vurderer dei same kommunane fylkeskommunen meir kritisk. Det er dessutan slik at folketalsmessig store kommunar vurderer seg sjølv betre og fylkeskommunen meir kritisk enn dei små. Dette stem-

mer ikkje for Østfold, der svarkommunane verkar relativt positive til fylkeskommunen sitt arbeid og rolle som regional utviklingsaktør.

Innleiingsvis vurderer kommunane at fylkeskommunen er ein viktig bidragsytar i utviklinga av attraktive lokalsamfunn. Her scorar Østfold 3,9 som er marginalt under regions- og landsgjennomsnittet på 4 og 4,1. Dette er einaste området der ein kan spore ein meir enn gjennomsnittet kritisk vurdering. Det er likevel verdt å hugse at kommunane ved å score 3,9 seier seg (i gjennomsnitt) litt samde i at fylkeskommunen er ein *viktig* bidragsytar. At han kan bli enda viktigare, er vel ikkje vanskeleg å sjå for seg, korkje i Østfold eller anna stader.

Svarkommunane er usamde i påstanden at fylkeskommunen i liten grad bidreg med relevant kompetanse i utviklingsspørsmål. Dei meiner vidare at fylkeskommunen på ein god måte bidrar med fagleg og økonomisk samordning og koordinering.

Kommunane rapporterer også å ha god kontakt med fylkeskommunen gjennom faste møtefora for utviklingsspørsmål. Her ligg Østfold på topp i landet saman med Nord-Trøndelag. Også svarkommunane i Nord-Trøndelag er gjennomgåande nøgde med fylkeskommunen sitt arbeid, kanskje kan dette ha ein samanheng? Kan slike faste møtefora vere det som trengs for å kalibrere og samordne gjensidige behov og forventingar?

Også for fylkeskommunen sitt arbeid som initiativtakar og pådrivar i utviklingsspørsmål og internasjonale arbeid, scorar Østfold bra. Kommunane er usamde i påstanden at fylkeskommunen i liten grad er ein slik pådrivar (2,9), samstundes som dei er nokså samde i at han jobbar godt internasjonalt og involverar kommunen i relevante internasjonale utviklingsprogram (3,4). Regionsgjennomsnittet for dei to spørsmåla, er 3,7 og 2,9 medan landsgjennomsnittet er 3,8 og 2,9.

Om det er slik at kommunane i Østfold er nøgde med situasjonen slik den er, eller om det er andre forhold som gjer seg gjeldande, er litt vanskeleg å slå sikkert fast. I alle fall vurderer svarkommunane her i mindre grad enn andre stader å sjå eit potensial for betre samarbeid og samhandling mellom kommune og fylkeskommune. Scoren 3,8 mot 4,2 for regionen og 4,5 for resten av landet syner det. Dei er altså mindre samde enn andre i at eit slikt potensial er til stades. Det tyder, som ein ser, ikkje at eit slikt potensial ikkje finst i det heile. Sjølv i Østfold kan forholdet mellom kommunar og fylkeskommunen, innanfor arbeidet med lokal samfunnsutvikling, bli endå betre og meir produktivt.

Ein kan avslutningsvis spekulere i kvifor svarkommunane frå Østfold i så mykje større grad enn t.d. Vestfold vurderer fylkeskommunen sin innsats i utviklings-spørsmål som relevant og verdifull. Østfold har, som Vestfold, nesten utelukkande kommunar utanfor distriktpolitisk virkeområde. Teorien om at frustrasjon over mangel på distriktpolitiske utviklingsmidlar skulle smitte over og prege også synet på anna utviklingsrelatert eller -orientert verksemd i fylkeskommunen, får ikkje støtte i desse dataa. Det er med andre ord fullt mogleg for ein fylkeskommune å stå fram som relevant og viktig utan å ha ei velfylt 551⁸-kasse.

⁸ For meir info, sjå: www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/regional-_og_distriktpolitikk/tilskuddsbrev/tilskotsbrev-2010/kapittel-551-post-60.html?id=589424

4. Overordna drøfting og konklusjonar

Innleiingsvis etablerte me to sentrale perspektiv på lokal og regional samfunnsutvikling, nemleg det kommunale og det fylkeskommunale. Dei to perspektiva er nær knytt til dei forskingsspørsmåla som ligg til grunn for statuskartlegginga: Korleis stør, rådgjev og samordnar fylkeskommunen kommunane i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn? og: Korleis arbeider kommunane med planlegging, mobilisering, samordning og gjennomføring av dette arbeidet?

I dette kapitlet freistar me å summere opp nokre av dei funna og analysane som me har gjort fylkesvis, både i eit fylkeskommuneperspektiv og eit kommuneperspektiv. I delkapitlet der me presenterer generelle funn og nasjonale ”trendar” i det kvalitative intervjumaterialet, fylkeskommuneperspektivet, ser me dette under eitt. Her opererer me m.a.o. ikkje med regionsvis inndeling. Det gjer me derimot i kapitlet der me presenterer den kvalitative delen av kartlegginga. Grunnen til dette er dels at dei regionale LUK-samlingane deler landet inn i fire regionar: Sør, Aust, Vest og Nord, og dels at datamaterialet på ein annan måte enn det kvalitative opnar for ein slik presentasjon.

Det kan vere verd å minne om at det kvantitative datamaterialet er usikkert på fylkesnivå. På regions- og landsnivå, derimot, er det meir egna til å feste lit til. Det burde i alle fall kunne vere egna som utgangspunkt for arbeidet dei neste åra med regionalt og lokalt utviklingsarbeid, som peikepinn om kva område ein bør konsentrere satsinga på.

4.1 Det fylkeskommunale perspektivet på lokal og regional samfunnsutvikling

Det fylkeskommunale perspektivet er studert gjennom to forskingsspørsmål. I følge fylkeskommunane sjølve:

- Korleis støttar dei, gjev dei råd til og samordnar dei kommunane i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn?
- Korleis arbeider kommunane med planlegging, mobilisering, samarbeid om og gjennomføring av utviklingstiltak for å utvikle attraktive lokalsamfunn?

Fleire av fylkeskommunane peikar på at mest alt arbeidet fylkeskommunen driv med handlar om å utvikle attraktive lokalsamfunn. Dei har difor vanskar med å spesifisere både kor mykje ressursar dei brukar på, og kor mange avdelingar eller team som er involvert i, arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Utfordringa kan ofte vere knytt til å samordne aktivitetane som er retta mot kommunane, og slik også unngå å konkurrere om kommunane sine avgrensa ressursar. Fylkeskommunane har mange ulike aktivitetar og prosjekt dei meiner skal kunne bidra til at kommunane blir betre til å drive lokalt utviklingsarbeid, frå støtte til gjennomføring og finansiering av enkeltprosjekt til bidrag i tyngre planprosessar.

Gjennom den regionale partnerskapen blir det skapt arenaer for samordning av økonomisk og fagleg støtte til kommunane, og fylkeskommunane legg i aukande grad vekt på å skape ulike interkommunale eller tverrsektorielle fora. Dei fylka som har drive slike prosessar over tid, synest også å ha kommunar som er mest nøgde med fylkeskommunen sitt arbeid.

Fylkeskommunane er generelt fornøgd med eigen kompetanse, som også for oss verkar å vere svært god. Kapasitetsmessig er dei fylkesvise skilnadane noko større, fleire melder at dei i mindre grad enn dei ynskjer t.d. har kapasitet til å reise ut i kommunane for å hjelpe til i utviklingsarbeidet der. Mange er dessutan svært opp-tekne av og medvetne ulike formar for samordning og samhandling: På tvers av forvaltningsnivå (mellom fylkeskommune og kommune, innan den regionale partnerskapen osv.) og internt, på tvers av avdelings-, fag-, og sektorgrenser. I det heile er tverrfagleg kunnskap og transparens viktig for mange av informantane. Fylkeskommunar der dette ikkje har hatt like høgt fokus, ser i stadig aukande grad behovet for dette. Med tanke på LUK-satsinga sitt hovudfokus, må slik regional og lokal, intern og ekstern samordning vere av aller høgste prioritet. Utan dette kjem ikkje korkje utviklingskapasiteten eller utviklingskompetansen opp på eit tilfredsstillande nivå.

Fylkeskommunane si vurdering av korleis kommunane arbeider heng nært saman med den innsatsen dei rettar mot kommunane. Fleire fylke har gjennomført egne

kartleggingar og undersøkingar av kommunane sine behov, og prøver å innrette tilbodet sitt til kommunane etter denne etterspurnaden.

Biletet er bortimot eintydig. Så godt som alle informantane frå fylkeskommunane meiner at mangel på kapasitet og kompetanse ute i kommunane er eit stort, problem, truleg det største. Dei peikar særleg på at mange kommunar slit med å få gjennomført pålagde planoppgåver, og at dette problemet vil forsterkast når dei nye krava om kommunale og regionale planstrategiar skal settast ut i livet. Utfordringane knytt til å utarbeide, delvis lovpålagde, planar heng ofte saman med problem med å skaffe kompetente fagfolk. Små kommunar manglar både kunnskap og kompetanse for å løyse komplekse og samansette planutfordringar. Fylkeskommunen har på si side ikkje evna å støtte kommunane i plan- og utviklingsarbeid, på tross av at dei nok har hatt ein intensjon om dette: Fylkeskommunen oppfattar mange små kommunar, særleg i utkantane, som mindre attraktive arbeidsplassar, fordi dei har små og sårbare fagmiljø. Også aktuelle fagpersonar vurderer små fagmiljø som mindre attraktive. Samarbeid på tvers av kommunar kan bidra til løysing på dette feltet. Fylkeskommunane prøver å bidra gjennom planfora, styrings- og referansegrupper, samt prosjekt som støttar opp under lokale og regionale strategiar.

Fleire kommunar har anstrengt økonomi, og slit difor med kapasitet til å fokusere på utviklingsoppgåver. Auka omfang av lovpålagde oppgåver snevrar også inn det økonomiske handlingsrommet, og går gjerne ut over dei meir frivillige oppgåvene som utviklingsarbeid gjerne blir oppfatta som.

Den typiske distriktskommunen som i prinsippet skal tilby akkurat det same som større kommunar, har vanskar med å prioritere utviklingsarbeid. Dette gjeld både politisk og økonomisk prioritering, men også prioritering av å halde oppe administrativ kapasitet og kompetanse til å ta vare på samfunnsutviklarrolla.

Fylkeskommunen sitt inntrykk, som byggjer på innspel frå kommunane, er at det er vanskeleg å få til langsiktig planlegging og få politikarane med på å tenke lenger enn enkeltsaker. Fleire fylkeskommunar peikar på utfordringar med vekstsmarter presskommunane, der er ein ikkje greier å følgje opp med kommunale investeringar for å halde oppe tenestetilbodet. Andre igjen peikar på fråflytting og aldrande befolkning som viktige utfordringar som tar mykje fokus.

4.2 Det kommunale perspektivet på lokal og regional samfunnsutvikling

Det kommunale perspektivet er kasta lys på gjennom to forskings spørsmål. I følge kommunane sjølve:

- Korleis arbeider dei med planlegging, mobilisering og samarbeid om og gjennomføring av utviklingstiltak for å utvikle attraktive lokalsamfunn?
- Korleis vurderer dei fylkeskommunen si støtte, rådgjeving og samordning i dag? Og, kva behov har dei for slik støtte, rådgjeving og samordning?

Kommunane meiner det er stort behov for meir sektorovergripande verkemiddel som ser ulike former for utvikling og verdiskaping i samanheng. Heile 48 % meiner dette i stor grad eller i svært stor grad. Gjennomsnittsvurderinga for dette spørsmålet er på landsbasis 4,6. Fordelinga regionvis er dessutan jamn.

Tabell 40: *Kommuneperspektivet på behov for sektorovergripande virkemiddel, gjennomsnittstal for regionane og landet.*

| | Sør | Vest | Aust | Nord | Landet |
|---|-----|------|------|------|--------|
| I kva grad er det behov for meir sektorovergripande virkemiddel som ser ulike former for utvikling og verdiskaping i samanheng (både miljømessig, kulturelt, sosialt og økonomisk)? | 4,6 | 4,7 | 4,6 | 4,5 | 4,6 |

Negativ vurdering
 Nøytral vurdering
 Positiv vurdering

Som tabellen på neste side (Tabell 41) syner, og som det går fram av drøftinga av fylkesvise data, vurderer kommunane eige utviklingsarbeid generelt meir positivt enn både intervjumaterialet (med våre informantar i fylkeskommunen) og det anna forskning (Jf. Norut sin rapport frå 2009) skulle tilseie.

Tabell 41: Kommunane si eigenvurdering. Gjennomsnittsscore fordelt på region og landet under eitt. For rettleiing til å lese tabellen, sjå kap. 3.1.

| | Sør | Vest | Aust | Nord | Landet |
|--|------|------|------|------|--------|
| I kva grad er det samarbeid mellom sektorar, etatar eller avdelingar i kommunen i arbeidet med lokal samfunnsutvikling? | 4,4 | 4,2 | 4,9 | 4,1 | 4,5 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på planlegging i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,8 | 4,4 | 4,8 | 4,1 | 4,4 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på mobilisering i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 4,0 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på etablering av nettverk/samarbeid i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,3 | 4,0 | 4,3 | 3,8 | 4,2 |
| Korleis vil du karakterisere kommunen sin kompetanse på gjennomføring (frå plan til handling) i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 4,1 | 4,1 | 4,2 | 4,0 | 4,1 |
| Korleis vil du karakterisere kommunens kapasitet i forhold til arbeid med utvikling av attraktive lokalsamfunn? | 3,0 | 3,1 | 3,5 | 3,2 | 3,3 |
| Har kommunen klare strategiar og mål knytt til utviklinga av attraktive lokalsamfunn? | 4,0 | 4,1 | 4,4 | 4,0 | 4,2 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens samfunnsdel? | 4,4 | 4,7 | 4,7 | 4,2 | 4,6 |
| I kva grad er desse forankra i kommuneplanens arealdel? | 4,3 | 4,3 | 4,9 | 4,2 | 4,5 |
| Deltar kommunen i regionale utviklingsprogram? | 62,5 | 74,1 | 82 | 75,5 | 74,2 |
| Deltar kommunen i nasjonale utviklingsprogram? | 37,1 | 30,1 | 40,0 | 39,1 | 35,8 |
| Deltar kommunen i internasjonale utviklingsprogram? | 33,1 | 19,1 | 39,0 | 29,0 | 28,9 |
| I kva grad legg kommunen vekt på mobiliseringsarbeid for å få innbyggjarar ("folk flest") til å engasjere seg i arbeidet for å skape attraktive lokalsamfunn? | 4,4 | 4,1 | 4,3 | 4,1 | 4,2 |
